

Rusfridom må vere målet

**Konstruksjonen av narkotikaproblemet i Stortinget
1966 - 2001**

Terje Sander

**HIS 350
Masteroppgåve**

**Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Universitetet i Bergen**

Våren 2011

Forord

Som eg vil skildre meir utførleg seinare, steig talet på overdosedødsfall i Noreg dramatisk i løpet av nittitalet. Dette var mine ungdomsår. I 2001, der denne analysen endar, var eg 18, og for oss som i den alderen interesserte oss for samfunnsspørsmål var det allmennkunnskap at Bergen låg på overdosetoppen per innbyggjar i Noreg, og at Noreg låg på overdosetoppen per innbyggjar i Vest-Europa. Om lag på denne tida fekk eg høre at ein gammal ven frå den tidlege pubertetstida, den første eg sneik meg ut for å røyke sigaretter med, var blitt «narkoman», eller *junkie*, som eg ville sagt om ein vanemessig heroinbrukar.

Fleire år seinare, då eg hadde byrja på universitetet, tok eg eit kurs på 100-nivå i historie, som (så vidt eg hugsar) heitte *Disiplinering og straff*. Her var det særleg utbygginga av det moderne fengselsvesenet eg fatta interesse for, men eg blei òg fascinert av den akademiske tilnærminga til sjølve handteringa av dei som ikkje ville inordne seg – nettopp disiplineringa som tittelen på kurset sikta til. For ein som i store delar av ungdommen hadde blitt sett på (og hadde sett på seg sjølv) som noko av ein særing, og som hadde ubehagelege minner om konformitetspresset i forstadens ungdomsmiljø, var det lett å sjå parallellane mellom slike minner og samfunnskontroll i eit større perspektiv. Eg blei var min solidaritet med *avvikarane*. I løpet av tida fram mot mastergrads-nivå las eg ein del om fengselsvesenet, og beit meg merke i dei stadig aukande fangetala, soningskøane, og den store delen *narkotikabrukars* som satt i norske fengsel, og eg hugsa den store merksemda kring overdoser på slutten av nittitalet. Her, følte eg, kunne det vere stoff til ei masteroppgåve.

Dette er likevel ikkje ei oppgåve om narkotikapolitikk *per se*. Det er ein analyse av språkbruk, retorikk og argumentasjon. I løpet av tida eg har jobba med dette prosjektet, har eg mange gonger forsøkt å skildre det for vener, familie eller framande, og ved desse høva har eg ofte møtt to ulike reaksjonar: Mange har spurt meg kva eg sjølv meiner om narkotikapolitikken, og mange har spurt meg om eg ikkje synst narkotikabruk er eit problem, eller antyda at eg ikkje tek problemet alvorleg. Eg skal ikkje legge skjul på at eg frå starten har vore kritisk innstilt til norsk narkotikapolitikk. Det eg først og fremst har lært av arbeidet, er likevel at narkotikapolitikk er eit uhyre vanskeleg og komplisert felt, som ein bør ha store kunnskapar om for å våge seg på å ha ei bastant meinинг om. Slike kunnskapar har ikkje eg, sjølv om eg kan langt meir enn då eg byrja. Mitt prosjekt her er ikkje å meine noko om politikken som har blitt ført, men om korleis han har blitt utforma gjennom språkleg interaksjon. Narkotikabruk, som alkoholbruk, er eit problem, slik eg ser det, og særleg

nokre former for narkotikabruk er eit svært alvorleg problem, som fortener grundig og sakleg drøfting – og denne drøftinga bør vere gjenstand for kritisk undersøking. Dette har eg freista å bidra til.

Men ut over det som dreier seg om narkotikapolitikk, er denne oppgåva meint å vere ei undersøking av ein politisk debatt om *avvik*. Kva skjer med ordskiftet når dei gruppene som først og fremst blir påverka av politikken er små, ressurssvake og utan reell politisk påverknadskraft – kort sagt når dei er *marginaliserte*? Dette er det eg har ønskt å sjå nærmare på, ikkje berre fordi det er ei interessant tilnærming til narkotikadebatten, men fordi eg trur det finst lærdom å hente frå denne som er relevant for vår tilnærming til andre slike grupper, om dei skulle vere etniske, religiøse, politiske, seksuelle, eller kva som helst anna som kan vere ukjent eller annleis.

Eg vil difor nytte dette forordet til å takke alle som jobbar for auka forståing og respekt for slike grupper, og for ein politikk som er basert på slik forståing og på kunnskap. Eg vil dessutan gjerne takke foreldra mine, som alltid har vore støttande i alt eg har drive med, og, sjølvsagt, rettleiaren min, Svein Atle Skålevåg, som har vore ein god og konstruktiv lesar, og som alltid har vist stor tillit til meg og til dette prosjektet.

Innhald:

1. Innleiing	side 7
1.1 Introduksjon	side 7
1.2 Definisjonar og presiseringar	side 7
1.3 Oppbygging av oppgåva	side 9
2. Historisk oversyn over narkotikamisbruk og -politikk i Noreg		side 10
3. Bakgrunnen for undersøkinga	side 16
3.1 Teoretisk bakgrunn	side 16
3.1.1 Sosialkonstruktivisme	side 16
3.1.2 Kritikk av sosialkonstruktivismen	side 18
3.1.3 Avvikssosiologi – essensialisme og konstruktivisme	side 20
3.1.4 Den essensialistiske tradisjonen	side 20
3.1.5 Den konstruktivistiske tradisjonen	side 22
3.1.6 Michel Foucault og "kontrollologien"	side 24
3.1.7 Moralsk panikk – bidrag til teoretisk utvikling	side 25
3.1.8 Konkret rammeverk – R. Jenkins, M. Douglas, J. Gusfield	side 27
3.1 Tidlegare forsking	side 31
3.2.1 Narkotika og politikk	side 31
3.2.2 Politisk argumentasjon	side 36
4. Problemstilling, påstandar, spørsmål og avgrensing	side 40
4.1 Problemstilling og påstandar	side 40
4.2 Konkrete spørsmål for analyse	side 41
4.3 Avgrensing av kjeldemateriale, tidsperiode og geografisk område..	side 43

5. Metode	side 45
5.1 Konkret framgangsmåte	side 45
5.1.1 Karakterisering	side 45
5.1.2 Faktapåstandar	side 47
5.1.3 Forslag og grunngiving	side 47
5.1.4 Argumentasjon	side 48
5.1.5 Avvikande synsmåtar	side 48
5.2 Kvalitativ og kvantitativ tilnærming	side 49
5.3 Analyseprosessen	side 51
 6. Analyse	side 52
6.1 Første periode (1966-1976): Narkotika inntek Stortinget	side 52
5.1.1 Om perioden	side 52
5.1.2 Karakterisering og stereotyping	side 53
5.1.3 Faktapåstandar	side 58
5.1.4 Forslag og grunngiving	side 59
5.1.5 Argumentasjon	side 63
5.1.6 Avvikande synsmåtar	side 66
 6.2 Andre periode (1976-1984): Kontinuitet og endring	side 69
5.2.1 Om perioden	side 69
5.2.2 Karakterisering og stereotyping	side 70
5.2.3 Faktapåstandar	side 73
5.2.4 Forslag og grunngiving	side 74
5.2.5 Argumentasjon	side 78
5.2.6 Avvikande synsmåtar	side 81
 6.3 Tredje periode (1984-1992): Mellomspel	side 85
5.3.1 Om perioden	side 85
5.3.2 Karakterisering og stereotyping	side 86
5.3.3 Faktapåstandar	side 88
5.3.4 Forslag og grunngiving	side 89
5.3.5 Argumentasjon	side 92
5.3.6 Avvikande synsmåtar	side 93

6.4 Fjerde periode (1992-2001): Overdoser	side 95
5.4.1 Om perioden	side 95
5.4.2 Karakterisering og stereotyping	side 96
5.4.3 Fakta påstandar	side 100
5.4.4 Forslag og grunngiving	side 103
5.4.5 Argumentasjon	side 105
5.4.6 Avvikande synsmåtar	side 107
6.5 Samanfattande dröfting	side 110
7. Avsluttande merknader	side 114
8. Konklusjon	side 115
9. Kjelder og litteratur	side 117
8.1 Kjelder		
8.2 Litteratur		
10. Vedlegg: Tabellar		
9.1 Om tabellane		
9.1 Tabellar		

1.0 Innleiing

1.1 Introduksjon til oppgåva

I denne oppgåva vil eg analysere stortingsdebattane om narkotikapolitikk frå 1966 til slutten av hundreåret. Med utgangspunkt i konstruktivistisk teori vil eg stille spørsmålet:

Korleis har narkotikabruk blitt konstruert som fenomen i stortingsdebattane,
og kva følgjer har dette fått for ordskiftet om narkotikapolitikken?

Eg vil rette undersøkinga mot konstruksjoner av dei *aktorene* eller *gruppene* som er viktige i debatten, mot konstruksjoner av sjølve misbruksproblemet gjennom *faktapåstandar*, og mot korleis desse karakteristikkane og påstandane blir nytta som grunngiving av ulike forslag til politikk. Kva for grupper har blitt sett som sentrale i forståinga av problemet? Kva for kjenneteikn har desse gruppene fått? Kva er tilhøvet mellom det biletet av narkotikabruk og relevante aktørar som blir skapt i det politiske ordskiftet, og vitskaplege konstruksjonar av det same fenomenet? Og korleis blir desse bileta nytta i argumentasjonen for konkret politikk? For å svare på desse spørsmåla vil eg nytte sosiologisk og sosialantropologisk teori, og støtte meg til samanlikning med ein analyse av norsk politisk argumentasjon i saker eg ser som nærskyld narkotikaproblemet. Eg vil vise at fagkunnskap og grundig forståing av narkotikabruk har vore svakt representert i det politiske ordskiftet om narkotikapolitikken, og argumentere for at dette mellom anna har samanheng med at brukarar og seljarar av narkotiske stoff har blitt konstruerte som *avvikarar*, noko som har ført til omfattande stereotypisering og manglande nyansar i debatten.

1.2 Definisjonar

Ein del sentrale omgrep, ord og uttrykk i denne oppgåva er manetydige, eller har svært spesifikke tydingar som eg ikkje naudsynt sluttar meg til, sjølv om dei blir nytta ein del i teksten. Eg vil her kort presisere kva eg legg i dei eg sjølv opfattar som særleg tvetydige eller belasta med ulike konnotasjoner.

«Narkotika» er ikkje eit eintydig omgrep. Slik det blir brukt i daglegtale refererer det til dei rusframkallande stoffa som ikkje kan konsumerast etter eige ønske, det vil seie til dei som er oppførte på lista over heilt eller dels forbodne stoff. Dette er ein reint legalistisk definisjon, og har ingen rot i felles eigenskapar ved dei ulike stoffa som er unike for desse.¹ I faglitteratur er det

1 Sjå til dømes Bruun og Christie (2006): 60ff

vanleg å bruke nemninga «psykoaktive stoff» - stoff som verkar på sentralnervesystemet – som samlande nemning for både desse stoffa, alkohol, koffein, nikotin og andre kjemiske substansar. Ordet narkotika kjem frå gresk «narkoun» og tyder sløvande eller nummande, og blei opprinnleig brukt på opiatar. Ellers er det vanleg å skilje mellom beroligande/bedøvande stoff (som inkluderer desse og syntetiske, smertestillande middel som barbituratar og benzodiazepinar, samt alkohol), stimulantar (koffein, amfetamin og kokain er blant desse) og hallusinogenar (meskalin, psilocybin, LSD og cannabis blir gjerne plasserte i denne gruppa) og andre mindre kategoriar. Som ein kan sjå av denne inndelinga seier heller ikkje denne mykje om styrken på stoffa eller faren ved bruk av dei. Eg vil i denne oppgåva følgje den legalistiske definisjonen, mest fordi det er ordskiftet om dei stoffa som er omfatta av denne eg er interessert i her.

Orda «brukar» og «misbrukar» er sjølv sagt nokså lada, sjølv om grensene mellom bruk og misbruk av stoff for dei aller fleste vil vere flytande – unntaket er dei som ser all bruk av rusfremkallande middel som misbruk. Eg har ikkje tenkt å ta stilling til dette, og brukar desse orda om kvarandre i teksten. Dette er aldri meint å indikere nokon skilnad, og er gjort utelukkande for å skape flyt og redusere den uungåelege gjentakinga som er typisk for slike oppgåver som denne. Eg nyttar òg omgrepene «narkotikaproblemet» om heile situasjonen knytta til narkotikabruk, utan at eg har drøfta i kva grad det er eit problem, og for kven – dette er òg gjort av utelukkande språklege omsyn. Av same grunn har eg brukt eit breidt spekter av ord for drøfting – diskusjon, argumentasjon, ordskifte, debatt – og desse må reknast som synonyme, med unntak av orda ordskifte, som ofte refererer til heilskapen av drøftingar, og debatt, som er nytta både generelt og om spesifikke stortingsdebattar. Eg vonar denne skilnaden er forståeleg i teksten.

Nokre stader nyttar eg ordet normalisering. Med det meiner eg ein prosess der eit fenomen går frå å vere relativt ukjent og framand, og heldt på avstand frå det "vanlege", til å bli sett som meir (ikkje fullstendig eller overveiande) normalt eller alminneleg, meir likt det presumptivt vanlege enn tidlegare. Eg er klar over tradisjonen for å bruke dette ordet som uttrykk for ein meir *aktiv prosess* der avvikarar blir oppmoda (eventuelt forsøkt tvunget) til å innrette seg etter normar – meir i tråd med Foucault si tenking – men det er altså ikkje dette eg meiner når eg nyttar omgrepene.

Eg vil dessutan nytte plassen her til å gjere lesaren merksam på at eg i analysedelen ikkje har oppgitt partitilknytting for dei siterte representantane. Dette har eg valt for det første fordi eg er ute etter å sjå på konstruksjonen av narkotikaproblemet og konsekvensane av denne for ordskiftet, og ikkje på partipolitisk retorikk eller skiljelinjer i den praktiske narkotikapolitikken. For det andre har det ofte vore like betydelege skilnader innad i dei ulike partia som mellom dei. Ved nokre få høve er

det eit poeng kva for parti ein talar høyrer til, og dette er då nemnt i teksten, men ellers har eg sett det slik at partitilknytting er lite relevant for analysen. Fordi eg i utvalet av sitat frå debattane har lagt vekt på reint språkleg-retoriske trekk, kunne eg lett enda opp med å gi ei skeiv framstilling av partia sin linje i narkotikapolitikken, og dette har eg ønskt å unngå.

1.3 Oppbygging av oppgåva

For å setje resten av oppgåva inn i ein større samanheng har eg funnet det naturleg å gi ein kort historisk oppsummering av norsk narkotikabruk og narkotikapolitikk før eg tek for meg noko anna. Det er viktig å peike på at kunnskapen om bruk har vore mindre enn ein kunne ønske, noko som sjølvsagt er ein følgje av det er tale om ein type kriminalitet som ytterst sjeldan blir meldt til politiet eller andre offentlege organ. Det er difor mykje som er usikkert når det gjeld både omfang av og andre trekk ved narkotikabruk.

Eg går deretter over til å skildre bakgrunnen for oppgåva, i teori og tidlegare forsking på feltet, som eg har plassert før kapittelet der eg går nærmare inn på konkret problemstilling og objekt for analysen. På denne måten håper eg at eg har gjort det lettare for lesaren å forstå årsakene til at desse er utforma slik dei er, og sentrale omgrep i formuleringa av dei kan forklarast i sin naturlege, teoretiske kontekst. Det gir dessutan, etter mi mening, eit betre bilet av prosessen eg har vore gjennom i arbeidet med oppgåva.

Sjølve analysen er framstilt kronologisk og er delt inn i fire periodar. Dette gjer det vonleg enklare å følgje samanhengane mellom endringar ved ulike sider ved ordskiftet enn om eg hadde skildra utviklinga av slike trekk for seg sjølve gjennom dei 35 åra som analysen strekk seg over. Inndelinga er basert dels på stortingsmeldingane om narkotikaproblemet (som kjem innan eit år av dei ulike skilja mellom periodane), og dels på meir subjektive vurderingar om kvalitative endringar i ordskiftet. Desse gjer eg greie for i innleiingane til kvar periode. For å samle trådane frå denne oppdelte gjennomgangen avluttar eg analysen med ei samanfattande drøfting.

Som vedlegg, etter ein kort konklusjon, har eg inkludert tabellar som illustrerer den kvantitative sida av oppgåva, og dessutan ei skildring av korleis dei er meint å skulle lesast, samt nokre grunngivingar av vala for oppsettet av dei. Eg vil på det sterkeste understreke at eg ikkje gjer noko krav på objektivitet når det gjeld tala som blir presenterte i tabellane, eller i teksten, i den grad eg bruker dei direkte der. Dei er resultat av ei kvalitativ vurdering av kjeldematerialet, og meint som ei lett tilgjengeleg framstilling av denne.

2. Historisk oversyn over narkotikamisbruk og narkotikapolitikk i Noreg

Om ein verkeleg vil forstå bakgrunnen for norsk narkotikapolitikk, og for sjølve misbruksproblemet, må ein langt tilbake i historia – ei grundig utgreiing burde gå i alle fall til opiumskrigen (eller rettare, opiumskrigane). Dette har eg ikkje tenkt å gjere her.² Kort oppsummert blei bruk av rusmiddel frå andre geografiske område og kulturar stadig meir utbreidd i både Europa og Nord-Amerika mot slutten av 1800-talet. Nokre stader, særleg i USA (og til dels Canada) brakte invandring med seg relativt nye og ukjente stoff (cannabis) eller nye mønster for bruk av relativt kjente stoff (opium). Med USA som pådrivar byrja arbeidet med å få til ein internasjonal avtale som regulerte produksjon og sal av visse spesifikke rusfremkallande middel. Dette førte til Haag-konvensjonen av 1912, som Noreg underteikna året etter og ratifiserte i 1914, og som ble det heilt vesentlege grunnlaget for Opiumslova av 1913.³

Noreg hadde på denne tida knapt noko problem med misbruk av korkje opium eller legemiddel, og heller ingen interesser, økonomiske eller anna, i produksjon eller sal av slike stoff, og signerte konvensjonen etter direkte oppfordring frå Haag-konferansens deltakarland, som inkluderte dei aller fleste økonomiske og militære stormaktene. Med minimal bruk og ingen interesseorganisasjonar eller andre pressgrupper til å involvere seg i politikken, blei Opiumslova prega av å vere utforma av medisinske og juridiske ekspertar, og blei vedteke utan debatt og utan særleg interesse frå pressen.

I Haag-konvensjonen, og følgeleg i Opiumslova, var skiljet mellom bruk og sal av narkotika vesentleg. Kontroll med misbruk skulle fokusere på kontroll med sal og produksjon – med tilbodssida. Dette endra seg då aukande misbruksproblem i kjølvatnet av første verdskrig førte til ein ny konferanse og Geneve-konvensjonen av 1925, der kjøp og innehav av dei regulerte stoffa blei forbode. Innføringa av Geneve-konvensjonen førte til det første varselet om konflikt mellom omsynet til dei enkelte narkotikabrukarane og den generelle, avskreckande eller forebyggande effekten av tiltak retta mot desse. Konvensjonen blei likevel innført utan vidare debatt i Stortinget. Om omfanget av narkotikabruk ikkje vokste dramatisk på denne tida, var det i alle fall aukande merksemrd om problemet, og fleire offentlege instansar, som politiet, riksadvokaten og medisinaldirektøren, ønska strengare straffar. Grunngivingane var i stor grad allmennpreventiv effekt og reine gjengeldings-argument, og retta mot seljarar, men i Opiumslova av 1928 blei

2 Interesserte leserar kan finne gode, lettleste framstillingar av temaet i til dømes Martin Booths (1996) *Opium: A history*. London: Simon & Schuster eller i Richard Davenport-Hines' (2001) *Pursuit of oblivion. A Global History of Narcotics 1500- 2000*. London: Weidenfeld & Nicolson. For ei kort innføring på norsk, sjå Ragnar Hauge (1989) *Fra opiumskrig til legemiddelkontroll: internasjonal regulering av psykoaktive stoffer*. Oslo: Rusmiddeldirektoratet

3 Den følgjande framstillinga av perioden fram til tidleg søttital er basert på Bergesen Lind (1974): 18-52, der anna ikkje er oppgitt.

strafferamma hevd til 6 månader for innehav så vel som innføring og sal.

I løpet av tida fram til 1964 blei denne lova likevel lite brukt. Narkotikamisbruk blei sett på som eit helseproblem, og var vanlegast blant medisinsk personell og pasientar som var blitt avhengige gjennom medisinering. Offisielle tal viste at det fanst om lag 700 slike misbrukarar, men ifølgje Bergesen Lind låg nok talet ein god del over dette.⁴ Uro i FN-organ som WHO og narkotikakommisjonen leia til at slik medisinsk basert misbruk òg i Noreg etter kvart blei rekna som problematisk, og visse innskjerpingar i kontrollen med forskriving av legemiddel førte til ein liten, illegal marknad.⁵ Brukarane var likevel framleis vaksne, mange av dei relativt velståande, og straffelova blei i liten grad brukt mot denne gruppa. Heimel for tvangsinleggning av slike brukarar blei likevel innført i 1957,⁶ og to år seinare kom Legemiddellova, som samordna kontroll med ulike psykoaktive stoff, både dei som var til dels legale, og dei totalforbodne.

Trass i at svært få var blitt straffa etter Opiumslova blei strafferamma likevel hevd igjen i denne lova, til maksimum 2 års fengsel. Denne skjerpinga gikk nok ein gong gjennom Stortinget utan debatt, eit teikn på at problemet enno ikkje blei oppfatta som nokon trussel mot det norske samfunnet. Dette endra seg imidlertid raskt på midten av sekstitalet, då aukande bruk av cannabis, samt innføringa av relativt nye stoff som LSD og amfetamin, byrja å uroe norske styresmakter. Det mest problematiske var likevel at det var ungdom som i størst grad tok i bruk desse nye stoffa, og rapporter frå særleg USA om misbruksproblema blant ungdom der førte til meir offentleg merksemd omkring «ungdomsnarkomanien». Massemedia var aktive deltakarar i prosessen som i desse åra gjorde narkotikabruk til eit aktuelt samfunnspunkt - «[a]visenes behandling av narkotikaspørsmålet fikk raskt en slagseite mot det ekstreme», som Bergesen Lind uttrykkjer det.⁷ Lind meiner at manglande kunnskap om emnet blant journalistar var vesentleg for denne utviklinga, samstundes som det ikkje fanst noko solid, empirisk grunnlag for å trekke i tvil det biletet som blei presentert i media.

Synet på alle former for narkotika (slik dette omgrepene fungerer i norsk lovgiving) som ekstremt nedbrytande, vanedannande og potensielt særsmittefarleg, vann raskt terrenget i det norske ordskiftet. Undersøkingar av langtkomne misbrukarar og kriminelle stadfesta dette synet, og mange leger uttalte seg i svært sterke ordelag om desse effektane, mellom anna i forarbeida til straffeskjerpingane som kom i løpet av dei neste åra. Få via noko merksemd til dei meir nøkterne

4 Bergesen Lind (1974): 30

5 Hauge i Middelthon og Waal (red.) (1992): 152

6 Ibid.

7 Bergesen Lind (1974): 38

forskningsdataa som fanst tilgjengeleg, eller dei motargumenta mot ein svært restriktiv kontrollpolitikk som kom frå samfunnsforskarar⁸. Samstundes var aukande bruk av særleg cannabis ein realitet som var egna til å skremme – spørjeundersøkingar blant ungdom viste til dømes ei auke frå 5 til 19 % av ungdommar i Oslo som hadde prøvd cannabis frå 1968 til 1972. For andre stoff var det tale om heilt marginal auke.⁹ Undersøkingar viste likevel òg at fleirtalet av desse berre hadde brukt stoffet ein eller høgst eit par gonger, og at dei færreste av dei ville bruke det igjen, samt at svært mange unge hadde kontakt med brukarar utan sjølv å ha brukt eller ønska å bruke det.¹⁰

Det var altså på denne tida at narkotika blei eit tema for debatt i Stortinget. I 1966 blei spørsmålet første gong teke opp, og i løpet av perioden fram til 1972 var det gjenstand for åtte større debattar. I dette tidsrommet blei strafferamma auka to gonger, siste gong til maksimalt ti års fengsel. Ved straffeskjerpinga i 1967 blei rein bruk kriminalisert, og det blei innført ein ny paragraf i straffeloven, § 162, som regulerte omsetting, tilverking, innføring og gjennomføring – den såkalla «proffparagrafen». Noreg underteikna i perioden FNs «Single Convention on Narcotic Drugs», fleire informasjonskampanjar og andre forebyggande tiltak blei sette i verk, og behandlingskapasiteten for narkotikamisbruk blei styrka. Sentralrådet for narkotikaproblemer blei oppretta som koordinerande organ for politikken, og politi- og tollvesen fekk utvida løyvingar for å trappe opp innsatsen mot narkotika.

Med ein viss nedgang eller i alle fall stagnering av cannabisbruk frå -72 og nokre år framover blei intensiteten i ordskiftet noko lægre, men heroin var på denne tida alt byrja å gjere seg gjeldande i visse, små miljø. Intravenøst misbruk av narkotika hadde byrja omkring 1970 i Noreg, og gjaldt den gongen hovudsakleg amfetamin.¹¹ Intravenøst amfetaminmisbruk hadde vore eit problem i Sverige lenge,¹² men dette fekk aldri noko stort omfang her i landet – heroin tok raskt over som det dominerande stoffet for injeksjonsmisbrukarar. Stikkmerkeundersøkinga, ei spørjeundersøking blant arresterte sprøytemisbrukarar på slutten av åttitalet, viste at tilveksten av slike brukarar steig jamnt frå midten av sekstitallet til midten av søttitalet, men mange av desse oppgav at dei hadde brukt sprøyte første gang i utlandet, så ein kan gå ut frå at overgangen til heroin her i landet skjedde i dei tidlege åra av søttitalet, og kulminerte omkring 1976.¹³ Det året beslagla politiet 16 kilo heroin på Fornebu flyplass, og i kjølvatnet av dette blussa narkotikadebatten opp på nytt.

8 Hauge i Middelthon og Waal (red.) (1992): 153

9 Bergesen Lind (1974): 61

10 Bergesen Lind (1974): 66

11 Skog i Middelthon og Waal (red.) (1992): 44

12 Lindgren (1993): 153ff

13 Skog i Middelthon og Waal (red.) (1992): 44

Heroin blei aldri noko populært rusmiddel, korkje blant unge eller andre. Talet på ungdom som hadde prøvd heroin steig aldri mykje over to prosent, men saman med ein viss tendens til ny auke i cannabisbruk¹⁴ førte denne nye trusselen til åtte år med relativt intense debattar i Stortinget. Undersøkingar (mellanom anna av Nils Christie, Bergesen Lind og noko seinare Kåre Bødal og Inger-Marie Fridhov) avslørte at narkotikabrukarar etter kvart i stadig større grad blei rekrutterte frå dei lægre sosiale laga av det norske samfunnet – dei var därleg utdanna, kom ofte frå heimar der rusmisbruk hadde vore eit problem, dei var involvert i andre former for kriminalitet og representerte i det store og det heile det Bruun og Christie kalla «filleproletariatet».¹⁵ Slike innsikter førte til eit meir sosialpolitisk fokus hos enkelte av stortingsrepresentantane, og særleg debattane i tida kring Stortingsmelding 66 frå 1976 bar preg av dette nye perspektivet og av synkande tru på straff og kontroll som hovudverkemiddel inarkotikapolitikken. Stortingsmeldinga var i seg sjølv eit vitnesbyrd om denne nye haldninga til problemet, og tok opp mange spørsmål om sosiale biverknader av narkotikapolitikken, samstundes som biletet av stoffa og bruken av dei blei nyansert. Tradisjonen for kontroll med tilbodet som grunnleggande prinsipp i narkotikapolitikken heldt seg likevel sterkt, og i 1981 og 1984 blei straffa for all omgang med narkotika hevd, med først 15 og så 21 års fengsel som maksimum. Ei minimumsstraff på 3 år blei innført, og bruk av narkotika blei ved siste straffeskjerping oppjustert til brotsverk.

Nye etterforskingsmetodar, først og fremst telefonavlytting, blei innførte, og kontroll med narkotika i fengsla blei eit emne for debatt etter kvart som den aukande innsatsen mot narkotikakriminalitet førte til at fleire blei dømde til fengsel for slike lovbroter. I tillegg fekk tvangsinnsending og/eller -behandling stadig meir støtte frå politikarar, og gode erfaringar frå Sverige med jordbruks-, friluftsliv- eller liknande kollektiv for ungdom blei gitt stor merksemd i ordskiftet i andre halvdel av søttitalet.

Gjennom åttitalet var det få endringar i misbrukssituasjonen, sett bort frå at fleire av dei som tidleg hadde byrja med amfetamin- og heroinmisbruk stadig blei eldre og sjukare som følgje av narkotika-, alkohol- og tobakksbruk og ein generelt nedbrytande livsstil. Rekrutteringa av brukarar, både til cannabisbruk og bruk av andre stoff heldt seg stabil eller gjekk noko ned. Beslaga steig likevel jamnt, men den kraftige auka i politiinnsats, både når det gjaldt ressursar (til dømes trente narkotikahundar) og prioritering, gjer det vanskeleg å slå fast i kva grad den reelle innføringa auka. Tilsvarande steig prosentdelen sikta for narkotikakriminalitet frå 3,45 % av totalen i 1970 til 14,57 i

14 SIFA sin statistikk over utviklinga av narkotikabruk blant unge (basert på årlege spørjeundersøkingar), samt over politiet sine beslag, er tilgjengeleg frå 1975 på Sirus (Statens institutt for rusmiddelforskning) sine nettsidar: <http://statistikk.sirus.no/sirus/> Dei faktaa om misbruksutvikling som ikkje refererer til andre kjelder er henta herfrå.

15 Bruun og Christie (2006): 89

1990,¹⁶ og prosentdelen narkotikadømte av langtidsinnsatte i fengsel steig til over 50. Som Kåre Bødal presiserte var dette ei årsak til problemet med soningskørar.¹⁷

På denne tida kom òg rapportar frå USA om aukande kokainbruk, særleg i form av såkalla crack – ei bearbeida form for kokain for røyking – som særleg blei nytta av fattige, i kontrast til kokainet si tidligare rolle som rusmiddel for dei økonomisk bedrestilte. Både i pressa og i Stortinget blei frykten for «kokainbølgja» framhevd,¹⁸ men kokain blei i Noreg i stor grad eit narkotikum for dei velståande. Aksel Valberg peikte i si hovudfagsoppgåve frå denne tida på media si rolle som formidlar av svært unyanserte og ekstreme framstillingar av narkotikaproblemet, slik Bergesen Lind hadde gjort ti år før.¹⁹

HIV-smitte fekk endå større merksemd enn kokain på åttitalet, men denne merksemda førte ikkje til vesentlege prinsipielle endringar i narkotikapolitikken. Derimot fekk det fart i utbygginga av behandlingstilbod, som lenge hadde vore for få til å ta hand om alle som søkte plass, til tross for den aukande oppslutninga om tvangsbehandling som verkemiddel for kontroll med misbruket. Om lag fire hundre nye plassar for behandling av narkotikamisbrukarar blei oppretta under handlingsplanen for kamp mot HIV/aids i løpet av slutten av åttiåra og byrjinga av nittiåra, og denne utbygginga la grunnen for nye debattar om tvangsinnlegging.

Kritikk av den norske linja i narkotikaspørsmålet blei dessutan meir tydeleg i det offentlege ordskiftet. Stortingsmeldinga frå 1986 tok opp ein heil del spørsmål om skadeverknader av kontrollpolitikken, som hadde blitt lanserte særleg av Nils Christie og Kettil Bruun, men som òg hadde støtte i sentrale forskingsmiljø, som SIFA, under leiing av Ragnar Hauge. Dette leia til ein debatt mellom Hauge og Arne Huuse frå politiets narkotikaavdeling, om storleiken på og alvoret i narkotikamisbruk i høve til ressursane som blei sette inn i kontrollpolitikken, og som nær kosta Hauge jobben som SIFA-leiar.²⁰ Tilhøvet mellom forskarar og politikarar blei fort anstrengt etter kvart som mange av de førstnemnde blei stadig meir kritiske til politikken.²¹

Frå byrjinga av nittitalet utvikla misbruket seg i to retningar. For det første blei cannabisbruk meir vanleg blant ungdom, etter ein periode med stagnasjon og nedgang, og nye stoff kom til på marknaden, til dømes ecstasy, som fekk mykje omtale i media og i politiske debattar. Bruk av

16 Bruun og Christie (2006): 222

17 Bødal i Middelthon og Waal (red.) (1992): 168

18 Valberg i Middelthon og Waal (red.) (1992): 235, Ot.tid. (1987-88): 578 eller St.tid. (1985-86): 2210ff

19 Valberg (1992)

20 Fjær (2003): 13

21 Fjær (2003)

kokain og amfetamin syntetiserte også en auke i denne tida, selv om denne ikke var like markant som for cannabisbruk, og det samme gjaldt misbruk av smertestillende eller søvnfremkallende legemiddel.

Parallelt med denne tendensen økte konsumet av alkohol, både blant ungdom og generelt.

Samanhengen mellom legal og illegal rusbruk hadde lenge blitt framhevd av stadig flere stortingsrepresentantar, og i 1988 hadde narkotika- og edruskapsarbeid blitt samordna med opprettinga av Rusmiddeldirektoratet. På tross av dette økende medvitet om slike samanhenger ble alkoholpolitikken likevel liberalisert i perioden, med argument om at smuggling og heimebrenning ville gripe om seg viss ikke tilgangen på alkohol blei betre og prisane lægre.

For det andre blei talet på dødsfall som følgje av rusmisbruk (ikkje medrekna sjukdommar som følgje av alkohol- og tobakksbruk) mangedobla i løpet av tiåret, og dette blei reflektert i ei viss dreining av politikken mot skadereduserande tiltak som metadonbehandling, sprøyteutdeling og forslag om sprøyterom, i tillegg til sterkare fokus på oppsökande helsetenester for langtidsbrukarar. Nokre stemmer tok også til orde for legalisering eller i alle fall av- eller nedkriminalisering av eitt, nokre eller alle narkotiske stoff, både i Stortinget og utanfor. Desse tilhørde alt frå TV-kjendisar til dei tidlegare nemnde samfunnsforskarane eller andre akademikarar – til dømes gikk tidlegare leiar av straffelovrådet, Johs. Andenæs, inn for kraftig nedkriminalisering.²²

Innføring av såkalla legemiddelassistert rehabilitering (metadon- og seinare, i mindre grad, subutex-behandling), fekk likevel ikke den ønska effekten, og overdosetala heldt fram med å stige mot århundreskiftet. Noreg hadde på dette tidspunktet det høgaste talet på overdosedødsfall per innbyggjar i Vest-Europa.²³ Samstundes steig talet på sikta for narkotikabrottsverk til over 28% av totalen i 2001, og delen straffa for slike brotsverk steig til 41% av alle straffedømde.²⁴ Det norske rettsvesenet utmålte til saman 1212 års ubetinga fengsel for narkotikakriminalitet dette året,²⁵ og sjølv om SIFA-undersøkingane viste svak nedgang frå året før, låg narkotikabruk blant både ungdom og andre på eit historisk høgt nivå.

22 Bødal i Middelthon og Waal (red.) (1992): 174

23 Bruun og Christie (2006): 221

24 Bruun og Christie (2006): 222

25 Bruun og Christie (2006): 226

3. Bakgrunnen for undersøkinga

3.1 Teoretisk bakgrunn

I denne oppgåva vil eg altså undersøke korleis narkotikabruk har blitt konstruert som samfunnsproblem i norsk politisk debatt. I denne delen vil eg kort komme inn på konstruktivisme som generell retning innan humanistisk og samfunnsvitskapleg forsking og korleis dette er relevant for ei undersøking av narkotikadebatten, og sjå nærmare på nokre innvendingar mot dette perspektivet. Eg vil dessutan gjere greie for den sosiologiske tradisjonen i studiet av avvik, og gi ein grundigare presentasjon av sosiologen Richard Jenkins' utkast til forståinga av avvik, som har vore utgangspunktet for den konkrete analysen av norsk narkotikadebatt. Den konstruktivistiske delen av avvikssosiologi er i stor grad basis for undersøkinga, men trass i at eg ikkje kjem til å nytte essensialistisk teori i mi eiga tolking av kjeldematerialet, er desse tilnærmingane viktige for å forstå kva som særmerkjer konstruktivistiske perspektiv, og korleis desse blei utvikla, og eg tek derfor med ein gjennomgang av dei viktigaste retningane i denne tradisjonen. Det kan dessutan vere interessant å sjå i kor stor grad slike synspunkt blir reflekterte i kjeldematerialet. I tillegg vil eg skildre nokre grove trekk i den teoretiske utviklinga av omgrepene «moralsk panikk» og dei reiskapane som har blitt nytta i studiet av dette fenomenet.

3.1.1 Sosialkonstruktivisme

Det grunnleggande teoretiske utgangspunktet for denne undersøkinga finn ein i det som gjerne blir kalla *sosialkonstruktivistisk* teori. Vivien Burr oppsummerer denne retninga som sprikande, men i stor grad basert på fire fellestrekke:²⁶

- 1)** Kritisk innstilling til sjølvsagt kunnskap: Slik kunnskap er eit produkt av vår måte å kategorisere verda, som er kulturelt bunden.
- 2)** Kulturell (historisk og geografisk) relativitet er grunnleggande i forståinga av verda: Tolkinga av fenomen kunne vore annleis, og kan endre seg over tid.
- 3)** Kunnskap om verda blir konstruert gjennom sosiale prosessar: Gjennom sosial interaksjon skapar vi sanningar eller kjempar/tingar om kva som er sant, eller kva som er den riktige måten å forstå eit fenomen på.

²⁶ Burr (1993), referert i Jørgensen og Phillips (1999): 13ff

- 4) Kunnskap er knytta til sosial handling: Ulike konstruksjonar fører med seg ulike praksisar eller mønstre for sosial handling, og konstruksjonen av kunnskap får dimed konkrete konsekvensar.

Omgrepet narkotika er i seg sjølv eit godt døme på korleis denne teorien er relevant for studiet av narkotikapolitikken. Som eg alt har nemnt er dette ikkje ein vitskapleg kategori som seier noko spesifikt om stoffa, men ein definisjon som er basert dels på det juridiske skiljet mellom legale og forbodne rusfremkallande eller psykoaktive stoff, og dels på det manglande skiljet mellom ulike forbodne stoff. I media²⁷ og, i mi erfaring, daglegtale, blir dette omgrepet likevel i stor grad brukt som om det skulle vere ein kategori av stoff med visse fellestrekks som gjer det naturleg å klassifisere dei for seg. Slik blir «narkotika» og «narkotikabruk» konstruert som eitt fenomen, snarare enn som ein mengde ulike objekt og praksisar, og *narkotikabrukaren* blir konstruert som ein type basert på denne noko tilfeldige kategorien. Dette legg grunnlaget for stereotypisering.

Bruun og Christie gir eit godt døme på korleis eitt fenomen kan tolkast ulikt når dei peiker på at kasuistikkar gjort av legar på unge narkotikabrukantar på 60-talet har mange likskapar med kasuistikkar av onanistar på slutten av 1800-talet.²⁸ I dag ville den moderne psykiatrien kanskje sjå på den same åferda som symptom på depresjon. Dette innebærer ikkje at nokon av tolkingane er "feilaktige" – dei var/er alle sanne *innanfor den sosialt konstruerte kunnskapen om ungdommar si åferd på ein gitt stad til ei gitt tid*. Det er denne konstruerte kunnskapen eg er ute etter å identifisere gjennom analyse av språkbruken i stortingsdebattane. Korleis kunnskapen blir nytta som basis for handling, kjem til uttrykk i dei konkrete forslaga om politikk, som er baserte på ei viss forståing av narkotikabruk og narkotikabrukantar, så vel som andre grupper som har tilknytting til problemet.

Meir klassiske døme på sosialt kontruerte fenomen er kjønnsroller eller etniske stereotypiar, men prinsippet i tankeretninga er at *all kunnskap* er resultat av sosiale prosessar. I sin ytste konsekvens vil dette innebære at den medisinske og farmasøytsiske kunnskapen om narkotika òg er sosialt konstruert, og difor ikkje kan seiast å vere riktigare enn forståinga av narkotika som uttrykt i daglegtale. Dette har vore ei vesentleg innvending mot konstruktivismen som reiskap for kritisk forsking.

27 Valberg (1992)

28 Bruun og Christie (2006): 116

3.1.2 Kritikk av sosialkonstruktivismen

Det konstruktivistiske perspektivet har ikkje gått fri for kritikk. Svært viktige er dei innvendingane som blei reist av Steve Woolgar og Dorothy Pawluch. Dei peikte på²⁹ korleis mange konstruktivistisk orienterte sosiologar tok for gitt den objektive eksistensen av dei fenomena dei skildrar, samstundes som dei hevda at fenomena var sosialt konstruerte. Sven-Åke Lindgren trekk til dømes fram Stephen Pfohls studie om oppdaginga av barnemishandling som sosialt problem³⁰ for å illustrere denne tendensen. Pfohl gikk ut frå at barnemishandling hadde vore eit konstant fenomen, men drøfta ikkje denne påstanden. På denne måten satte mange av særleg dei tidlige konstruktivistiske forskarane seg i ein posisjon der deira tolking av røyndomen skulle gjelde som objektiv bakgrunn for studiet av andre folk sine "konstruksjonar".

Etter kritikken frå Woolgar og Pawluch ble konstruktivismen splitta i to hovudretningar, det Joel Best kallar «strikt» og «kontekstuell» konstruktivisme.³¹ Tihengjarar av den strikte varianten, som John I. Kitsuse, avgrensa oppgåva si til å diskutere korleis aktørar produserer kunnskap og mening, utan å relatere dette til nokon objektiv røyndom utanfor diskursen:

«[T]he theoretical task is to study how members define, lodge, and press claims; how they publicize their concerns, redefine the issues in question in the face of political obstacles, indifference or opposition; how they enter into alliances with other claims-makers; and the myriad other activities that constitute subject matter for the study of social problems.»³²

Som Best peiker på var heller ikkje dette nok. Omgrep som «politisk opposisjon» eller «likesæle» blei problematiske når ein ikkje kunne nytte det Best kallar «background assumptions»,³³ og i 1994 uttrykte Kitsuse at det i praksis nok ikkje var mogleg å gjennomføre ein strikt konstruktivistisk analyse.³⁴ I tillegg fører denne retninga raskt til ein posisjon der forskinga blir redusert til berre endå ei tolking, eitt perspektiv blant andre. Mange har då òg foreslått at den konstruktivistiske sosiologien som følgje av desse innsiktene burde redefinere seg sjølv som litteratur, som fiksjon eller forteljing.³⁵

29 Woolgar og Pawluch (1985), referert i Best (1995): 341ff

30 Lindgren (1993): 211

31 Best (1995): 341ff

32 Kitsuse og Schneider(1989): xii-xiii, referert i Best (1995): 342

33 Best (1995): 343

34 Sarbin og Kitsuse (1994): 14, referert i Best (1995): 343

35 Best (1995): 344

Best ser det han kallar «vulgar constructionism»³⁶ som motstykke til den strikte konstruktivismen – dette er dei typiske tidlege arbeida innan tradisjonen, som Pfohls. I ein mellomposisjon plasserer han «kontekstuell konstruktivisme», der ein som forskar aksepterer det naudsynte i å forholde seg til påstandar om røyndomen – for sjølv om desse ikkje kan verifiserast som "objektiv" kunnskap er dei ein viktig kontekst for dei sosiale prosessane ein studerer. Best nyttar offisiell kriminalitetsstatistikk som døme på ein slik posisjon.³⁷ Den kontekstuelle konstruktivisten er klar over at denne er ein sosial konstruksjon (han er resultat av ei lang rekke val og tolkingar av kva som skal registrerast, kva for kategoriar ein skal klassifisere det i og mange andre ledd), men det er likevel interessant å undersøke korleis «claims-makers» nyttar han. Kjenner dei til han? Ignorerer dei han? Nyttar dei han selektivt?³⁸ Dette er spørsmål eg sjølv kjem til å ta for meg i min analyse.

Denne reformerte, kontekstuelle, konstruktivismen er altså det eg vil bygge på i denne oppgåva. Som Lindgren peiker på³⁹ eliminerer ikkje denne tilnærminga faren for det Woolgar og Pawluch kalla «ontological gerrymandering»,⁴⁰ men ho gjer det mogleg å nytte det konstruktivistiske perspektivet på ein måte som overskridar grensa mellom diskurs og røyndom, så lenge ein er påpasseleg med å ikkje stille analysen opp mot ufunderte påstandar, eller i alle fall at ein gjer desse eksplisitte slik at det er lett for lesaren å vurdere truverdet i dei.

Som nemnt over kjem eg til å nytte ein del offentleg statistikk som kontekst i spørsmål om omfang og utvikling av misbruksproblemet, slik eg gjorde i kapittel 2. I tillegg vil eg bruke empiriske, sosiologiske undersøkingar av misbrukarar og misbruksmiljø som kontekst for bileta av narkotikabrukunar og -seljarar. I både fall er det sjølvsagt mogleg å argumentere for at denne konteksten er konstruksjonar, men det er i så fall konstruksjonar som har basis i forskingsmetodar som er allment aksepterte som truverdige, og som i andre tilsvarande debattar blir nytta som grunngiving av politikk, og det er dette som er det interessante i høve til analysen. Når det gjeld det reint medisinske, særleg effekten av ulike stoff, har det vore til dels stor usemje i fagmiljøa, og mange syn har endra seg mykje over tid. Det har ikkje vore mogleg å setje seg godt nok inn i historia kring dette til å framstille konteksten i særleg detalj på dette området, og eg vil difor i stor grad gå ut frå dei syna som kjem til uttrykk i sjølve kjeldematerialet – til dømes kjem det klart til uttrykk at alle representantane oppfattar heroin som langt farlegare enn cannabis, og eg kan difor undersøke i kva grad dette synet får konsekvensar for politikken i høve til dei to stoffa. Eg kjem dessutan til å gå ut frå at det nettopp har vore ein viss usemje om konsekvensane av ulike former for

36 Best (1995): 345

37 Best (1995): 348

38 Best (1995): 348

39 Lindgren (1993): 217

40 Best (1995): 341

narkotikabruk, slik eg går ut frå at brukarar, seljarar og andre grupper som framtrer i ordskiftet er individ med svært varierande karaktertrekk, som ikkje lar seg redusere til enkle, einskaplege kategoriar. Desse påstandane har eg ikkje funne det naudsynt å grunngi her.

Det er likevel det interne forholdet mellom grupper innad i ordskiftet som er hovudfokus for analysen. For å forstå bakgrunnen for denne tilnærminga, må ein ha eit visst kjennskap til den sosiologiske tradisjonen som har teke for seg *avvik*.

3.1.3 Avvikssosiologisk teori – essensialisme og konstruktivisme

Erich Goode skiljer i si gjennomgang av sosiologiske teoriar om avvik mellom to dominerande tradisjonar. *Essensialistiske* teoriar er av natur positivistiske – dei freistar å forklare avvik som ein type åtferd som er kjenneteikna av nokre fellestrek, og som kan forklaraast på bakgrunn av desse trekka. *Konstruktivistiske* teoriar ser i staden på kvifor nokre former for åtferd blir rekna som avvikande – korleis oppsto dei reglane og normane som avvikarane bryt, kvifor blei dei oppretta, og av kven?⁴¹ Ei kortfatta skildring av dette perspektivet kan ein finna hos Howard Becker, i formuleringa: «[S]ocial groups create deviance by making the rules whose infraction constitutes deviance.»⁴² Avvik er ikkje eit objektivt eksisterande fenomen som kan studerast *i seg sjølv*, men noko som oppstår gjennom grensesetting og -markering (ofte formell eller uformell sosial kontroll), og denne grensesettinga er det som må vere objekt for studiet av fenomenet.

3.1.4 Essensialistiske tilnærmingar

Innan den essensialistiske tradisjonen har det blitt gjort mange forsøk på å finne ei generell forklaring på avvik. Den såkalla «Chicago-skulen», utvikla i åra etter den første verdskrigen, la til dømes vekt på sosial disorganisasjon som bakgrunn for avvikande åtferd. Det var oppvekst- og bustadsmiljøet som, viss sosiale nettverk og kontroll var därleg utvikla eller manglande, førte til at ikkje berre individ, men heile geografiske område, viste større tendens til avvik. Som Goode peiker på er dette ei forklaring som seier lite om til dømes avvikande seksuell åtferd eller om økonomisk kriminalitet, og ho fokuserer dimed hovudsakleg på det ein kan kalle «ghetto-kriminalitet». Ein liknande modell finn ein i såkalla «kontroll-teori», som òg understreker manglande sosial kontroll som føresetnad for avvik, men denne tilnærminga legg meir vekt på i kva grad individua har ei konkret tilknytting – som medlemskap i konvensjonelle grupper, til dømes eit jobbfellesskap, eit religiøst fellesskap eller fellesskapet i ein idrett eller hobby – enn på geografisk tilknytting til eit spesifikt bustadområde.

41 Den følgjande skildringa av hovudretningane i avvikssosiologien er henta frå Goode (2011): 24-65, der anna ikkje er spesifisert.

42 Becker (1963): 9

Robert Merton lanserte ei ny tolking av Durkheim sitt anomie-omgrep for å forklare avvikande åtferd. Durkheim brukte termen for å skildre ein tilstand der for svakt sosialt press resulterte i normløyse, medan Merton såg det som uttrykk for ein situasjon der for sterkt sosialt press førte til at individ ignorerte normane. Ifølgje Merton var avvik ein strategi eit individ kunne nytte for å overkomme kløften mellom samfunnet sitt overordna mål eller ideologi, dets *ethos* – i USA målet om individuell økonomisk eller sosial suksess – og dei sjanske individet hadde til å oppnå desse måla. Merton skildra fleire modi ein person kunne operere i for å manøvrere mellom desse. Avviket var eit resultat av det Merton kalla «innovation» - å finne uortodokse metodar for å oppnå dei ortodokse måla. Kritikken mot dette perspektivet er i stor grad den same som mot Chicago-skulen: Det er ein teori som er laga for å forklare visse typer kriminalitet blant lægre sosiale lag, men seier lite om andre former for avvik. Goode klassifiserer Merton som essensialist, men det kan nemnast at han var tidleg ute med å relativisere konseptet «sosiale problem». Lindgren peiker på at han opererte med to typer av slike: Anerkjente problem og *latente problem* – situasjonar eller handlingsmønster som kan føre til skade for samfunn eller individ, men som ikkje blir oppfatta som problematiske blant størstedelen av folk.⁴³ Ein kan difor sjå Merton sin anomie-teori som innretta først og fremst mot det som var anerkjente problem i Merton si samtid – artikkelen «Social strain and anomie» kom ut i 1938.

På same tid blei det lansert ein annan forklaringsmodell, gjerne kalla assosiasjons- eller læringsteori. Edwin Sutherland såg avvik som noko innlært, noko ein vender seg mot i den grad ein blir utsett for påverking frå særleg nære kjente som anten verbalt eller gjennom handling gir uttrykk for aksept av avvikande åtferd. Denne teorien er sjølv sagt vanskeleg testbar, og fleire former for avvik kan oppstå utan å ha blitt lært, sjølv om mykje åtferd, avvikande eller ikkje – og i alle fall mange typar åtferd som krevjar trening i utføringa av visse handlingar – blir lært.

Ein relativt ny variant av det essensialistiske perspektivet har blitt utvikla av Gottfredson og Hirschi. Ulikt mange andre teoriar i denne tradisjonen, som legg vekt på sosial kontroll, er «sjølvkontroll-teorien» basert på at manglande sjølvkontroll hos avvikaren er den grunnleggande forklaringa på åtferda. Dette perspektivet er ikkje eigentleg meint som ein generell avvikssoiologisk teori, men som ein generell teori om årsaker til kriminalitet, og kan seiast å ha røter tilbake til den positivistiske kriminologien på 1800-talet, som òg opererte med ei essensialistisk forståing av «den kriminelle». Særleg kan ein framheve den vekta som ble lagt på «svak vilje» innan den såkalla «tredje skulen», der synspunkta til psykiateren Gustav Aschaffenburg på den kriminelle som ein som mangla styrke til å stå imot sosiale påverknader i kriminell retning, snarare enn ein som låg under for medfødte impulsar til kriminelle handlingar.⁴⁴ Denne skulen fekk relativt stor verknad på

43 Lindgren (1993): 23

44 Hauge (1996): 214

norsk lovgiving gjennom Bernhard Getz, som var riksadvokat og leiar for straffelovrådet,⁴⁵ og blei viktig for handteringa av alkoholikarar og, etter mi meining, narkotikabrukabar.

3.1.5 Konstruktivistiske tilnærmingar

Det sosialkonstruktivistiske perspektivet seier noko generelt om korleis fenomen blir konstruerte i kulturelle felleskap, og er som nemnt den grunnleggande premissen for denne oppgåva. Den konstruktivistiske tilnærminga til avvik er meir konkret retta mot konstruksjonen av sosiale *grupper* og *identitet*, og er grunnlaget for min analyse av korleis aktørane i narkotikaproblemet blir framstilte i den politiske debatten. Dette gjeld, som eg vil peike på, ikkje berre dei gruppene det blir tala om, men òg talarane sjølve.

I første avsnitt av dette underkapittelet siterte eg Howard Becker si korfatta definisjon av avvik. Becker representerte det som gjerne blir kalla «labelling theory», eller stempplingsteori, innan den sosiologiske tradisjonen for studier av avvik, og som vaks fram i amerikansk sosiologi på 1960-talet. Denne retninga skuldar mykje til *symbolsk interaksjonisme*, utvikla av George H. Mead og Charles H. Cooley tidleg på 1900-talet, og vidareutvikla av Meads elev Herbert Blumer. Den bærande idéen deira var at meining blir skapt i interaksjonen mellom menneske, og at individ handlar i forhold til objekt eller situasjonar basert på kva meining desse har for dei, ikkje på ei "objektiv" forståing.⁴⁶

Tilgengjarane av stempplingsteori tok med seg dette perspektivet inn i studiet av avvik (sjølv foretrakk mange av dei å kalle teorien «det interaksjonistiske perspektivet»).⁴⁷ Frank Tannenbaum, og seinare Edwin Lemert, peikte på det Lemert kalla «secondary deviation» - ein som blir stempla som avvikar, og reagert mot som avvikar, vil komme til å sjå seg sjølv som avvikar, og gjennom denne rolla ta avstand frå samfunnet som har stempla han/ho. Stempplinga, og særleg eventuelle sanksjonar, bidrar altså til å skape og/eller forsterke åtferd som er i opposisjon til fleirtalet sine normar. Becker vidareførte denne tanken saman med andre, som Goffman og Matza. Han trakk mellom anna fram rolla til det han kalla «moral entrepreneurs» - dei som gjer opinionen merksame på eit problem, dei som argumenterer for at noko må gjerast med det, eller dei som lagar reglene. «It is an interesting fact», skreiv han, «that most scientific research and speculations on deviance concerns itself with the people who break rules rather than the ones who make and enforce them.»⁴⁸ Becker presiserte at slike entreprenørar kunne ha mange ulike motiv, men var sjølv mest opptatt av

45 Hauge (1996): 218

46 Blumer (1969)

47 Goode (2011): 65

48 Becker (1963): 163

dei som handlar ut frå humanitære ideal – som ikkje berre er motiverte av ønsket om at andre skal handle som dei, men som òg meiner at dette vil vere i desse andre si interesse. Slike moralske entreprenørar er, ifølgje Becker, stort sett frå dei høgare sosiale laga – «Moral crusaders typically want to help those beneath them to achieve a better status».⁴⁹

Becker fann likevel, i si analyse av grunngiving for «The Marihuana Tax Act» - eit initiativ for å få slutt på marihuanarøyking i USA – at to andre motiv var vesentlege: For det første det han kallar «a component of what has been called the Protestant ethic» - ideallet om sjølvkontroll, som ikkje er forenleg med rusmiddelbruk. For det andre fordømminga av det nytingsorienterte i handlingar som utelukkande var meint å føre til ekstase.⁵⁰ Her kan ein sjå eit døme på korleis det å vende fokus mot dei gruppene som lagar eller handhever normar, kan vise korleis dei ser på seg sjølve – korleis dei skapar og held oppe sin eigen sosiale identitet og relasjon til andre grupper.

Erving Goffman la vekta meir på dagleg interaksjon. Ifølgje Goffman klassifiserer ein person automatisk dei ho/han møter i vanlege kategorier eller mønster – han kalla dette «kognitiv genkennelse».⁵¹ Goffman utvikla omgrepet «stigma» for å skildre korleis åtferd eller utsjånad kan bli eit merke som fører til at bæraren av stigmaet blir klassifisert i ei stereotyp, negativt oppfatta gruppe. Både Goffman og Becker peikte òg på, som Lemert hadde vore inne på tidlegare, korleis avvikande individ i stor grad ser på seg sjølve som avvikarar – dei tek til seg det dominerande samfunnssynet. Goode peiker likevel på at dette ikkje gjeld alle avvikarar.⁵²

Ein kan innvende mot det interaksjonistiske perspektivet at det i liten grad kan forklare *kvifor* individer handlar avvikande, særleg før dei er blitt "oppdaga" og stempla som avvikarar. Mot dette innvendte Becker at stempplingsteori ikkje er meint å vere ei slik forklaring, men i staden å vere eit perspektiv på *kvifor* visse typar handling blir rekna som avvikande, korleis stemplings- og stigmatiseringsprosessen foregår, og korleis denne verkar inn på forholdet mellom det avvikande individet og samfunnet,⁵³ slik eg sjølv ønskjer å gjere i denne oppgåva. Som det framgår av Becker sin definisjon såg han ikkje på avvik som ein eigen type åtferd som kan forklara for seg, men som eit syn på ei gruppe handlingar eller handlingsmønster, som ikkje treng å ha noko til felles ut over at dei er rekna som avvikande.

Ikkje ulikt stempplingsteori er konfliktteori retta mot spørsmålet om kven som lager lovar og kven

49 Becker (1963): 149

50 Becker (1963): 136

51 Goffman (2000): 90

52 Goode (2011): 54

53 Goode (2011): 54

som tener på dei. Ulik stempplingsteori er dette perspektivet i mykje større grad kollektivt orientert - innan ei konfliktteoretisk forståing av avvik ligg fokuset på at ulike samfunnsgrupper har ulike interesser, og at nokre grupper sine interesser systematisk blir prioriterte over interessane til andre. Spørsmålet om avvik blir dimed, ifølgje Goode, i stor grad eit spørsmål om dominans og hegemoni. Han presiserer likevel ikkje om han med hegemoni refererer til Antonio Gramscis bruk av omgrep, sjølv om dette verkar sannsynleg. Gramsci nytta omgrepet hegemoni som forklaring på korleis den kapitalistiske staten heldt på makta over arbeidarklassen, og dette har mykje til felles med den konfliktteoretiske tilnærminga til avvik: resultatet av ei sosial gruppe sin siger i kampen om å lage lovar og definere normar som passar for gruppa, og som tener medlemmane sine interesser. Nærskyld med konfliktteori og hegemoni-tanken er dessutan feministisk teori og til dels postkolonialistiske perspektiv, som eg ikkje vil gå nærmare inn på her, men som er viktige bidrag til avviksosiologi, og som har levert treffande kritikkar av fleire av dei andre tilnærmingane for til dømes manglande fokus på kvinner sin situasjon som avvikarar.

3.1.6 Michel Foucault og "kontrollologien"

I ein gjennomgang av teoretiske bidrag til studiet av avvik er det naudsynt å komme inn på Michel Foucault, ikkje berre fordi arbeidet hans er eit viktig bidrag til teoretiseringa av avvik, men òg fordi det blei ei viktig inspirasjonskjelde for mange seinare sosiologar og andre som har interessert seg for studiet av avvik, ei retning Goode kallar «controlology».⁵⁴ I boka *Overvåkning og straff* lanserte Foucault tanken om at den moderne staten er kjenneteikna av stadig ekspanderande kontroll over enkeltmenneska gjennom institusjonar som skule, helsevesen, rettsvesen eller sosialvesen.⁵⁵ Den primære funksjonen til desse institusjonane er, slik Foucault ser det, å identifisere og disiplinere avvikande åtferd.⁵⁶ Det er uklart i kor stor grad Foucault ser dette som ei styrt utvikling – han talar om makt meir som ein upersonleg kraft som opererer uavhengig av individuelle aktørar, ein kraft innebygd i samfunnsutviklinga, enn som ein reiskap for personlege interesser.⁵⁷ Avvikarane blir, viss dei ikkje innordnar seg og lar seg tilpassa til fleirtalsnormen (som på grunnlag av moderne statistiske metodar og hjelpemiddel blir stadig meir målbar og konkret), fjerna frå samfunnet ved hjelp av anstalar som fengsel eller (mental)sjukehus. I dei historiske arbeida sine gav Foucault mange døme på denne tendensen.⁵⁸ Sjølv om dei er blitt kritiserte for å vere unøyaktige og til dels bygge på feilaktige påstandar,⁵⁹ kan dei i alle fall reknast som viktige filosofiske innspel til teoribygginga kring avvik. Foucault sitt diskurs-omgrep, som viser til ein kollektiv forståing av eit

54 Goode (2011): 63

55 Foucault (2001)

56 Foucault (2001): t.d. 179

57 Foucault (2001): t.d. 168

58 Foucault (1999): t.d. 24

59 Green og Truop (1999): 303

fenomen, konstruert og heldt ved like gjennom tale om og åtferd i høve til fenomenet,⁶⁰ kan seiast å uttrykke mellom anna avvikaren sin internalisering av den sosiale klassifiseringa som gjer ho/han til avvikar, som både stemplingsteoretikarane og tilhengjarane av kontrollteori har framhevd. Ein kan kritisere Foucault for det noko svevande maktomgrepet han nyttar, og for å ignorere dei moglege ikkje-kontrollerande og frigjerande aspekta ved moderne institusjonar (som til dømes utdanningssystemet, som kan gi dei lærande intellektuelle reiskapar til å forstå og reagere mot kontrollsamfunnet) – David Garland peiker på at han alltid framstiller kontrollpotensialet i slike institusjonar som realitet.⁶¹ At han likevel har vore sentral i den moderne, akademiske forståinga av normalitet og avvik, er det likevel liten tvil om.

3.1.7 Moralsk panikk – bidrag til teoretisk utvikling

Fleire forfattarar – til dømes Laursen, Goode og Ben-Yehuda, Reinerman og Levine⁶² – har vist at sterke element av dette fenomenet har vore til stades i narkotikadebattar i andre land, og det er naturleg å vente at det norske ordskiftet viser liknande tendenser. Det er likevel fleire interessante punkt i den teoretiske utviklinga kring studiet av moralske panikkar som det er verdt å komme kort inn på her, både fordi fenomenet moralsk panikk har blitt knytta så sterkt til narkotikaproblemet gjennom mange studier, og dessutan fordi det meir generelt er tett knytta til avvikssosiologi og den konstruktivistiske tradisjonen. Det er dimed ein del av den akademiske tradisjonen eg bygger på, og fortener ein viss plass i denne gjennomgangen.

I ein generell gjennomgang av teoriar om og forsking på moralsk panikk, listar forfattarane Erich Goode og Nachman Ben-Yehuda opp fem faktorar som kjenneteiknar moralske panikkar. Desse er:

- 1)** Uro/frykt
- 2)** Fiendtlege kjensler retta mot ei eller fleire grupper som er del av det aktuelle problemet
- 3)** Konsensus (innad i gruppa som opplever panikken) om at det er tale om eit reelt problem
- 4)** Disproporsjonalitet mellom problemet slik det blir framstilt og den faktiske skaden det forårsakar, eller mellom merksemda om det aktuelle problemet og andre problem som fører med seg større skadeverknader og
- 5)** Volatilitet – uroa om problemet må kunne bryte ut eller forsvinne plutselig.⁶³

Forfattarane nyttar særleg plass på spørsmålet om disproporsjonalitet. Som med kritikken av

60 Iggers (2005): 132

61 Garland (1990): 168

62 Laursen (2000), Goode og Ben-Yehuda (1994), Reinerman og Levine (1995)

63 Goode og Ben-Yehuda (1994): 33ff

konstruktivisme har kritikk mot moralsk panikk-omgrepet som sosiologisk reiskap hovudsakleg retta seg mot vanskane med å relativisere aktørane sin oppfatting utan å relativisere sjølve problemet. Goode og Ben-Yehuda møter denne innvendinga med den same kontekstuelle tilnæminga som eg skildra over – viss tal på omfang blir overdrivne eller fabrikerte, eller viss andre, liknande problem får relativt mykje mindre merksemd, eller viss problemet får plutselig får meir merksemd sjølv om det ikkje finst tal eller annan informasjon som tilseier at det har endra seg vesentleg, reknar dei at kravet om proporsjonalitet er innfridd.

Den første som nytta uttrykket «moral panic» var Stanley Cohen, i ein artikkel i 1967 om bråk mellom ungdommar i engelske badebyar. Cohen utvikla dette vidare i boka *Folk Devils and Moral Panics* i 1972, der han mellom anna listar opp aktørane i den moralske panikken. Presse, politikarar, politi og påtalemakt, interessegrupper, folkemeininga, og *folk devils*, det inkarnerte onde, som får skulda for det aktuelle problemet, var etter Cohen si meining dei sentrale aktørane i ein moralsk panikk.⁶⁴ I tillegg framhevdde han analogien med naturkatastrofer, som gjerne blir nytta som samanlikning i tale om problemet, men òg ofte som direkte førebilete for tiltak mot problemet. Cohen la sterkt vekt på media si rolle i konstruksjonen av ein moralsk panikk, men han trakk òg fram korleis dei ulike andre gruppene utnytta problemet og dei avvikande gruppene («deviancy exploitation»)⁶⁵ i si eiga interesse eller av moralske/ideologiske grunnar – ikkje ulikt gruppene som Becker hadde kalla «moralske entreprenørar». I tillegg understreka han faktoren *deviance amplification* – ein utvida form av det Lemert kalla «secondary deviation»,⁶⁶ som ikkje berre inkluderer avvikaren sin reaksjon på sanksjonar, men òg at ein blei stadig meir merksam på fenomen som på eitt eller anna vis kunne inkluderast i kategoriane «ungdomsopptøyar» eller «problemungdom». Cohen la dessutan vekt på dramatiseringa av samfunnet sin motstand mot problemet, særleg i rettsalen, som eit forsterkande element.⁶⁷ Som grunnlag for panikken såg Cohen like fullt eit potensiale for ein slik reaksjon blant folk generelt – frykt for forfall i samfunnet – som media og andre interesserte grupper kunne spele på, med- eller umedvite.⁶⁸

David Bromley har vidareutvikla konseptet i sin teori om det han kallar *subversion myths*.⁶⁹ Dette er ifølgje Bromley historiar som folk opplever som sanne fordi dei kan forklare det dei opplever som problematiske tendenser i samtida. Bromley hevdar at store samfunnsendringar, usikre levekår og liknande forhold kan utløyse slike myter, der forfallet blir skulda på personifiserte representantar for

64 Cohen (2002)

65 Cohen (2002): 115

66 Cohen (2002): 167

67 Cohen (2002): 85ff

68 Cohen (2002): 57-58

69 Bromley (1991), referert i Goode og Ben-Yehuda (1994): 59ff

det onde – som Cohens *folk devils*. Desse historiane vinn terreng, meiner Bromley, fordi dei er *metaforisk* sanne, sjølv om dei kan vere overdrivne eller oppdikta – dei spesifiserer den generelle kjensla av at samfunnet går i feil retning og at nokon har ansvaret eller skulda for denne utviklinga. Det skal seiast at Bromley utvikla denne modellen på grunnlag av moralske panikkar over meir obskure problem enn narkotikabruk – til dømes frykten for spreiling av satanism i enkelte kristne miljø i USA – men det utelukkar ikkje at perspektivet kan nyttast på andre former for forteljingar, og det er svært likt Cohens modell, som blei utvikla gjennom analyse av eit nasjonalt fenomen i England.

3.1.8 Konkret rammeverk – Richard Jenkins, Mary Douglas og Joseph Gusfield

I dette arbeidet vil eg nytte sosiologen Richard Jenkins sitt framlegg til teoretisk rammeverk for studiet av sosiale avvik. Jenkins hevdar⁷⁰ at avvik blir konstruert gjennom interaksjon mellom dei tre faktorane moral, sosial identitet og normalitet, som alle tener til å markere, symbolisere og ritualisere grenser mellom grupper. Jenkins bruker ganske mykje plass på å definere desse omgrepa, men kortfatta kan ein seie at han ser moral som

«the normative ordering of the social and natural worlds by culture»,⁷¹

sosial identitet som

«a prescriptive and descriptive model of the social world (...) notions (...) about how an 'X' can be expected to behave and about what one would have to do in order to successfully become an 'X'»⁷²

og normalitet som

«that range of behaviour which is held to occur to predictable degrees of greatest frequency.»⁷³

Jenkins er klar over at dei tre omgrepa overlappar til ein viss grad - det er nettopp eit av poenga hans at det er i interaksjonen og overlappinga at avvik blir konstruert og klassifisert.

70 Jenkins (1992)

71 Jenkins (1992): 5

72 Ibid.

73 Jenkins (1992): 7

Konstruksjonen av avvik vert uttrykt på fire måtar, meiner Jenkins, fire prosessar kor dei tre sentrale faktorane blir knytte saman:

- 1) Klassifisering av atferd, gjerne uttrykt gjennom lover/reglar og skikkar,
- 2) Klassifisering av personar gjennom identifisering med sosiale grupper
- 3) Ritualisering og symbolisering av grensene mellom slike grupper, og
- 4) Handheving av reglar knytta til grensene mellom grupper

Eg vil understreke at dette ifølgje Jenkins ikkje er fire ledd i ein prosess, men fire distinkte prosessar, og dei tre faktorane kan interagere på ulike måtar i kvar av dei.

Eg meiner at to av desse prosessane, nemleg klassifisering av atferd og ritualisering og symbolisering av grenser, er særskilt relevante for ein studie av ordskiftet om norsk narkotikapolitikk. Den faktiske klassifiseringa av einskildpersonar og handhevinga av reglar er prosessar som hører til «på gateplan», i møtet med den individuelle avvikaren, medan dei to andre er generelle, normgivande prosessar og difor godt egna som reiskap i ein analyse av det politiske ordskiftet.

Desse prosessane er nært knytta til antropologen Mary Douglas sitt arbeid med det reine og ureine. Douglas hevdar at mange forestillingar om rituelle forbod og tabuar - det mest kjende dømet ho nyttar er kanskje etereglane i Tredje Mosebok - kan forklaraast med eit ønske om å skilje ut anomaliar og vanskeleg klassifiserbare objekt.⁷⁴ Det ureine er det som ikkje ter eller artar seg kjend og forutseieleg - «dirt is that which must not be included if a pattern is to be maintained».⁷⁵ Dette koplar ho implisitt til eit sentralt antropologisk konsept - ideen om grenser og liminalitet, som blei formulert av Arnold Van Gennep og vidareutvikla av Victor Turner. Van Gennep utvikla denne teorien for å forklare såkalla overgangsritual, det å gå frå ein kategori til ein annan - til dømes frå barn til voksen.⁷⁶ Menneske som er i ferd med å gjennomgå ei slik endring må på eit tidspunkt vere utanfor både kategoriar - dei er då *liminale*, på grensa - og i dette tidsrommet er dei farlege, både for seg sjølv og - særskilt - for andre - av di dei ikkje passar inn i nokon kategori er dei på eit vis ikkje menneskelege, og samfunnet må ta rituelle forhandsreglar for å hindre at den kraften som finst mellom kategoriane siver ut. Turner synte korleis dette perspektivet kan gjelde i mange slag situasjonar, ikkje berre for overgangsriter.⁷⁷

74 Douglas (1996)

75 Douglas (1996): 41

76 Gilhus og Mikaelsson (2001): 131

77 Gilhus og Mikaelsson (2001): 132

Douglas formulerer det slik:

«[P]eople really do think of their own social environment as consisting of other people joined or separated by lines which must be respected (...) wherever the lines are precarious we find pollution ideas come to their support»⁷⁸

Jenkins ser på sosiale avvik på same måte som Douglas ser på det ureine - han parafraserer Douglas og seier at «Deviance is the byproduct of the systematic classification of behaviour.»⁷⁹

Kategorisering er i eit slikt perspektiv eit viktig grep for å gjere verda meir forståeleg og forutseieleg. Avvikaren er, ifølgje Jenkins, eit problem fordi ho/han nettopp ikkje passar inn i dei alminnelege kategoriane, og fordi den åferda som gjer han/ho til avvikar er ukjent eller blir oppfatta som så annleis enn det normale. Han vanskeleggjer dermed den kategoriserande struktureringa av informasjon som er grunnleggande for menneskeleg forståing, og for å bøte på dette blir han klassifisert gjennom stereotypisering, gjerne med moralske undertonar.

Grensene mellom det aksepterte og det avvikande (mellom det kjente og forståelege, eller mellom det ukjente og uforståelege) blir altså parallellar til dei ritualiserte grensene mellom det reine og det ureine. Med Douglas si formulering i tankane burde ein dermed kunne finne døme på førestillingar om forureining og fare knytta til desse grensene, og ein tendens til å markere dei sterkt som ein barriere som det er farleg eller uansvarleg å viske ut eller gjere uklar.

Joseph Gusfield har utforska denne konsekvensen av eit sosialantropologisk perspektiv på lovgiving, og finn at den symbolske effekten av lover er vel så viktig som den regulerande, særleg for visse typar kriminalitet som i liten grad kan regulerast allmennpreventivt – Gusfield tek først og fremst for seg bilkøyring i alkoholrus.⁸⁰ Hovudpoenget hans er at lovgivinga fungerer som symbol, som dramatisering av det ordna, strukturerte og moralsk korrekte, der lovbrytaren blir kontrasten til både lovgivarar og (i forlenginga av dette) til alle dei presumptivt lovlydige borgarane. Dette er svært likt den funksjonen Cohen meinte at rettsprosessane mot ungdom i England hadde, og gjeld ifølgje Gusfield særleg for eit lovbrotd som fyllekøyring, fordi sjåføren i ekstra sterk grad blir sett på som ein trussel mot ordenen som er det er lova sin viktigaste funksjon å oppretthalde.

78 Douglas (1996): 140

79 Jenkins (1992): 12

80 Gusfield (1981): 157-158

Gusfield identifiserer ei lang rekke omgrepsspar som illustrerer skiljet mellom orden og uorden slik det kjem til uttrykk i fordømminga av den rusa bilføraren:

<u>Order</u>	v.	<u>Disorder</u>
Sober	v.	Drunken
Safety	v.	Danger
Social	v.	Antisocial
Altruistic	v.	Hedonistic
Controlled	v.	Uncontrolled
Planned	v.	Spontaneous
Obedient	v.	Disobedient
Wise	v.	Foolish
Serious	v.	Frivolous
Work	v.	Play ⁸¹

Det er dette skiljet Gusfield meiner særleg blir dramatisert i lovgivinga om bilkøyring under påverking av alkohol, men som han ser på som ein allmenn funksjon ved lovverket:

«The impact of the law as a moral dramatization of cultural and public ideals lies in its compression and magnification of the contrasts between order and disorder.»⁸²

«Moderns need to bring the individual into alignment with the social order, to keep the boundaries between proper and improper behaviour clear, if evil is to be avoided and safety obtained»⁸³

Gusfield understreker at å sjå lovgiving som symbolsk dramatisering ikkje tyder at ein ignorerer dei instrumentelle effektene. Han ser ingen problem med å tolke åtferd som både instrumentell og symbolsk, og meiner at desse funksjonane som oftast opptrer samstundes.⁸⁴

Felles for desse forfattarane er at dei ser på normgivingsprosessen som ein symbolsk prosess, som gjennom konstruksjonen av visse grupper eller kategorier, og dramatiseringa av tilhøvet mellom dei, ordnar og systematiserer verda for deltakarane. Dette perspektivet er særskilt interessant fordi

81 Gusfield (1981): 156-157

82 Gusfield (1981): 158

83 Gusfield (1981): 164

84 Gusfield (1981): 176

det bidrar med ei meir grunnleggande forklaring på kvifor desse prosessane artar seg som dei gjer enn det meir deskriptive fokuset som ligg i dei konstruktivistiske tilnærmingane eg har skildra.

3.2 Tidlegare forsking

Eg vil her konsentrere meg om forsking på politisk handsaming av narkotikaproblemet, og med hovudvekt på skandinavisk forsking. Dette utelukker sjølvsagt ein mengde interessant forsking på andre sider ved narkotikabruk og relasjonane mellom slik bruk og samfunnet rundt, men gir eit relativt konsist bilet av den overveiande konstruktivistiske og kritiske tradisjonen som har prega det relativt tette, skandinaviske forskingsmiljøet omkring narkotika og narkotikapolitikk, og som har vore den viktigaste inspirasjonen for denne oppgåva. I tillegg vil eg vie ein eigen del til å skildre Dag Stenvoll si undersøking av norsk politisk argumentasjon i stortingsdebattar om saksfelt som angår seksualitet og reproduksjon, fordi eg kjem til å nytte Stenvoll sine funn som samanlikningsgrunnlag for å sjå etter fellestrek og skilnader mellom desse og narkotikadebattane.

3.2.1 Narkotika og politikk

Den første historisk orienterte undersøkinga av norsk narkotikapolitikk er Brit Bergesen Lind sin studie *Utviklingen av norsk narkotikapolitikk* frå 1971, som seinare blei utvida til boka *Narkotikakonflikten* frå 1974. Lind gir eit oversyn over utviklinga frå implementeringa av Haag-konvensjonen til slutten av sekstitallet, og deler perioden inn i «beredskapsfasen» (1913-1928), «den helsedominerte fase» (1928-1965) og «den strafferetsdominerte fase» (1965-).⁸⁵ Ho er i første rekke oppteken av å skildre den politiske prosessen, men nyttar òg ein del plass på å demonstrere korleis få og vitskapleg sett lite haldbare undersøkingar av skadeverknader og spreiing fekk store konsekvensar for ordskiftet. Lind merka seg bruken av metaforen epidemiisk sjukdom, og at frykten for «smitte» og «spreiing» etter ein epidemiologisk modell var ein særsviktig del av grunngjevinga for dei strenge tiltaka som vart sette i verk.⁸⁶ I denne samanhengen vil eg kort nemne Nils Christie og Hilde P. Henriksen sine arbeid om lausgjengarlova,⁸⁷ ein lov som i stor grad var eller blei ein reiskap for å handtere alkoholikarar. Både finn at lova og/eller handhevinga av ho i stor grad var motivert ut frå ønsket om kontroll med individ som var «smittefarlege» - som kunne spreie den asosiale atferda si til andre. Dette var tankar som blei utvikla i kriminologien på 1800-talet, som eg alt har vore inne på, men om ein vil trekke lengre idehistoriske linjer kan det vere verdt å nemne at til dømes Foucault i *Galskapens historie* er inne på liknande tankar om utstøyting og smittefare alt i det førmoderne Europa.⁸⁸ Det er sjølvsagt ikkje unaturleg at smitte- og sjukdomsmetaforen blei valt,

85 Bergesen Lind (1971): 17

86 Bergesen Lind (1971): 40ff

87 Christie (1960) og Henriksen (2007)

88 Foucault (1999): t.d. 24

for det er mykje ved narkotikabruk som kan minne om sjukdom, men bruken av mote eller trendar som bilete i nederlandsk debatt (sjå omtale av Dolf Tops under) syner at det ikkje er automatikk i dette, og andre typar modeller kan tenkjast.

Det mest kjente norske arbeidet om narkotikapolitikk er nok likevel Kettil Bruuns og Nils Christies *Den gode fiende*. Hovudsynspunktet til Bruun og Christie er at narkotikaproblemet er blitt ein syndebukk som dekkjar over meir grunnleggande sosiale problem og som legitimerer ein stadig strengare kontroll over samfunnsmedlemmane⁸⁹ - eit syn som har klåre likskapar med tankane Michel Foucault lanserte om samfunnsutviklinga generelt i si bok *Overvåkning og straff*,⁹⁰ sjølv om Bruun og Christie legg hovudvekta på det fyrste punktet medan Foucault er meir oppteken av det siste. Boka må reknast meir som eit generelt oversiktsverk, med ein klart polemisk tone, enn som forsking, og baserer seg hovudsakleg på sekundær litteratur, sjølv om ho inneholder mykje statistisk materiale.

I tillegg til dette har Morten Timme Hansen samanfatta lovendringane på narkotikafeltet frå sekstalet til midten av åttitalet, og sett på grunngivingar for desse endringane. Dette er ein reint deskriptiv skildring, og Hansen gjer ikkje noko forsøk på analyse eller forklaring av utviklinga.⁹¹ I nyare tid har Svanaug Fjær publisert nokre artiklar om tilhøvet mellom forsking og politikk, kor ho viser at det har vore vanskeleg for mykje narkotikaforskning, særleg den meir sosiologisk orienterte, å få gjennomslag i praktisk politikk.⁹² Fjær kjem i desse inn på innhaldet i nokre av dei større politiske debattane, men ser først og fremst på forskingssida og korleis haldninga blant politikarar har påverka arbeidsforholda innan særleg den samfunnsvitskaplege delen av narkotikaforskninga.

Andre har skildra utviklinga av narkotikakontrollen i korte trekk, som Ragnar Hauge, men dette er korte historiske oversyn i artikkelform som ikkje går nærmare inn på grunngivingar, forklaring eller analyse av prosessen.⁹³

I Sverige er det gjort meir forsking på narkotikapolitikk. Her har fleire forskarar valt å fokusere på *problemdefinisjonen* – korleis og på kva måte narkotikabruk blei definert som offentleg problem. Av desse er dei viktigaste *Narkotikaproblemet bakgrund* av Börje Olsson, *Den hotfulla njutningen* av Sven Åke Lindgren og *A society with or without drugs* av Dolf Tops.

89 Bruun og Christie (2006)

90 Foucault (2001)

91 Timme Hansen (1988)

92 Fjær (2005), (2008)

93 Hauge (1989)

Lindgren samanliknar diskursane om kaffe, te og tobakk på slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet med diskursane om narkotiske stoff på denne tida og på 1960-talet. Ved hjelp av omgrepene tankefigurar, identifiserer han ein del omgrepspar som ordsleiet var strukturert rundt – til dømes naturleg/kunstig, kultivering/ forfall eller pliktoppfyllande/nytingssjuk – svært likt den struktureringa som Gusfield såg som sentral i fordømminga av rusa bilister. Det ordna, pliktoppfyllande og seriøse står i både fall mot det leikande, uansvarlege og hedonistiske.⁹⁴

I Lindgren sin analyse er det endring som står fram som det sentrale elementet i konstruksjonen av eit sosialt problem. Han viser at skepsis til endringar i samfunns- og familiestruktur, og kanskje framfor alt i livsstil, var dominerande, underliggende tema som i stor grad påverka korleis debatten blei ført og dermed indirekte kva for politikk som vart sett i verk,⁹⁵ men også korleis endring av brukargruppe – at bruk av ulike stoff spreidde seg til kvinner, unge eller lægre sosiale klassar – førte med seg auka fordømming av eit fenomen.⁹⁶ Når slike endringar fann stad samstundes, som med narkotikabruk på sekstitallet, blei effekten tilsvarende sterk.⁹⁷ Vektlegginga av samfunnsendringar som katalysator for nye sosiale problem minner mykje David Bromleys modell for *subversion myths*, som eg har vore inne på.

Börje Olsson studerte prosessen mot problemdefinisjon ut frå tanken om at denne finn stad i ein kamp om kva for gruppe som "eig" problemet, og at denne kampen i stor grad blei ført mellom helse- og rettsvesenet. Ifølgje Olsson blei den kollektive definisjonen endra i justispolitisk retning på 50-talet, og, ikkje ulikt Lindgren, finn han også at overgangen frå ein diskurs sentrert kring det private og medisinske til ein kring det offentlege og strafferettslege førte med seg skjerpa moralsk fordømming.⁹⁸

Gjennom å samanlikna utviklinga i Sverige og Nederland meiner Dolf Tops å finne at det avgjerande for dei ulike tilnærmingane til narkotikabruk i desse landa var skilnaden mellom det heterogene nederlandske samfunnet med liten tradisjon for sterkt sentral kontroll og små erfaringar med offentleg regulering av rusmiddel, og det homogene svenske med sterkt sentralstat og erfaringar med alkoholkontroll.⁹⁹ I Nederland blei problemet i stor grad definert på lægre administrativt nivå og til dels av folk som var i kontakt med brukarmiljøa, og definisjonane blei institusjonaliserte gjennom samarbeid mellom ulike departement og yrkesgrupper som hadde ulike utgangspunkt og interesser. I Sverige blei derimot definisjonen utforma av komitear som var direkte utnemnde av

94 Lindgren (1993): 194

95 Lindgren (1993): t.d. 190

96 Lindgren (1993): t.d. 135

97 Lindgren (1993)

98 Olsson (1994): 197ff

99 Tops (2001)

regjeringa og mykje smalare samansatt. I tillegg blei brukarane ekskludert frå debatten i Sverige, men ikkje i Nederland, noko Tops òg knyter til tradisjonen for å tolerere skilnader og avvik i det heterogene nederlandske samfunnet.¹⁰⁰ Tops er òg oppteken av epidemimodellen, som Bergesen Lind meinte var viktig i Noreg. Denne metaforen var sentral i Sverige, medan tilsvarande nederlandske kjelder syner ei meir sosiologisk basert forståing av narkotikabruk som eit subkulturelt fenomen, som ein mote eller trend, med prognosar for utvikling av misbruk basert på modellar for spreiing av slike fenomen.¹⁰¹

Ulikt mange andre som har forska på dette, er problemdefinisjonen for Tops like mykje ein verknad som ei årsak. Det avgjerande for han er kva for aktørar som var med på å utforme definisjonen og kva for erfaring dei hadde med kontroll av rusbruk. Ein kan seie at han ser motiv og meininger ikkje primært som uttrykk for enkeltindivid sine standpunkt, men for standpunkt til interessegruppene dei representerte, som yrke, administrativt nivå (til dømes bydel, by eller stat) eller ikkje-statlege organisasjonar. I tillegg ser han på dei konkrete narkotikapolitiske tiltaka desse gruppene foreslo, og rolla dei tradisjonelt hadde spelt i kontrollen av alkohol og alkoholmisbrukarar, og finn at desse rollene blei reproduksjonale i handsaminga av narkotikaproblemet.¹⁰²

Av andre samanliknande studier kan eg kort nemne at Hakkainen, Jetsu og Skretting har gjort ein kort analyse av utvalte narkotikadebattar frå dei nordiske landa. Konklusjonen deira er at Noreg skiljer seg ut med påfallande stor grad av semje, og tilsvarande lite debatt - «the Norwegian drug policy debate of 1986 was simply a veritable show-off of the unanimous national agreement about the definition of Norwegian drug policy»¹⁰³ - og at velferdspolitikk i alle landa blei rekna som viktig forebyggande arbeid. Dette er likevel ein svært kort og summarisk artikkel, som til dels samanliknar enkeltdebattar som fann stad i noko ulik kontekst.

Innan dansk forsking er dei mest vesentlege bidraga gjort av Jacob Winsløw og Lau Laursen. Winsløw tok, som dei svenske arbeida eg har skildra, for seg korleis problemet blei oppdaga og definert. Han ser både media sin rolle, ekspansjonstrangen i den offentlege sektoren, og den såkalla «provobevægelsen» - ei radikal politisk gruppe – som faktorar i denne prosessen. Koplinga mellom eit unyansert mediebilete, opplevinga at nedarva verdier var under angrep, og ein tendens til stadig større offentlege inngrep førte til ein situasjon der det fanst både eit ønske om slike inngrep og eit apparat som sto klart til å ta hand om det nyoppdaga problemet.¹⁰⁴

100Tops (2001: 206ff

101Tops (2001): 113

102Tops (2001): 224

103Hakkainen et. al. (red.) (1996): 106

104Winsløw (1984)

Lau Laursen si undersøking skiljer seg frå anna dansk og svensk forsking ved å følgje narkotikadebatten frå midten av sekstitallet til midten av nittitallet, og ikkje fokusere utelukkande på oppdaginga og definisjonen av narkotika som samfunnsproblem. Laursen undersøkte i si doktoravhandling både innlegg i aviser og i Folketinget, og rangerte dei etter ein hovudsakleg kvantitativ metode for argumentasjonsanalyse som måler «integrativ kompleksitet». Han kom fram til at debatten heldt seg på eit særslig nivå når det gjaldt evne og/eller vilje til å ta inn over seg ulike sider ved saka, lytte til andre sine argument og utvikle nye synsmåtar.¹⁰⁵ I tillegg undersøkte han ein stor mengde avisoppslag om narkotika med fokus på kva for aktørar og perspektiv som dominerte mediebiletet om narkotika, ut frå ein hypotese om at det strafferetslege perspektivet og repesentantane for det var i overvekt. Avhandlinga er i det store eit forsøk på å vurdere i kva grad dansk narkotikadebatt kan seiast å falle inn under «moralsk panikk»-omgrep, som eg har skildra i kapittel 3, og Laursen konkluderer med at det har vore eit klart element av slik panikk i det danske ordskiftet.¹⁰⁶

Mange ikkje-skandinaviske forfattarar har brukt dette omgrepet, eller liknande modeller, som metodisk grep i undersøkingar av narkotikaproblemet. Få av desse går nært inn på politiske prosessar, og eg skal ikkje gå djupt inn i denne forskinga, men nokre få døme kan vere verd ei kort skildring. Både Goode/Ben-Yehuda og Reinarman /Levine sine analysar av politisk handtering av crack-problemet er viktige bidrag til denne tradisjonen som i nokon grad ser på politiske prosessar som del av eller årsak til, den moralske panikken. Goode og Ben-Yehuda har i tillegg sett på tilhøva kring den oppheta israelske narkotikadebatten våren 1982.

I analysen av «crack-panikken» i USA i siste halvdel av åttitallet, fann Reinarman og Levine at media spelte ei avgjerande rolle i å skape eit klima av frykt som gjorde at stadig fleire samfunnsproblem blei knytta til narkotikabruk, ikkje ulikt synspunkta til Britt Bergesen Lind for norske tilhøve. Dei går langt i å hevde at både media, politikarar og andre viktige personar og institusjonar brukte «krigen mot narkotika» («war on drugs») for å dekkje over andre samfunnsproblem, særleg dei økonomiske.¹⁰⁷ Dette perspektivet er svært likt det Bruun og Christie teikna opp for norske tilhøve, men går til dels lengre i polemiske formuleringar. Goode og Ben-Yehuda viste på den andre sida at sjølv om det "objektivt sett" – altså i truverdige undersøkingar av misbruksutvikling og liknande – fanst godt grunnlag for uro kring narkotikabruk, blei desse tala ikkje brukta korkje styresmakter eller media.¹⁰⁸ Dei viser til mange ulike faktorar, alt frå det

105Laursen (2000): 408ff

106Laursen (2000): 418-419

107Reinarman og Levine (1995): 178

108Goode og Ben-Yehuda (1994): 205ff

generelt konservative klimaet i amerikansk politikk, til dei meir tilfeldige dødsfalla til to profesjonelle, unge idrettsutøvarar, både som følgje av kokain-overdoser. I kontrast viser analysen deira av den israelske debatten i 1982 at denne blei skapt av politiet og opposisjonspartiet av heilt spesifikke, politiske grunnar.¹⁰⁹ Det vesentlege, som dei understreker i både undersøkingane, er at studier av moralske panikkar må ta høgde for både timing og innhald – det er ikkje nok å vise at nokon har interesse av dei, eller at det finst eit latent potensiale for panikk blant innbyggjarar ein viss plass. Viss ein panikk oppstår, er det alltid på grunn av konkrete årsaker, som får panikken til å bryte ut der og då, og ikkje tidlegare eller seinare.

Av ikkje-skandinavisk forsking er det i tillegg naturleg å nemne Jock Young sin klassiske studie *The Drugtakers*, som tidleg tok opp stereotypisering som viktig element i samtalene om og utviklinga av narkotikapolitikk. Young identifiserte tre hovudgrunnar til den harde reaksjonen på moderne narkotikabruk. Den første var frykt for negative samfunnsøkonomiske konsekvensar – lægre produksjonskapasitet, auka helsekostnad, mindre effektiv utdanning og liknande. For det andre meinte Young at moralsk indignasjon hos «den gode borgar» var eit vesentleg aspekt ved narkotikaordskiftet og ein sentral grunn for restriktiv kontrollpolitikk – borgarane reagerte, etter Young sitt syn, på at andre utfolda seg i ein hedonistisk livsform som dei sjølve ikkje tillet seg. Her kan ein sjå ein parallel til Lindgren sine funn i svensk diskurs – ein av «tankefigurane» han avdekkja i denne var paret pliktoppfyllande/nytingssjuk.¹¹⁰ Som nemnt fann òg Howard Becker at marihuanakontrollen i USA var inspirert av liknande tankar. Den tredje årsaka ser Young i det han kallar «humanitarianism» - eit syn på misbrukarar som hjelptrengande, og forsøk på å få dei tilbake på rett spor. Han er likevel skeptisk til denne siste kategorien, som etter hans mening ofte er eit skalkeskjal for dei to andre, kanskje særleg for den moralske indignasjonen.¹¹¹

3.2.2 Politisk argumentasjon

Ei bok skiljer seg sterkt ut i denne gjennomgangen av tidlegare forsking, ved å ikkje dreie seg om narkotika, men om norsk politisk argumentasjon. Eg vil nytte Dag Stenvoll si doktoravhandling *Politisk argumentasjon. En analyse av norske stortingsdebatter om seksualitet og reproduksjon 1945-2001* som samanlikningsgrunnlag i min eigen analyse. Fordi ho vil vere relativt sentral i sjølve analysen, vil eg nytte ein del plass på å grunngi denne samanlikninga, og skildre dei delane eg kjem til å nytte ein del grundigare enn den forskinga eg har presentert så langt.

Stenvoll undersøkte argumentasjon i Stortinget omkring politikk knyttta til seksualitet og

109Goode og Ben-Yehuda (1994): 185ff

110Lindgren (1993): 194

111Young (1972)

reproduksjon – til dømes abort, prostitusjon, homofili og pornografi. Dette er saksområde som eg meiner har mykje til felles med narkotikapolitikk – først og fremst fordi det i mange av desse sakene er tale om brotsverk (eller handlingar som tidlegare var brotsverk) utan klart definerte offer. Sjølv sagt kan ein seie at prostituerte er offer for både strukturell kvinneundertrykking og konkrete overgrep frå kundar, og det same gjeld i stor grad for pornografi – og mange religiøse retningar vil rekne eit abortert foster som offer. På same måte kan ein seie at narkotikabrukarar er offer for både samfunnsmessige forhold og den meir konkrete kriminaliteten i smugling og sal av narkotika. Dette er likevel i stor grad spørsmål om tolking. Dei som blir oppfatta som offer vil ofte ikkje sjå seg sjølve som det, og vil ikkje melde kriminaliteten til påtalemakta eller andre offentlege instansar – det er difor saker der prinsipielle spørsmål om i kva grad staten skal gripe inn i samfunnsmedlemmane sine liv er aktuelle. Dette kjem òg av at det er saker der ein kan vente at moralske synsmåtar er viktige. I tillegg er det saker som ofte kan seiast å dreie seg om relativt svake grupper, nokre av dei direkte marginaliserte, som prostituerte og homofile (sjølv om sistnemnde gruppe har teke steget fram i det offentlege rom dei siste tiåra).

Desse likskapane kjem tydeleg fram i avhandlinga. Stenvoll identifiserte i undersøkinga ulike typar grunngivingar for og innvendingar mot offentleg regulering. Han fann at debatten gjerne var sentrert rundt spørsmål om individuelle val og sosial kontroll, til dømes i kor stor grad staten skulle vere ansvarleg for å regulere åtferd som blei oppfatta som umoralsk.¹¹² Skadefølgjeprinsippet, utforma av John Stuart Mill, var ifølgje Stenvoll vesentleg i desse debattane. For at åtferd skulle kunne regulerast av det offentlege, måtte ho vere til klar skade for andre – eller eventuelt for ein sjølv, men berre viss dei som stod for denne åtferda ikkje blei rekna som i stand til å ta vare på seg sjølv, som barn, mentalt sjuke og liknande grupper.¹¹³ Det er naturleg å vente at narkotikabrukarar fell inn under denne kategorien viss Stenvoll sine resultat er gjeldande for den narkotikapolitiske debatten.

Alt dette gjer desse sakene like nok til at ei samanlikning kan vere fruktbar. Dette tyder sjølv sagt ikkje at det ikkje er skilnader. Den klart viktigaste er at Stenvoll har undersøkt debattar der representantane er grunnleggande ueinige, medan narkotikadebatten er prega av semje, som eg vil vise i analysen. Dette gjer det mogleg å sjå på kva for særtrekk ved narkotikadebatten som skuldast denne semja, eller i alle fall å sjå døme på slike særtrekk som sannsynlegvis er resultat av ho.

Dette gjeld først og fremst det han kallar «Ulike politiske tiltaks virkemåte» og «Praktiske

112Stenvoll (2003): 124ff

113Stenvoll (2003): 164ff

konsekvenser av reguleringsstrategier».¹¹⁴ Stenvoll klassifiserte ulike forventa verkemåtar av politiske tiltak, som kunne tene som argument for og mot ein spesifikk reguleringsstrategi. Nokre kunne nyttast som argument både for og mot, men grovt sett kan ein dele dei i to grupper – typiske for- og motargument. Eg gjengir dei her med Stenvoll sine eigne døme:

Til den første gruppa hører *direkte regulerande effekt* (til dømes den direkte avskrekkande effekten av forbod mot pornografi), *haldningsskapande effekt* (den meir langsiktige oppbygginga av motstand mot pornografi ved forbod), og *symbolisk effekt* (som markeringa av samfunnet sin motstand mot prostitusjon ved å forby kjøp av seksuelle tenester). Til den andre hører *marginal eller ingen effekt* (til dømes forestillinga om at prostitusjon er så vanleg eller naturleg at det ikkje vil lukkast å fjerne det ved forbod), *motsett effekt* (som at forbod mot pornografi ville gjere det meir spanande og lokkande) og *utilsikta konsekvensar* (som at kriminalisering av sexkjøp kunne føre til brutalisering av prostitusjonsmiljøa). To andre typar argument er vanskelegare å plassere. Dette er dei Stenvoll kallar «Realistiske problemdefinisjoner og pragmatiske løsninger»¹¹⁵ og «Effektivitet og prioritering».¹¹⁶ Den førstnemnde typen illustrerer Stenvoll med eit døme frå abortdebatten – tilhengjarar av liberal lovsgiving skulda motstandarane for å ikkje innsjå at abortar alltid ville finne stad, men gjerne i mindre menneskeverdige former viss ein heldt på eit forbod.¹¹⁷ Den andre dreier seg om i kva grad eit foreslått tiltak blir sett på som den beste vegen til målet – her nyttar Stenvoll argument frå debattar om fostervannsprøver som døme. Slike prøver blei av nokre representantar rekna som så dyre at det ville vere betre prioritering å bruke midla på andre helsefremmande tiltak for barn.¹¹⁸ I tillegg såg Stenvoll på autoritetsgrunnlag for politiske avgjerder. Han fann at lekmannskunnskap, personlege erfaringar, sunn fornuft, kjensler og verdiar kunne bli brukt for å underbygge argumentasjon, men at henvising til ekspertar og fakta var den vanlegaste forma for slikt grunnlag.¹¹⁹

Desse idealtypiske kategoriane av argument og legitimitetsgrunnlag er sentrale i min bruk av Stenvoll som samanlikningsgrunnlag. Eg ser dei som typiske uttrykk for ein grundig debatt der fleire sider ved ei sak blir trekte fram, og der talarane underbygger desse synsmåtane med ekspertkunnskap. I eit ordskifte der semja er stor vil det venteleg vere mindre slik drøfting. Å sjå dei konkrete argumenta som blir nytta i lys av Stenvoll sine overgripande kategoriar vil dessutan kunne seie noko om siktemålet med politikken, og om korleis narkotikaproblemet blei konstruert som objekt for politisk påverknad – blei det til dømes rekna som mogleg å påverke narkotikabruk

114Stenvoll (2003): 213ff

115Stenvoll (2003): 220

116Stenvoll (2003): 224

117Stenvoll (2003): 220

118Stenvoll (2003): 225

119Stenvoll (2003): 239

gjennom direkte regulering, eller var symbol- og haldningsskapande effekt meir sentrale? Og i kor stor grad kan ein finne skilnader i grunngiving mellom ulike former for narkotikapolitiske tiltak?

Endeleg fann Stenvoll at det politiske språket utvikla seg mot meir «flertydighet» - ulike aktørar opererte med ulike forståingar av sentrale omgrep i debattane, noko som i Stenvoll si tolking gjorde det mogleg for dei å drøfte og finne kompromissløysingar i saker som dei ellers ville hatt vanskeleg for å tale om:

«Det er ikke sikkert at det politiske systemet ville tålt full åpenhet og verdimessig klare standpunkter i forhold til grunnleggende konflikter (...). Flertydige prinsipper, begreper og problemrepresentasjoner skaper dybde og kompleksitet i konfliktløsningsstrukturen, slik at de splittende kreftene kan fordeles på flere nivåer og dimensjoner for å holde det politiske systemet/fellesskapet sammen.»¹²⁰

Stenvoll gjer det tydeleg at det er den grunnleggande usemja om problema som gjer dei fleirtydige omgrepa og prinsippa til naudsynte delar av debattane. Om slike fleirtydige representasjonar er like viktige i den meir unisone narkotikadebatten, og kva funksjon dei eventuelt har, kjem eg kort tilbake til i sjølve analysen.

120Stenvoll (2003): 301

4.0 Problemstilling, påstandar, spørsmål og avgrensing

4.1 Problemstilling og påstandar

Den opprinnelige problemstillinga for denne oppgåva har, som eg gjorde klart i introduksjonen, vore spørsmålet:

Korleis har narkotikabruk blitt konstruert som fenomen i stortingsdebattane, og kva følgjer har dette fått for ordskiftet om narkotikapolitikken?

Basert på teori og tidlegare forsking vil eg her konkretisere denne problemstillinga litt meir ved å komme med to påstandar eller hypotesar, som eg vil freiste å stadfeste eller avsanne gjennom analysen av debattane:

Ordskiftet om narkotikapolitikk har vore prega av eit dommande og stereotypiserande syn på narkotikabruk, -brukarar og andre grupper som aksepterer slik bruk, i motsetning til grupper som er motstandarar av narkotikabruk.

Både Richard Jenkins og Joseph Gusfield meiner at moralsk fordømming av avvikarar eller lovbrytarar som blir oppfatta som ein trussel mot orden og etablerte verdiar, er ein viktig del av normgivande prosessar. Lindgren, Olsson, Becker og Young har funne døme på slik fordømming i svensk, amerikansk og engelsk narkotikadebatt, og Cohen har vist korleis dette kom til uttrykk i rettsprosesser i sin studie av moralsk avvik. Både Cohen og Bromley er dessutan opptekne av rolla til det Cohen kalla «folk devils», dei som får skulda for eit problem. I høve til mitt rammeverk er dette desse som blir plasserte klart utanfor det normale og aksepterte. Eg ventar at dette vil gjelde seljarar av narkotika, medan brukarar kan bli konstruerte slik eller som «liminale» - som grensetilfelle. Smittemetaforen, som Bergesen Lind har påvist i det tidlege materialet, og som Dolf Tops har funne i ei tilsvarende rolle i svensk debatt, kan tyde på at dette siste er tilfellet.

Ordskiftet om narkotikapolitikk blir ein arena for gjentakande markering av dette dommande synet, og av grensene mellom normalt og avvikande, snarare enn for argumentasjon basert på vitskaplege konstruksjonar av problemet, medan kunnskap og argument som ikkje støtter den rådande politikken blir avfeid eller oversett.

Jenkins legg vekt på det han kallar ritualisering av grensemarkeringa – altså på klargjering av kor grensene går og gjentaking av markeringa. Både Ragnar Hauge og Bruun/Christie har peikt på korleis forsking som ikkje støtta den restriktive linja blei ignorert i dei tidlege åra av perioden eg har undersøkt,¹²¹ medan Svanaug Fjær har vist at vitskapleg produsert kunnskap som ikkje støtta politikken har hatt tronge kår i det norske ordskiftet. Lau Laursen fann i si undersøking at debatten i Danmark har vore prega av at talarane i liten grad lytter til andre sine argument, eller freistar å utvikle nye synspunkt i drøftinga av narkotikaproblemet.

4.2 Konkrete spørsmål for analyse

Desse påstandane er eit noko vagt utgangspunkt for ein analyse, og for å teste dei mot det empiriske materialet, har eg utforma nokre konkrete spørsmål – både som hjelp for meg sjølv i analysearbeidet, og som ein klargjering av korleis eg vil stadfeste eller avsanne påstandane mine som kan gjere denne prosessen enklare å følgje for ein leser.

For å teste den første påstanden vil eg stille følgjande spørsmål:

- Kva for grupper av aktørar i narkotikaproblemet blir konstruerte i ordskiftet, og kva kjenneteiknar desse gruppene?

For at påstanden skal bli stadfesta er det naudsynt at einsarta karakteristikkar av klart skilte grupper dominerer ordskiftet. Flytande overgangar mellom gruppene, eller stor grad av differensiering innad i dei, vil avsanne han. Eg vil, i tråd med Jenkins sin teori, særskilt sjå på kva rolle *moral, sosial identitet* og *normalitet* speler i klassifiseringsprosessen. I tillegg til brukarar og seljarar av narkotika, vil politikarane sjølve vere ein viktig gruppe, i tråd med perspektivet til mellom andre Howard Becker på studiet av avvik. Fordi eg interesserer meg for samanhengen mellom politisk debatt og vitskapleg produsert kunnskap, vil det vere særskilt aktuelt å sjå etter om akademiske ekspertar er nemnde. Andre grupper vil bli registrerte i den grad dei er tydeleg til stades i kjeldematerialet.

- I kva grad blir desse konstruksjonane av aktørar nytta som argument for utforminga av politikken?

Konstruksjonen av grupper kjem ikkje berre til uttrykk i korleis stortingsrepresentantane taler om dei, men òg i korleis dei vil forholde seg til desse gruppene i praksis. For at ein skal kunne seie at

121Hauge i Middelthon og Waal (red.) (1992): 153 og Bruun og Christie (2006): 117

ordskiftet er dominert av stereotype framstillingar, er det naudsynt å vise at desse får praktiske konsekvensar, eller, meir presist, at framlegg til praktisk handsaming av narkotikaproblemet stemmer overeins med bileta av aktørane i problemet. Viss det ikkje let seg gjere å knytte desse konstruksjonane til forslaga om praktisk politikk, vil det verke avsannande på påstanden.

For å teste den andre påstanden vil eg stille desse spørsmåla:

- Kva er tilhøvet mellom gruppe-karakteristikkar og faktapåstandar i argumentasjonen for narkotikapolitiske tiltak?

For å stadfeste påstanden må eg kunne vise at stereotypiske framstillingar av aktørane ikkje berre er viktige i ordskiftet, men at dei er viktigare som argument enn konstruksjonen av sjølve misbruksproblemet.

- Korleis blir faktapåstandar godt gjorte, og kva slag fakta blir framheva?

For å sjå på interessa for, eller vilja til, å nytte vitskaplege konstruksjonar av narkotikaproblemet som basis for politikken, er det vesentleg å sjå på i kva grad faktapåstandar blir godt gjorte med referansar til forsking, statistikk eller liknande. Det vil òg vere av interesse å undersøke om vitskapleg produsert kunnskap som er relevant for ordskiftet blir inkludert eller oversett. Her er det viktig å peike på at eg ikkje har full oversikt over all narkotikaforsking som er gjort, og eg vil difor avgrense denne delen av undersøkinga til å gjelde kunnskap som var tilgjengeleg for politikarane – dette vil i hovudsak vere kunnskap som blir presentert anten i sjølve ordskiftet eller i dokument tilknytta Stortinget, hovudsakleg stortingsmeldingar og utsegner frå høyringsinstansar. For å stadfeste hypotesen min må eg vise at faktapåstandar i liten grad blir underbygde med konkrete referansar, og at slike påstandar ofte blir ignorerte når dei ikkje støttar den rådande politiske linja.

- Korleis, eller i kva grad, blir effekten av rådande politikk vurdert?

I gjennomgangen av Dag Stenvoll sin analyse av politisk argumentasjon nemnde eg at ei vanleg form for innvending mot politiske tiltak var at dei hadde liten eller ingen effekt, eller at dei hadde uønskte konsekvensar. Viss eg finn svært få døme på slik vurdering i narkotikadebatten, vil det etter mi meining styrke påstanden. Ein kan sjølv sagt drøfte i kva grad norsk narkotikapolitikk har hatt effekt på misbruksproblemet, men frå vitskapleg hold har det både blitt peikt på uønskte konsekvensar, og sett store spørjeteikn ved effekten av i alle fall nokre av dei typiske tiltake, særleg

det høge straffenivået.¹²² Denne kritikken har også blitt sitert i til dømes stortingsmeldinga frå 1986, og må kunne reknast som kjent for stortingsrepresentantane.

- Korleis blir avvikande synspunkt eller argument handterte?

Dette spørsmålet er vesentleg både for å seie noko om kunnskapsgrunnlaget for politikken, og om grensemarkering. Viss argument eller synspunkt som går mot den dominante forståinga av narkotikaproblemet og/eller den narkotikapolitiske strategien blir oversette, er dette i tråd med påstanden om at interessa for kunnskapsbasert argumentasjon har vore låg. Blir slike argument tekne opp til seriøs drøfting, vil det svekkje påstanden. Talarar som fremmer slike synspunkt står dessutan, i høve til teorien om grensemarkering, i fare for å nærme seg ein posisjon utanfor fellesskapet, og eg ventar å finne døme på korrekksjon eller fordømming av slike synsmåtar, avhengig av i kor stor grad dei bryt med majoriteten sin oppfatting av problemet. Viss eg ikkje finn at dette skjer i alle fall i mange av dei tilfella der avvikande synspunkt blir uttrykte, svekkjer dette teorien om avvik som grensemarkering.

4.3 Avgrensing av kjeldemateriale, tidsperiode og geografisk område

Som eg har nemnt vil eg analysere stortingsdebattar om narkotikapolitikk frå 1966 til 2001. Grunnen til at eg har valt nettopp dette kjeldematerialet, er først og fremst at eg er interessert i å identifisere dei konstruksjonane av narkotikaproblemet som ligg til grunn for politikken som har blitt ført. Andre former for dokument frå stortingforhandlingane, som utgreiingar, proposisjonar og innstillingar, er skrivne i grupper, gjerne som kompromissløysingar, og er difor meir tekniske og nøytrale i stilten enn debattinnlegg, som, trass i at dei i stor grad er skrivne eller i alle fall førebudde før debatten, er einskilde representantar i muntleg tale. Det er i debattar at stortingsrepresentantane i størst grad freistar å markere seg og sine standpunkt, og sjølv om debattane nok kan bli noko spissformulerte som følgje av dette, er det all grunn til å tru at dei reflekterer dei forestillingane om problemet som ligg til grunn for lovgivinga. Her vil eg støtte meg til Hakkainen, Jetsu og Skretting, som i si samanlikning av nordiske debattar om narkotikapolitikk hevda at

«[e]ven if the speech of MPs is largely a matter of political tactics and rhetoric there is good reason to believe - at least at a general level - that conventions and conceptions that are most important for national consciousness and morality are deeply imbedded in that speech»¹²³

122 Sjå til dømes Hauge i Middelthon og Waal (red.) 1992, Bruun og Christie (2006), Fjær (2005)

123Hakkainen, et. al (red.) (1996): 83

Eg har dessutan valt å inkludere spørjetimespørsmål i det analyserte materialet, ganske enkelt fordi dei er muntlege, individuelle utsegner slik innlegg i debattar er, og fordi det hender at perspektiv som ikkje finst i debattane kjem til syne i spørsmåla. Debattar og spørjetimespørsmål er likevel ulike sjangre, og må handsamast noko ulikt. Dette kjem eg inn på i analysen der det er relevant.

Ein type debattar er utelukka frå analysen. Dette er debattar som eigentleg ikkje dreier seg om narkotikapolitikk, men der dette temaet likevel kjem opp. Dette gjeld først og fremst generelle budsjettdebattar. I ein del slike kjem talarane sporadisk inn på narkotikapolitikk, men desse debattane er for det første svært omfattande, og ville gjere det totale kjeldematerialet ovleg stort om dei blei inkluderte. For det andre kjem talarane i desse debattane sjeldan inn på konkrete tiltak eller grunngivingar og nyttar få faktapåstandar eller karakteriseringar i høve til kva som er tilfelle i dei spesifikke debattane om narkotikapolitikk. I tillegg ville dei mange talarane som ikkje nemner narkotikapolitikk i slike debattar gjort analysen uoversiktleg og vanskeleg forståeleg for ein leser, og det er svært lite truleg at dei ville ha påverka resultata av analysen vesentleg. Nokre andre typer debattar, til dømes om prostitution eller annan kriminalitet knytta til narkotikabruk, inneheld og innlegg som nemner narkotikapolitikk, men dei er heller ikkje inkluderte, av dei same grunnane som budsjettdebattar.

Tidsmessig strekkjer oppgåva seg frå 1966 til 2001. Å byrje analysen i -66 var ein naturleg følgje av at det såkalla "moderne" narkotikamisbruket blei omtala første gong dette året. Det tradisjonelle misbruket av opiatar og legemiddel blei, så vidt eg veit, aldri drøfta i Stortinget, i alle fall blei lovgivinga kring det vedteke utan diskusjon. Om det har blitt nemnt er det i så fall tale om heilt marginal merksemd, og uinteressant samanlikna med omfanget av narkotikadebattar frå -66 og framover. Sluttpunktet for analysen er derimot meir tilfeldig valt. Eg ønskete å sjå på effekten av overdoseproblemet på ordskiftet, og dette gjorde det naudsynt å inkludere nittitalet. 2001 markerte byrjinga av ein ny stortingsperiode og eit nytt hundreår, og eg fann det difor naturleg å avslutte der. Geografisk har eg valt å halde meg til Noreg, sjølv om samanlikning med andre land ville gitt verdifulle perspektiv til analysen. Denne avgrensinga falt likevel naturleg med tanke på det begrensa omfanget av ei masteroppgåve. Eg veit ikkje det nøyaktige omfanget av det totale kjeldematerialet eg har brukt, men eg vil anslå at det ligg i overkant av 1000 sider med referat frå stortingsdebattar og spørjetimar, i tillegg til kontekstuelt materiale som stortingsmeldingar, innstillingar og proposisjonar.

5.0 Metode

5.1 Konkret framgangsmåte

Omgrepa språkbruksanalyse, argumentasjonsanalyse, diskursanalyse og retorisk analyse kan alle nyttast om den framgangsmåten eg har brukt, men er òg utrykk for mange spesifikke metodiske og teoretiske tradisjonar. Mange av desse er innbyrdes motstridande eller overlappande, og eg vil gjere det klart at eg, når eg nyttar dei, ikkje refererer spesifikt til ein eller fleire slike tradisjonar, men meir generelt til ein prosess der ein forsøker å avdekkje noko av språket sin funksjon i ein tekst . Snarare enn å knytte meg direkte til ei spesifikk forståing av desse uttrykka vil eg kort skildre framgangsmåten eg har nytta, og dei viktigaste utfordringane eg har støtt på i prosessen.

Det eg var ute etter i denne analysen, var å finne fram til kva for konstruksjon av problemet med narkotikabruk som ligg til grunn for politikken som har blitt vedteke. Som eg har skildra tidlegare, har analysearbeidet rette seg mot konstruksjoner av dei aktørane eller gruppene som er viktige i debatten, mot konstruksjoner av sjølve misbruksproblemet gjennom faktapåstandar, og mot korleis desse blir nytta som grunngiving av ulike forslag til politikk. I tillegg har eg undersøkt i kva grad dei ulike argumenttypane som Dag Stenvoll har identifisert kan gjenfinnast i narkotikadebatten, og korleis avvikande synsmåtar har blitt handterte.

5.1.1 Karakterisering

For å finne ut korleis dei ulike gruppene blir konstruerte i debatten, har eg sett på ord og uttrykk som skildrar desse. Å systematisere slike uttrykk har mykje til felles med ei diskursanalytisk tilnærming i tradisjonen frå Michel Foucault, eller med vidareutviklingar av hans arbeid – særleg i synet på identitet og grupper som *sosialt og språkleg konstituerte*, slik eg har gjort greie for i eit tidlegare kapittel. Det er likevel ikkje tale om ein diskursanalyse i konkret forstand, som innanfor mange av tradisjonane på feltet innebærer ein mykje grundigare analyse av heile teksten (og eventuelt praksisar, biletet, arkitektur og anna) snarare enn heilt spesifikke element frå han.¹²⁴

I denne delen av analysen inngår sjølv sagt alle adjektiv knytta til grupper og konkrete substantiver nytta som synonym for desse gruppene, men vil òg ofte inkludere handlingar som etter talaren sitt syn kan/bør eller ikkje kan/bør gjerast av eller mot dei, så vel som direkte kontrastar mellom grupper eller mellom ei gruppe og andre fenomen rundt ho, som til dømes samfunnet, moralske verdiar eller levemåtar. Eg har likevel ikkje gått lenger i denne retninga enn å inkludere dei tilfella der det er klart kva dei to fenomena som blir kontrasterte er, og der denne kontrasten blir gjort

124Sjå til dømes Jørgensen og Phillips (1999)

eksplisitt i materialet. Til dømes har eg for brukarar etablert karaktertrekket «ansvars-/kunnskapsløyse», og for politikarar trekka «ansvar» og «kunnskap», men ei karakterisering av politikarane som fell innanfor desse, har ikkje blitt rekna som karakterisering av brukarar sjølv om ein lett kan lese denne kontrasten inn i materialet. Dette hindrar sjølvsagt ikkje at desse kjennemerkene kan haldast opp mot kvarandre når eg ser på den totale effekten av karakterisering.

Eg har ikkje inkludert det som til kvar tid framstår som den nøytrale nemninga på den aktuelle gruppa. Dette gjeld først og fremst brukarar og seljarar/smuglarar av narkotika. For brukarar tyder dette at ord som «narkoman», «narkotikar», «stoffmisbrukar», «narkotikamisbrukar», «rusmisbrukar» og «rusmiddelmisbrukar» er utelatt, medan uttrykk som «omsetjar», «smuglar», «forbrytar» eller «kriminell» ikkje er rekna med i karakteristikkane av seljarar. Dette tyder ikkje at desse orda var verdinøytrale for talarane eller tilhøyrarane, eller at ikkje innhaldet i dei er ulikt eller endra seg gjennom den tidsperioden eg har undersøkt, men at dei konnotasjonane og assosiasjonane som knytta seg til orda betre kan analyserast gjennom å sjå etter spesifikke karaktertrekk som blir knytt til dei i debattane. Eg har dessutan ikkje rekna med omgrepa «klient» eller «bebuar», sjølv om eg vil nemne utviklinga mot større bruk av slike ord, fordi dei relativt kort tid etter at dei blir introduserte går over til å bli eit reitt synonym for typen «rusmiddelbrukar» når talaren snakkar om brukaren i relasjon til det institusjonelle hjelpeapparatet. På same måte har eg ikkje lagt vekt på om talarar nyttar orda «pårørande» eller «foreldre», sjølv om det kjenslemessige innhaldet i det siste må seiast å vere sterkare. For politikarar og fagfolk gjeld tilsvarande vurderingar. Dei første blir omtalte som «vi» eller «politikarar», utan at eg har skilt mellom eller registrert frekvensen av desse uttrykka. Fagfolk blir omtalte anten som gruppe - «legar», «behandlarar» «akademikarar» eller anna, ofte varierande etter om talaren er negativ til gruppa eller ikkje – eller som namngitte individ, og dette har eg heller ikkje inkludert, mest fordi det ville gjort ein allereie detaljrik analyse meir uoversiktleg.

Eg bør òg gjere lesaren merksam på at det ikkje alltid har vore lett å skilje mellom tilfella der representantane talar om brukarar og der dei talar om ei gruppe eg i analysearbeidet kalte «ifaresonen» - det vil seie dei som talaren er mest uroa for at skal bli brukarar. Desse gruppene opptrer gjerne side om side i dei innlegga der sistnemnde er til stades, og som eg vil gå litt nærmare inn på i sjølve analysen ser det òg ut til at dette skiljet ofte blir gløymt eller ignorert av talarane. Stort sett har det likevel vore mogleg å gjere dette skiljet ut frå konteksten, og eg har ikkje inkludert denne gruppa i analysen, fordi ho aldri skiljer seg vesentleg frå biletet av brukarar og difor tener meir til å komplisere framstillinga enn til å bidra med nye innsikter.

5.1.2 Faktapåstandar

Med «faktapåstand» meiner eg her ei utsegn som vert presentert som objektivt sann, som i prinsippet er etterprøvbar, som ikkje direkte karakteriserer grupper eller individ, og som eksplisitt eller implisitt blei nytta som grunnlag for politikkutforminga. Særleg det siste punktet gjorde det naudsynt å gjere svært mange kvalitative vurderingar av kva påstandar som skulle teljast med – i praksis har det vist seg at slike påstandar hovudsakleg blir nytta implisitt i store delar av materialet, og dette kravde sjølvsagt meir analysearbeid enn om eksplisitt bruk hadde vore vanleg. I arbeidet med å avgjere kva for faktapåstandar som passa inn i definisjonen, har eg nytta tradisjonell argumentasjonsanalyse, som eg vil skildre under «Forslag og grunngiving». Ellers er det vesentleg å peike på at eg telte med mange faktapåstandar som ikkje blei nytta som argument for noko konkret forslag. Når eg fann at slike påstandar var del av eit meir generelt resonnement om at «noko må gjerast», men utan at dei kunne knyttast til eit eller fleire spesifikke forslag, inkluderte eg dei som faktapåstandar, men ikkje som grunngiving – dette gjeld òg innlegg der det ikkje blei gjort faktiske framlegg til politiske tiltak, så lenge synspunktet «noko må gjerast» blei fremma i innlegget.

5.1.3 Forslag og grunngiving

Den tredje delen av analysen dreier seg om forholdet mellom dei forslaga til praktisk politikk som blir lagde fram, og argument som direkte eller indirekte tener til å underbygge, forklare hensikten med, eller sannsynleggjere effekten av, slike forslag. Denne delen av analysen har meir til felles med tradisjonell argumentasjonsanalyse, slik dette til dømes blir skildra av Johnsen, Slaattelid og Ågotnes (2006), men eg har lagt vekt på å vise korleis argumentasjonen framstår eksplisitt i innlegga, heller enn å vise den formelle strukturen med implisitte relevans- og haldbarheitsargument. Til dømes kan eit forslag om straff for sal av narkotika vere grunngitt med allmennpreventiv effekt, og sekundært med seljar-karakteristikk(ar) som gir relevans til allmennprevensjons-argumentet – seljarar er profittmotiverte, forretningsmessige eller liknande. Eg ville i dette tilfellet rekne både desse argumenta som grunngiving, fordi dei er eksplisitt nytta i innlegget. Motsatt kan eit forslag om straff for bruk av narkotika vere grunngitt med at straff moglegger behandling. Implisitt ligg sjølvsagt argument om at brukarar treng behandling (både at dei ikkje klarar seg på eiga hand, og at behandling er ein effektiv, eller den mest effektive, måten å hindre vidare misbruk). Desse implisitte argumenta ville ikkje bli rekna med som grunngiving. Fordelen med ein slik framgangsmåte er at han gir eit klart bilet av kva representantane fann det viktig å framheve i innlegga sine, og at han ikkje gjer det naudsynt å spekulere i kva for implisitte argumentalarane nyttar – til dømes kan eit forslag om å styrke politi- og tollvesenet, med argumentet om at det er registrert auke i heroinsmugling, bygge på mange ulike implisitte

resonnementer (styrkinga kan mellom anna ha symboleffekt, direkte effekt på mengden av heroin som blir smugla inn (anten ved auka beslag eller ved avskrekkande effekt), eller sørge for at fleire smuglarar får si rettferdige straff). Dette har gjort det naudsynt å operere med klassifiseringa «ingen klar grunn» for mange forslag. Dette tyder sjølv sagt ikkje at representantane ikkje har hatt ein eller fleire grunnar for å lansere forslaget, men at grunngivinga ikkje blir gjort eksplisitt i innlegget.

5.1.4 Argumentasjon

Skiljet mellom «Forslag og grunngiving» og «Argumentasjon» kan nok verke unaudsynt, og er ofte flytande, og i sjølve analysen vil eg fleire gonger foregripe denne inndelinga litt der det er naturleg. Grunnen til at eg har valt å skilje dei, er for det første at eg ønskjer å framheve skilnaden på grunngivinga i individuelle innlegg i debattane, og på strukturen i heile debatten. Under «Forslag og grunngiving» vil eg vise kva for argument dei einskilde talarene nytta, medan eg under «Argumentasjon» i større grad vil ta for meg korleis talarane forholder seg til andre sine argument. For det andre vil eg under denne overskrifta sjå på i kor stor grad dei ulike argumenttypane frå Stenvoll sin analyse er til stades i mitt materiale. Dette er altså ein del av analysen som blei gjort i ettertid, og ikkje i det direkte møtet med kjeldematerialet.

5.1.5 Avvikande synsmåtar

Som eg peikte på i forrige kapittel er det å sjå på korleis dissens frå den dominerande politiske linja blir handtert av representantar for fleirtalet viktig for å avgjere i kva grad grensene mellom det normale og det avvikande blir markert. Det er difor først og fremst synspunkt som går i det ein kan kalle ein "liberal" retning som er interessante her. Med dette meiner eg synspunkt som i nokon grad normaliserer narkotikabruk, som syner større aksept for eller mindre fordømming av slik bruk eller av sal, innføring og liknande. Synsmåtar som skiljer seg ut ved å vere *meir* fordømmande enn den dominerande linja er aldri nære grensa mellom det eg reknar som presumptivt "normalt" og "avvikande", altså grensa mellom aksept av og motstand mot narkotikabruk, og har slik sett mindre relevans for analysen. Det har likevel vore ei vanskeleg avveiing om eg skulle trekke inn reaksjonar mot særleg dømmande dissens – viss slike reaksjonar er om lag like vanlege som reaksjonar mot særleg aksepterande dissens ville det gjere dei sistnemnde lite brukbare som indikasjon på grensemarkering. I den praktiske analysen har det imidlertid vist seg å vere problematisk å inkludere dei førstnemnde fordi dei er vanskelege å identifisere. Synsmåtar som går i liberal eller normaliserande retning skiljer seg ut ved å gi alternative tilnærmingar til narkotikapolitikken, eller alternative tolkingar av narkotikaproblemet – typiske døme er motstand mot straff eller andre restriktive tiltak, og samanlikning mellom narkotikabruk og alkoholbruk. Særskilt dømmande eller restriktiv dissens skiljer seg derimot frå majoritetssynet berre ved å ønske

meir straff og kontroll enn fleirtalet, ikkje ved å presentere ei alternativ tolking. Dimed blir reaksjonen i seg sjølv det som viser at eit synspunkt er for ekstremt til å bli inkludert som del av fleirtalet sitt syn, og det blir umogleg å seie noko definitivt om kor ofte slik dissens blei reagert mot. Slike reaksjonar er likevel svært få, og har i praksis ingen verknad på resultata av analysen, og eg har difor freista å løyse dette problemet pragmatisk, ved å nemne dei i analysen der det høver seg, men utan å inkludere dei direkte i drøftinga av avvikande synsmåtar.

5.2 Kvalitativ og kvantitativ tilnærming

I arbeidet med denne oppgåva har eg nytta både kvalitativ og kvantitativ metode. Det er viktig å understreke at den siste analyseforma kviler på den første, og at ein difor må sjå analysen som grunnleggande kvalitativ, men med ei sekundær kvantifisering. Denne vil vonleg gjere resultata lettare tilgjengelege for lesaren, og fungere illustrerande, men primært har siktemålet med denne delen av prosessen vore å utøve ein viss kontroll over eigne, subjektive oppfattingar av kjeldematerialet. Dette materialet er omfattande og strekkjer seg over relativt lang tid, og eg har ønskt å sikre meg mot at analysen skulle bli påverka av eit inntrykk av visse tendensar som meir eller mindre dominerande i ordskiftet enn dei faktisk var. Det ville vere lett å feste seg ved iaugefallande uttrykk, argument eller formuleringar, og oversjå dei mindre oppsiktsvekkjande. Kvantifiseringa tener til å redusere faren for at framstillinga av analysen blir dominert av det eg sjølv finn mest interessant eller merkverdig. Likevel har det kvalitative aspektet alltid vore grunnlaget, og mange stader i materialet har eg vore nøydd til å gjere kvalitative vurderingar av ord, uttrykk og resonnementer for å avgjere både i kva grad dei var relevante for analysen, og, i den seinare delen av prosessen, korleis dei skulle grupperast. I både fall er det tale om tolking i ein reint hermeneutisk tradisjon, og ein annan lesar ville ikkje berre moglegvis, men heilt sikkert komme til andre resultat enn eg har gjort i mange slike tilfelle. Her får den kvantitative tilnærminga endå ein funksjon i høve til lesaren, som ved å sjå dei numeriske resultata i større grad kan vurdere sjølv om overvekta av nokre karakteristikkar eller argument er så stor at resultata verkar klare, eller om dei ligg innanfor det ein sjølv måtte rekne som rimeleg feilmargin for ein språkbruksanalyse.

Den kvantitative delen av analysen har òg bydd på nokre utfordringar som eg må ta opp her. Først og fremst gjeld dette repetering av karakteristikkar, faktapåstandar, forslag og argument, både i enkeltinnlegg og i heile debattar. Somme talarar er nyttar fleire karakteristikkar enn andre, og det har vore ei vanskeleg avveiing i kor stor grad eg skulle inkludere alle desse i analysen. På den eine sida kunne dette leie til eit skeivt bilet av ordskiftet, der nokre talarar sine innlegg blei meir tungtveiande enn andre, men den sterke tendensen, særleg i dei tidlege åra, til å stadig repetere visse slike kjennemerke er òg ein viktig del av strukturen i debattane, og analysen ville heller ikkje bli

fullstendig utan dette aspektet. Eg har valt ei mellomløysing, der karakteristikkar som fell inn under same hovudgruppe berre blei telt med ein gong per talar per debatt, medan alle ulike karakteristikkar frå same talar er inkluderte. Som eit døme kan ein tenkje seg at ein talar karakteriserer brukarar med uttrykka «kan ikkje ta vare på seg sjølv», «uskuldig», «slave av stoff», «barn og unge», «ungdommar» og «blir lokka av seljarar». Første, tredje og siste uttrykk blir alle klassifiserte under «veikskap», og berre ein slik karakteristikk blir registrert, fjerde og femte blir klassifiserte under eitt som «unge», medan det andre går inn under «uskuldig». Det same har eg gjort med forslag, argument og faktapåstandar, sjølv om repetering av slike utsegner er langt sjeldnare, og difor ikkje har vore problematisk i same grad. Eit forslag som blir fremma av same talar to gonger i same debatt, blir dimed rekna med berre ein gong, men viss grunngivinga er ulik ved dei to høva blir dei registrerte som to ulike grunngivingar.

I tillegg har eg i tabellane i vedlegget presisert skilnaden mellom talet på innlegg og på ulike talarar, både for dei heile debattane, og for kvar kategori av utsagn eg har telt. Eg håper dette gjer det enklare for lesaren å sjå kor viktig eller uviktig kvar kategori har vore i debatten, og at det samstundes viser noko av tendensen til gjentakande karakterisering, sjølv om tendensen hos somme av talarane til å gjenta liknande karaktertrekk svært mange gonger blir lite synleg. Dette har eg likevel sett som eit lite problem, fordi det er dynamikken i heile ordskiftet, meir enn innhaldet i enkeltinnlegga, eg har ønska å undersøke. Når eg i teksten nyttar orda «innlegg» og «talarar» er dette ikkje synonymer, men viser til denne konkrete skilnaden.

Dette hindrar likevel ikkje at ei lita gruppe talarar kan komme til å dominere analysen gjennom å delta i fleire debattar enn andre, og gjennom eventuelt å delta over lengre tid. Ein kan ikkje ignorere at somme av stortingsrepresentantane har vore spesielt engasjerte i saka, slik det nok er vanleg i stortingsdebattar, og at dei dimed kjem til å bidra tyngre til analysen enn andre. Av særleg to grunnar er dette likevel mindre problematisk enn ein kunne tru. For det første er det i ein god del debattar mange nok talarar til at denne effekten blir liten, og for det andre er resultata av analysen i enkeltdebattar med berre eller nesten berre ulike talarar, i svært stor grad dei same som for heile periodar. Den største faren ligg i at uortodokse synspunkt eller uttrykk kan verke meir utbreidde enn dei var ved at same talar ytrar dei mange gonger, men når enkeltrepresentantar skiljer seg ut på denne måten har eg lagt vekt på å vise det i teksten, heller enn å gjere spesielle grep i den kvantitative framstillinga.

5.3 Analyseprosesesen

For å ytterlegare klargjere korleis eg har gjennomført analysen, finn eg det naturleg å seie noko om det konkrete arbeidet. Dette har vore ein mangeledda prosess. I første del gjekk eg gjennom kjeldematerialet, og noterte alle formuleringar, argument og synsmåtar som låg innanfor den teoretiske rammen for prosjektet, utan å gjere noko forsøk på å kategorisere eller systematisere desse. I løpet av gjennomgangen fekk eg, gjennom større innsikt i heile materialet, nokre nye perspektiv på tolkinga av det, og til slutt gikk eg over materialet igjen og sjekka notata mine opp mot originalteksten, både for å kvalitetssikre analysen og inkorporere desse nye perspektiva. I neste fase systematiserte eg desse funna, og lagde større kategoriar av karakteristikkar, forslag og argument som oppsummerte dei mange ulike formuleringane i stortingsdebattane, og las utvalde, store debattar igjen for å teste desse større kategoriane mot empirien. Til slutt talte eg over alle formuleringane frå notata og plasserte dei i dei større gruppene. Sjølv teljinga gjorde eg to gonger for heile materialet, men enkeltdebattar med mange vanskeleg kategoriserbare einingar blei telt fleire gonger med ulikt fokus for å sjå kor store utslaga for dei endelige tala blei. Dei grunnleggande vanskane med presisjon i ein kvalitativ analyse kan illustrerast godt med dei mange gongene eg har fått ulike tal ved ulike oppteljingar, men ved desse høva er det snakk om svært små forskyvingar i ei retning eller ei anna, til dømes mellom nærskyldne grupper av karakteristikkar. Desse vil ha liten eller ingen praktisk verknad på hovudresultata av analysen eller på konkusjonane eg trekkjer av han, og dei mange oppteljingane har mest bidratt til å gi ekstra ettertanke til nokre av tolkingane eg gjorde i andre del av prosessen.

At dei teoretiske føresetnadene, og dei funna som andre forskrar har gjort i meir eller mindre liknande analyser, var viktige styrande faktorar for undersøkinga, er klart. Eg valte ut dei spesifikke delane av ordskiftet som analysen omfattar basert på det teoretiske rammeverket, og klassifiseringar som «moralsk dom» eller «normalitet» er konstruerte spesielt for å vise i kva grad dette verkar fruktbart som analytisk verktøy på debattar om avvikande åtferd. Eg har likevel, som eg har skildra over, freista å halde meg nært empirien, og å klassifisere formuleringar og argument i grupper som framsto som naturlege i møte med kjeldematerialet. Slik sett har eg prøvd å balansere eit teoribasert perspektiv med eit empirinært.

6.0 Analyse

Del 6.1

Første periode (1966-1976): Narkotika inntek Stortinget.

6.1.1 Om perioden

Første gong moderne narkotikabruk blei teke opp i ein stortingsdebatt var i eit spørjetimespørsmål frå representanten Halvor Bjellaanes til statsråd Elisabeth Schweigaard Selmer niande mars 1966. Bakgrunnen var oppslag i pressen om aukande marihuanaomsetting blant unge. Selmer svarte at det sidan sommaren året før, då ein amerikansk student var blitt utvist for marihuana-bruk, hadde dukka opp nokre tilfelle av slik omsetting, og at styresmaktene fulgte situasjonen. Ho meinte det var liten grunn til uro, men at regjeringa var klar over «faren som truer», særleg for at overdreven publisitet kring problemet skulle skape interesse «blant svake sjeler». ¹²⁵ Med desse formuleringane uttrykte Selmer i kortform det som skulle bli eit hovudtema i heile ordskiftet om narkotika i lang tid framover, og spesielt i dei neste ti åra – første periode i min analyse – frykten for *framtidig utvikling* av misbruksproblemet og biletet av den unge narkotikabrukaren som svak, eit lett påverkeleg offer for moderne rotløyse og framandgjering.

Som Britt Bergesen Lind viste alt i *Narkotikakonflikten*, fekk narkotikaproblemet raskt karakter av ein epidemisk sjukdom i det offentlege ordskiftet, og handteringen blei deretter. Rask inngrisen, isolering av smittekjelder og brei opplysing om faren skulle minimere eller vonleg fjerne problemet fullstendig. Debattane frå denne perioden bærer sterkt preg av dette – det er minimalt med diskusjon om kva som er den rette politikken, og talarane kappast i å understreke det viktige i eit lite utval politiske tiltak sentrert rundt straff og isolasjon. Ord som «frykt», «skremmande», og «uhyggeleg» florerer. I tillegg er det eit sterkt element av moralsk fordømming til stades, ikkje ulikt dei funna Lindgren (1993) gjorde i sin analyse av den svenske debatten omtrent på same tid. Ein del talarar, særleg i dei par første årgangane, viser at dei er klar over at det ein god stund har blitt misbrukt både opiatar og særleg meir alminnelege farmasøytsiske medikament, men dette blir ikkje rekna som problematisk på same måte som *ungdommen* sitt misbruk (sjå kapittel 3 eller Lindgren (1993) for ei grundigare framstilling av korleis han tolkar denne tendensen). På same måte som representantane kappast i å understreke kor alvorleg dei ser på utviklinga, er det mange av dei som går svært langt i å uttrykkje indignasjon og rettferdig harme, i ein slik grad at det ofte overskuggar debatten om

¹²⁵St.tid (1965-66): 2286-87 – E. S. Selmer

korleis ein skal få bukt med problemet. Dette kjem tydeleg til uttrykk særleg i interpellasjonsdebattane, som er sterkt dominert av ønsket om straff og av stereotype karakteristikkar av dei gruppene som har omgang med narkotika, men òg i dei debattane som dreier seg om hjelpetiltak for narkomane og om oppretting av forvernssenter, der dei aktuelle tiltaka til ein viss grad blir fortengte av desse tendensane.

Kort sagt kan alle debattane – om straffeuke, konkrete tiltak eller meir åpne interpellasjonar – frå denne perioden karakteriserast som prega av stor semje og nesten ingen eigentleg diskusjon. Innlegga skiljer seg frå kvarandre meir i graden av alvor og moralske synspunkt enn i ulike synsmåtar, og det blir difor sjeldan naudsynt for politikarane å eigentleg argumentere for meininger eller politikk. Dette resulterer i eit ordskifte som er repetativt og insisterande snarare enn argumenterande, og som er relativt enkelt å framstille skjematiske på grunn av den lave graden av kompleksitet i forståinga av problemet og i grunngivinga av politikken som blir foreslått – slik det er vist i tabellane 1.1 til 1.8 i vedlegget. Det er òg eit ordskifte som konstruerer eit svært forenkla verdsbilete med klare linjer mellom grupper, klar rollefordeling og klare løysingar, eit bilet som blei bakgrunn for narkotikapolitikken og diskusjonen om han i mange år framover, og som eg vil gi ei skisse av i det følgjande.

6.1.2 Karakterisering og stereotypisering

I denne perioden er det to grupper som trer særst tildeleg fram – narkotikabrukarar og narkotikaseljarar. I tillegg vert politikarane sjølv konstruert eksplisitt som gruppe ved mange høve, sjølv om implisitt karakterisering som motstykke til dei andre gruppene er vel så viktig. Akademiske fagfolk, forstått som medisinsk/psykologisk/sosiologisk/kriminologisk ekspertise, er ei fjerde viktig gruppe, medan foreldre/pårørande berre så vidt er til stades i denne perioden, sjølv om dei seinare i materialet blir relativt viktige.

Som vist i tabell 1.1 florerer det med karakteriseringar av narkotikabrukarar i denne perioden. Forståinga av *ungdommen* sitt misbruk som det problematiske, i motsetnad til eldre menneske sitt misbruk av legemiddel, kjem tydeleg til uttrykk. Ung alder – nokre gonger uttrykt ved ord som «barn», «sønn» eller «datter»¹²⁶ – er den klart dominante måten å omtale brukarane på. Berre fire talarar nemner andre former for misbruk enn ungdomsmisbruket i heile perioden, og ingen av dei som meir enn ein slags historisk bakgrunn eller kontrast til det meir skremmande misbruket blant unge. Dette er som nemnt i tråd med funna til Lindgren og hans teori om kvifor narkotikabruk fekk så stor merksemd på denne tida.

126 Ot.tid (1970-71): 1133 – M. Johannesen, St.tid (1970-71): 2852 – H. Hegtun

Direkte overraskande er det heller ikkje å sjå at uttrykk for veikskap og hjelpeøyse er så sterkt framme. Bergesen Lind la, som eg har vært inne på, stor vekt på smittefare- og epidemimetaforane som bærande forestillingar i narkotikaordskiftet, og veikskap/hjelpeøyse er typiske trekk ved den sjuke. Meir interessant er det at medan smittefare som karakteristikk ser ut til å forsvinne mot slutten av perioden, blir desse uttrykka verande og styrkar seg litt – noko av biletet av brukaren som sjuk heng att sjølv etter at biletet av epidemien falmar.

Av særleg interesse for denne undersøkinga er sjølvsagt i kor stor grad omgang med narkotika blir sett på som umoralsk og/eller unormalt, ettersom dette er viktige element i Jenkins sin teori om konstrueringa av avvik. Her er det fine grensedragningar mot nettopp veikskap. Når ein talar framhever at brukarar manglar «styrke og karakter» til å stå i mot¹²⁷, eller har «falt for fristelsen»¹²⁸ kan ein sjå det som uttrykk for veikskap eller manglande moral. Framhevinga av psykiske problem som årsaksforklaring, som blir vanlegare utover i perioden, kan på liknande vis reknast under både veikskap og normalitet. Uansett blir slike uttrykk noko vanlegare utover i perioden, og erstattar til ein viss grad meir eintydige formuleringar som «svake», slik vi såg at statsråd Selmer formulerte det. Dette trekker diskursen i ei meir moral- og normalitetsorientert retning, skjønt tendensen er ikkje veldig sterkt. Normalitet er viktigare enn moral i omtale av brukaren, både i rein kvaantitet og gjennom ein meir jamn fordeling over heile perioden. Den narkotikabrukande ungdommen blir tydeleg ikkje sett på som ein del av det normale samfunnet, sjølv om det er ein klar tendens i retning av å skifte ut ord som «unormale»¹²⁹, med meir implisitte «tilbake til samfunnet»¹³⁰ eller «retur til normalt liv».¹³¹ Dette er det naturleg å knytte til den etter kvart større graden av manglande tilpassingsevne og av psykiske problem som forklaring på narkotikamisbruket.

Det viktigaste i karakteristikkane er likevel etter mi meining biletet av brukaren som *uskuldig*. Sjølv om dette ikkje er ei talmessig ruvande karakterisering, ligg det implisitt i mange andre uttrykk – både ung alder og ofte veikskap (når det ikkje er direkte relatert til karakterløyse) kan seiast å bidra til dette, og det same gjeld for så vidt smittefare – all den tid det framhever brukaren som sjuk snarare enn vondsinna. Når det blir brukt er det nesten alltid for å grunngi tvangsinnsnelling eller, ved tre hove, politiaksjonar som skal «bryte opp miljøa», og det er sterkt framme der desse vert omtalte. Ved desse høva blir brukarane kontrastert opp mot dei eller det som *eigentleg* har skulda, spesifikt omsetjarar eller miljø. Karakteriseringa av omsetjarar går eg nærmare inn på under, men rolla «narkotikamiljøa» speler er ganske lik, og nært relatert til både «smittekilde»- og «uskuldig

127St.tid. (1969-70): 2483 – B. Rognerud

128St.tid. (1968-69): 3595 – K. Asdahl

129St.tid. (1966-67): 2092 – Berte Rognerud

130St.tid. (1971-72): 2518 – Rognerud

131St.tid. (1969-70): 2474 – Oddvar Nordli

offer»-karakteristikkane. Miljøa «fanger inn»¹³² ungdommen, dei «så og si trekker dem til seg», som Salve Salvesen uttrykkjer det,¹³³ og held dei fast. Berre ein gong blir slike miljø skildra som samansett av noko anna enn uskuldig ungdom – når Berte Rognerud legg fram forslag om å fjerne nøkkelpersonar i det ho kallar «betente miljø».¹³⁴ Eufemismen «fjerne» for fengsle eller tvangsinngelge er interessant i seg sjølv, men viktigare er den generelle tendensen til å plassere skulda for problema utanfor brukarane sjølve, som ikkje kan noko for problema sine – dei er veike, blir smitta eller blir forført av seljarane. Til og med dei nokså få gongene ein talar tek opp problemet med det eg har kalla «brukar-seljarar» - brukarar som sjølv distribuerer narkotika – blir dei i stor grad frikjent for skuld. Her er det slavebindinga til stoffet som gjer at dei må selje for å finansiere sitt eige forbruk, og skiljet mellom desse og dei profesjonelle «kyniske organisasjoner»¹³⁵ blir understreka.

Det er også interessant å merke seg at sjølv når brukarar blir sette inn i ein moralsk kontekst er det nettopp tale om *mangel* på moral, og ikkje eigentleg umoral, i dei fleste tilfella – dette i kontrast til seljarane, som ofte vert karakteriserte som umoralske. Årsaken til denne mangelen vert lokalisert utanfor brukarane – det er nesten alltid samfunnsendringar som får skulda for at ungdommen saknar moralsk fiber – konkurranse- og konsumsamfunnets framvekst og eroderinga av familieverdier er den mest brukte forklaringa, med eit visst skilje mellom dei som framhever normoppløysinga dette fører til som hovudproblem, og dei som legg vekta på sosiale problemer som følgje av fattigdom og låg utdanning. Dei førstnemnde er i denne perioden i klart fleirtal, men sosiale problemer som årsaksforklaring skulle bli viktigare i andre periode (sjå denne).

Til saman skapar dette eit bilet av brukarane som svake, mistilpassa og til dels moralsk villfarne barn og unge som vert lokka inn i eit tilvære på randen av eller utanfor det normale samfunnet, der dei vert utnytta og brutt ned medan dei spreier ukulturen vidare. Dette biletet blir i svært liten grad problematisert – dei få freistnadene på differensiering er halvhjarta og leier aldri til vidare debatt.

Som vist i tabell 1.2 er biletet av seljarane eit ganske anna. Her kjem den moralske fordømminga særst sterkt til uttrykk. Nokre gonger vert dei skildra med nøytrale uttrykk som «profittmotiverte»¹³⁶ men mange av uttrykka eg har klassifisert under profittmotiv inneheld meir moralske overtoner, som «gemen lyst til å tjene penger på andres ulykke».¹³⁷ Dei reine moralske dommene utan eksplisitt

132St.tid. (1968-69): 3603 – J. Leirfall

133St.tid. (1970-71): 2847 – Salvesen

134St.tid. (1971-72): 2163 – Rognerud

135St.tid. (1970-71): 1133 – A. Haugstvedt

136St.tid. (1966-67): 2089 – S. Aarvik

137St.tid. (1966-67): 2086 – B. Rognerud

nemnt vinningsmotiv er typisk uttrykk som «utspekulerte»¹³⁸, ««sjellause»¹³⁹, «djlevske»¹⁴⁰ og liknande. Inndelinga er altså til ein viss grad kunstig, og det er tale om glidande overgangar – for mange talarar er vel òg dei meir nøytrale uttrykka for vinningsmotiv meint å vere i alle fall til dels moralske dommar.

Karakteristikkar av seljarar finst, som tabellen viser, i alle slag innlegg i alle slag debattar, men hovudtendensen er, ikkje overraskande, at dei er om lag dobbelt så vanlege i innlegg der det vert foreslått straffeskjerping som i andre innlegg. I slike innlegg finst det òg ein del døme på implisitt karakterisering, som når Gunvor Eker vil ha strengere straffar for å «gjøre det klart for seljarar at dette ikkje er akseptert».¹⁴¹ Her er profittmotivet implisitt i grunngivinga. Det er likevel sjeldan at slike implisitte karakteriseringar vert nytta. I tillegg vert uttrykket «haiar» nytta som ein slags kortform av desse kjennemerka – biletet av haien er jo særslig effektivt i så måte, det er biletet av eit uhyre utan samvit som er livsfarleg og tek uskuldige offer, og som opererer i djupet utanfor «vårt» synsfelt.

Eit siste slag karakteristikk, som for så vidt òg er moralsk vurderande, men som eg har valt å skilje ut for seg sjølv, er den som gir seljarane ein særslig aktiv rolle i høve til brukarane. Denne er relatert til det eg var inne på over – tendensen til å fjerne skulda frå brukarane, og legge ho andre stader. I tråd med den teoretiske bakgrunnen for undersøkinga vil eg tolke desse funna som eit forsøk på å lage klare grenser mellom gruppene, med minst mogleg overlapping og gråsoner der politikkutforminga kan ramme skeivt eller få uønskte konsekvensar.

Politikarane sjølve får ein stadig tydelegare plass i ordskiftet i denne perioden. Det dominante trekket er ansvar, men kunnskap har òg ein viss plass. Desse trekka vert som oftast – med berre tre unntak i denne perioden – framhevd i direkte kontrast til ansvarsløysa og kunnskapsløysa hos ungdom og hos dei som gir uttrykk for liberale eller fare-minimerande synspunkt, og gruppa vert dimed eit korrektiv til desse. Dei mange negative karakteristikkane av danske politikarar og styresmakter bidrar òg til dette – heile 14 talarar omtalar danskane si haldning som «ettergivende»¹⁴², «skuffende»¹⁴³ eller «synd»¹⁴⁴, og ein talar går så langt som til å kalle dansk politikk «grotesk» og til å uttale at det «synes som om det er mer om å gjøre å tilfredsstille produsenter enn ofre»¹⁴⁵.

138St.tid. (1969-70): 2482 – Gunnar Skaug

139Ot.tid. (1967-68): 395 – Johannes Østtvæit

140St.tid. (1971-72): 2164 – Erling Engan

141St.tid. (1966-67): 2096 – Gunvor Eker

142St.tid. (1970-71): 1133 – Asbjørn Haugstvedt

143St.tid. (1970-71): 2847 – Jo Benkow

144St.tid. (1970-71): 1131 – Olav Totland

145St.tid. (1971-72): 2165-66 – Salve Salvesen

Dette har sin bakgrunn i den noko meir liberale politikken som blei ført i Danmark, og særskilt er det forholda i fristaden Christiania, der sal og bruk av cannabisprodukt blei tolerert gjennom heile 1900-talet, som vekkjer harme hos norske stortingsrepresentantar. Sjølv om enkelte talarar trekk fram manglande innsats frå eiga hald er det, slik eg tolkar desse funna, grunnlag for å hevde at politikarane i stor grad set seg sjølve i ein overlegen posisjon både moralsk og kunnskapsmessig. Nokre talarar framhever òg si eiga rolle som omsorgsfulle eller som førebilete for ungdommen, men desse eksplisitte karakteriseringane er som tabellen viser mykje sjeldnare enn dei meir implisitte. Dette tyder sjølvsagt ikkje at politikarane på noko vis utnyttar narkotikaproblemet til å framheve sine eigne framifrå eigenskapar, men snarare at dei har ei sterk tru på si eiga tolking av situasjonen og korleis han bør handterast. Eg vil likevel peike på at denne kontrasteringa av politikarar mot brukarar og seljarar er i tråd med mykje av teorien, og særleg med Joseph Gusfields bidrag. Som han understreker må ein kunne sjå den politiske prosessen som samstundes symbolsk og instrumentell, og dei symbolske aspekta er i ei slik tolking komplementære til stortingspolitikarane sin tru på den instrumentelle effekten av og på det korrekte i sin tilnærming til problemet.

Denne kjem òg fram i omtalen av akademisk fagkunnskap. Berre ein gong i perioden blir faglege innvendingar mot narkotikapolitikken nemnde i debatten utan at det følgjer ein eller annan negativ karakteristikk med – til dømes at det «vekker bekymring»¹⁴⁶, er «uansvarlig»¹⁴⁷ eller «farlig»¹⁴⁸. Det er påfallande at slik negativ omtale er vanlegare i denne perioden enn dei nøytrale referansane til fagfolk som støtter politikken, eller har eit tilsvarande negativt syn på narkotikabruk som politikarane sjølve. I si doktoravhandling finn Dag Stenvoll at ekspertkunnskap, særleg i dei første tiåra av etterkrigstida, var det mest vanlege og respekterte grunnlaget for forslag om praktisk politikk.¹⁴⁹ Som Bruun og Christie peiker på i si skildring av norsk narkotikapolitikk¹⁵⁰ var det òg mange medisinrarar som delte det synet på narkotikabruk som politikarane gir uttrykk for, og som i stor grad bidrog til utforminga av narkotikapolitikken. Desse funna må difor tolkast som eit uttrykk for den store graden av semje om politikken – ei semje som gjorde det lite naudsynt å referere til fagkunnskap fordi alle var einige om problemdefinisjonen. Det er likevel verdt å merke seg ein detalj her. Unntaket frå mønsteret med negativ omtale av fagkunnskap i opposisjon til politikken er ein kommentar til den då pågåande diskusjonen blant kriminologar om den allmennpreventive effekten av straff. Talaren, Rolf Presthus, nemner at denne effekten blei rekna som därleg, men at han ikkje vil legge vekt på dette på grunn av den spesielle naturen til narkotikakriminalitet og -forbrytarar. I kontrast til dette blir politiet sitt positive syn på allmennpreventiv effekt nytta som

146St.tid. (1969-70): 463 – Kåre Kristiansen

147St.tid (1968-69): 3603 – Jon Leirfall

148St.tid. (1971-72): 2530 – Bodil Aakre

149Stenvoll (2003)

150Bruun, K og Christie, N. (2003)

argument av to talarar i perioden, rett nok ikkje av Presthus.¹⁵¹ Dette er sjølvsagt, særleg kvantitativt sett, eit spinkelt grunnlag for å trekke konklusjonar, men det illustrerer korleis politiet sin kunnskap eller meining blei sett på som meir relevant enn kunnskapen til andre grupper. Det blir i det heile aldri stilt spørsmål ved politiet sine vurderingar i denne perioden, anten det gjeld tala dei oppgir for utvikling av misbruks- eller omsetjingssituasjonen, synet deira på allmennprevensjon, ønske om styrking av eigen etat eller ønske om innføring av nye straffar – som for "reklamering" for narkotika.

6.1.3 Faktapåstandar:

I tråd med det generelle ordskiftet er faktapåstandane om narkotikaproblemet sterkt dominert av påstandar om auke og fare. Dei førstnemnde varierer frå konkrete utsegner som «problemet øker fra år til år»¹⁵² eller «omfanget øker fra (...) måned til måned»,¹⁵³ til meir metaforiske uttrykk. «Eksplosiv» eller «epidemisk» er typiske døme på slike metaforisk uttrykte påstandar. I tillegg kjem påstandar som refererer til kjelde – ofte politiet sine tal for beslag, men ein talar refererer til eit offentleg utval for utgreiing av tiltak for narkomane, og fem talarar refererer til undersøkingar blant ungdom. Fire av desse er uspesifiserte og ein refererer til ei spørjeundersøking gjennomført av norske SIFA, men av dei fire førstnemnde verkar det svært sannsynleg at to gjelder SIFA-undersøkingane. Slike påstandar med kjeldehenvising er likevel i mindretal og dette gjeld i endå større grad for påstandar om effekten av narkotikabruk.

Påstandar om allmennpreventiv effekt av straff skiljer seg ut ved at talaren viste til konkret land i fem av åtte tilfelle – ein talar til Sverige, ein til Marokko og tre til Japan. Her må eg skyte inn at Sverige på det tidspunktet – i 1967 – hadde same strafferamme som Noreg, noko som òg er eit poeng i den aktuelle debatten – ein talar uttrykkjer skepsis mot å heve strafferamma i utakt med dei øvrige nordiske landa. Det er altså ikkje godt å tenkje seg kva for erfaring med allmennpreventiv effekt ein kunne hente derfrå. Om lag det same er tilfelle med Japan. Asbjørn Haugstvedt uttalte i 1972 at

«Det er et faktum at Japan, som har gått så langt som til å innføre dødsstraff for omsetning, bare har et beskjedent narkotikaproblem»,¹⁵⁴

men ifølgje Michael Vaughn hadde Japan straffer omlag på norsk nivå og større narkotikaproblem

151Milly Frost og Berte Rognerud i interpellasjonsdebatten i 1970

152St.tid. (1970-71): 2850 – Asbjørn Haugstvedt

153St.tid. (1970-71): 1131 – Olina Storsand

154Ot.tid. (1971-72): 306 – A. Haugstvedt

enn Noreg hadde på denne tida.¹⁵⁵ Tal for misbruksituasjonen i Marokko på denne tida har eg ikkje klart å finne, men eg har uansett ikkje kompetanse til å gå inn i ei grundig vurdering av realismen eller sanningsgehalten i alle faktapåstandane i narkotikadebatten. Det fell dessutan litt utanfor rammene av dette prosjektet. Meir interessant er det å merke seg at utanom referansane til erfaring med allmennpreventiv effekt (og forslag om innføring av eit særskilt reisekort for ungdom, som hinder for cannabisturisme til Christiania) blir slike påstandar nesten aldri nytta som direkte grunngiving for praktisk politikk i første periode, og dei er svært få i forhold til sjølv dei mest kjensleladde karakteristikkane. At dei bidrar til legitimeringa av politikken som blei vedteke, synest likevel klart – sjølv om det ikkje lar seg gjere å knytte dei ulike typane fakta direkte til visse typar forslag, er dei langt vanlegare i innlegg der det blir foreslått praktisk politikk enn i andre, og dei bygger opp under det generelle biletet av ein faretruande situasjon.

6.1.4 Forslag og grunngiving

Straff er, som ein kan sjå i tabell 1.7, det overveiande vanlegaste forslaget til politikk i desse første ti årgangane. Ikkje berre er det numerisk sett dominerande totalt, men det opptrer òg i flest debattar. Det er dessutan nesten einerådande i dei debattane som dreier seg om straffeskjerping – alle talarar som foreslår politikk i desse debattane foreslår straff – men har i tillegg ein viktig plass i debattar som dreier seg om heilt andre ting, som oppretting av forvernssenter, omtrent på lik linje med dei viktigaste andre forslaga.

Omtrent like dominerande er karakteristikkar av seljarane som grunn for desse forslaga. Slik grunngiving tek to hovudformer – den første typen kan ein kalle allmennprevensjonsargumentasjon, og den andre rettferds- eller hemn-argumentasjon – linja kan vere vanskeleg å trekke, men det vesentlege er i kva grad det er oppfattinga av seljarane sin moral som er direkte bakgrunn for politikken. Her er det vanskeleg å kvantifisere skikkeleg, eller rettare sagt, det er vanskeleg å gi eit fullstendig bilet av forholda mellom dei ulike argumenta, fordi dei så ofte blir kombinerte i ulike variantar, til dømes når Kristian Asdahl argumenterer for straffeauke ved å karakterisere seljarar med uttrykk som «kynisk utnytter unge», «driv dei i forderving», «haiar» og «lyssky elementer», og i tillegg seier at at straff er «det eneste slike mennesker frykter».¹⁵⁶ Det allmennpreventive aspektet kjem her først inn i siste rekke, etter at ein slik effekt er godtgjort ved karakterisering og stereotypisering.

9 gonger blir allmennprevensjon nytta utan å bli knytta direkte til seljarane sine antatte karaktertrekk, og 17 gonger blir karaktertrekk nytta utan at allmennpreventive omsyn blir nemnde.

¹⁵⁵Vaughn et. al. (1995)

¹⁵⁶St.tid. (1968-69): 3595 – Kristian Asdahl

Dette er dei «reine» prevensjons- og rettferdsargumenta. Dei første er kjenneteikna ved relativt nøkterne uttrykk for tru på eller håp om allmennpreventiv effekt, og er gjerne støtta av ein eller annan form for faktapåstand eller meiningsytring. Typiske døme er Berte Rognerud si henvising til Høyres konferanse om narkotikaproblemene, der «det ble sagt klart og entydig fra at de generalpreventive virkninger av strenge straffer på dette område vil være sterke»,¹⁵⁷ eller Milly Frost si formulering «All erfaring viser at strenge straffer fungerer».¹⁵⁸ Fakta med konkrete referansar, som dei nemnde døma på vellukka politikk i Japan og Sverige, eller på feilslått politikk i Sverige, høyrer ofte til i denne kategorien, med unntak for fakta om utviklinga i Danmark, som i mykje større grad er følgd av moralske dommar. Politiet si vurdering vert som nemnt òg nytta som støtte for allmennprevensjon ved to høve, men då i kombinasjon med karakteristikkar.

Den siste typen argumentasjon er på si side ofte støtta av formuleringar som viser til talaren sitt ønskje om rettferdig straff, som når Otto Dahl understrekar at «Det skal koste å drive denne avskyelige virksomheten». ¹⁵⁹ Jakt- eller kampmetaforar er vanlege, som i Olav Gjærevoll si relativt udramatiske formulering «[Vi må] slå til så hardt som mulig. Ingen straff er for hard for dem som driver forretning på å bryte ned vår ungdom». ¹⁶⁰ Vanlegare er det likevel at ønsket om straff vert uttrykt med henvising berre til reine karakteristikkar. Berte Rognerud bygger opp under sitt ønskje om strengare straffar for det ho kallar «haiar som bearbeider og ødelegger ungdommen» og «forhandlere av dødsstoffet» som gjer brotsverk som «hører til de mest gemene forbrytelser»¹⁶¹ med nettopp desse karakteristikkane. Ein kan kanskje seie at den siste formuleringa òg er ein variant av rettferds-argumentet. Materialet frå denne perioden inneheld dessutan døme på at utelukkande rettferds/hemn-argumentet vert nytta. Representanten Stavang uttalar ganske enkelt at «[selgere] fortjener streng straff»,¹⁶² utan å nytte dømmande karakteristikkar korkje direkte eller indirekte. At det likevel ligg ei fordømming i sjølve insisteringa på alvoret i brotsverket er etter mi meining klart. Andre variantar av eit slikt «alvor-argument» blei nytta av seks andre talarar, gjennom samanlikning med andre brotsverk som er for nøktern til at det gir meining å kategorisere argumentet under seljar-karakteristikk. Desse argumenta er nærskyld kategorien «markere samfunnssyn», men skiljer seg etter mi meining frå dei grunngivingane eg har plassert der ved at det ikkje er den symbolske funksjonen (sjå «Argumentasjon») som blir veklagt, men ein implisitt rettferds-tankegang.

Kontrasten mellom den ganske massive overvekta av karakteristikkar i grunngivinga av straff for

157St.tid. (1971-72): 2521 – Berte Rognerud

158St.tid. (1970-71): 1139 – Milly Frost

159St.tid. (1967-68): 3678 – Otto Dahl.

160St.tid. (1968-69): 3601 – Olav Gjærevoll

161St.tid. (1971-72): 2517-18 – Berte Rognerud

162Ot.tid. (1967-68): 396 – E. Stavang

sal, og den reine vektlegginga av allmennprevensjon (ved tre høve i kombinasjon med at straffen åpnar for kurative tiltak) ved forslag om straff for rein bruk styrkar det biletet eg skisserte over. Brukarane blir rekna som relativt uskuldige, og fleire av dei talarane som ønskjer straff for bruk orsakar at dei ser seg nødde til å ty til dette verkemiddelet. Ni av forslaga om straffeskjerping for sal og smugling blir dessuten sette fram med eit ønske om at dette ikkje må leie til generell straffeskjerping som går ut over brukarane.

Biletet av brukarar er likevel ikkje heilt ein tydig – nokre talarar peiker som nemnt på brukarar som av ulike årsaker distribuerer narkotika sjølve. Dette konstituerer ei gruppe som, når ho vert synleg, ligg midt mellom dei meir stereotype gruppene «brukarar» og «seljarar», og som det difor er interessant å sjå på handsaminga av. To av talarane kjem ikkje med praktiske forslag til korleis slike «brukar-seljarar» skal handterast, medan tre talarar understreker at ein ikkje må ta lett på dei. Det er interessant å merke seg at ved alle desse seks høva er dei tradisjonelle brukar-kjennemerka (uskuldige, veike, hjelpelause etc.) fråverande i innlegga – og i eitt låner brukarane eit karaktertrekk frå omsetjarane og blir skildra som «kyniske»¹⁶³ – men at dei fleste av talarane nyttar desse stereotypiane att i dei neste innlegga sine, utan å halde fram med å problematisere skiljet mellom brukarar og seljarar. Hos dei siste to talarane er konflikten tydelegare – ein går mot minstestraff for sal fordi seljarar kan vere brukarar, medan den andre går inn for strengare straffar for bruk ved å argumentere motsett veg. For desse gjeld det likevel òg, som for dei andre, at sjølv om dei er representerte med fleire innlegg i perioden, blir problematiseringa av skiljet berre gjort ein gong.

Brukar-karakteristikkar er noko vanlegare i grunngivinga av særleg behandling og tvangsinnslegging, men òg av opplysing, enn i grunngivinga av straff. Ikkje overraskande er veikskap, hjelpeløyse, smittefare og manglande rasjonalitet eller kunnskap dei kjennemerka som går att i alle grunngitte forslag – argumenta baserer seg på og styrkar forståinga av narkotikaproblemet slik det blei presentert gjennom karakteriseringa av dei involverte gruppene. Det er dessutan å vente at desse karakteristikkane går igjen som grunngiving for det ein må rekne som ganske omfattande inngrep frå staten i livet til samfunnsmedlemmar. Dag Stenvoll viser som nemnt at det klassiske liberale synet på demokrati, som formulert av John Stuart Mill, har stått sterkt i norske stortingsdebattar, og særleg det såkalla «skadefølgeprinsippet». I Stenvoll si formulering skulle «det å hindre skade på andre («*harm to others*») være det eneste legitime grunnlaget for fellesskapet til å begrense individens frihet».¹⁶⁴ Unntaket frå dette gjaldt ifølgje Mill berre for barn og unge, eller

163St.tid. (1970-71): 1140 – Willy Jansson

164Stenvoll (2003): 127 (utheving i originalen)

for «personer med midlertidig svekket vurderingsevne». ¹⁶⁵ Stenvoll viser korleis det i norsk politisk argumentasjon til tider blei etablert ei gruppe han kallar «de svake», som måtte vernast spesielt: «De som ble betegnet som de svake og lettest påvirkelige, fremsto (...) som ofre for manipulering fra sterke kommersielle krefter som de ikke hadde styrke til å stå imot». ¹⁶⁶ Dette kunne òg vere sagt om forholdet mellom narkotikabrukantar og -seljarar slik dei framstår i denne perioden. Som eg peikte på i gjennomgangen av tidlegare forsking, fann Nils Christie og Hilde Henriksen at forestillingar om den «svake vilja» var eit vesentleg element i kontrollen av alkoholbrukskarar. Biletet av den svake, avhengige brukaren hang ved politikken overfor denne gruppa til godt ut på sekstitallet, og det er difor ikkje overraskande at det er sentralt i konstruksjonen av narkotikabrukantar. Denne veikskapen gav seg òg, som eg peikte på tidlegare, utslag i karakteriseringa av brukaren som offer for moderne samfunnsutvikling. Basert på desse karakteristikkane blei det foreslått både verdimessig og sosialpolitisk styrking av unge sin livssituasjon.

Forslag om behandling, forebygging og opplysing blir ellers ofte lanserte utan nokon eksplisitt grunn eller forklaring på kvifor dei ville vere effektive. Dette er på mange måtar relativt sjølvsagte tiltak, og ein kan ikkje vente å finne like mange argument for dei som for straff. Men semja om straffepolitikken er så stor at denne som nemnt òg framstår som temmeleg sjølvsagt, og definisjonen av brukarar som sjuke eller kunnskapslause er ikkje meir naturleg enn definisjonen av seljarar som hardkokte kriminelle. Eg vil hevde at dette harmonerer godt med den grunnleggande hypotesen om at gjentakande markering av moralsk fordømming og avstandstaking er ein vesentleg del av ordskiftet om narkotikapolitikken.

Eitt forslag fortener litt merksemrd på tampen av dette avsnittet – forslaget om avkriminalisering av nyrekutterte brukarar som Halfdan Hegtun kom med i debatten om straffeauke i 1967, basert på argumentet om at det ville gjere dei meir motiverte for å søkje behandling eller anna hjelp. Dette er ikkje noko revolusjonerande forslag med tanke på konstruksjonen av brukarar, som i Hegtun sitt innlegg står fram både som hjelpetrengande og som uskuldige, men det er eit klart brudd med den strafferettsleg dominerte forståinga av narkotikapolitikk, og det er òg ein sjeldant «konsekvensorientert» form for grunngiving – Hegtun er her inne på kva for uønska bieffektar kriminaliseringa kan ha. Dette kjem eg tilbake til under «Argumentasjon» og «Avvikande synsmåtar».

165Stenvoll (2003): 151

166Stenvoll (2003): 157

6.1.5 Argumentasjon

Eg har i eit tidlegare kapittel kort oppsummert Dag Stenvoll si undersøking av politisk argumentasjon om seksualitet og reproduksjon der han mellom anna identifiserer ulike slag argument, og eg hevda at dette er eit relativt godt samanlikningsgrunnlag for ordskiftet om narkotika. Dei overordna formene for argument var ifølgje Stenvoll at tiltak eller lover kunne ha

- Direkte regulerande funksjon
- Haldningsskapande effekt
- Symbolsk effekt
- Liten eller ingen effekt
- Utilsikta konsekvensar
- Motsett effekt

I tillegg kunne det argumenterast med at ein måtte forholde seg til

- Realistiske problemdefinisjonar og løysingar
- Effektivitet og prioritering

Med utgangspunkt i dette vil eg i her sjå litt på kva typar argument som blir nytta – og ikkje nytta – i denne debatten.

Første periode av ordskiftet om narkotikapolitikken er i stor grad dominert av argument bygd på tanken om lovverk og kontrolltiltak sin direkte regulerande verknad. Dette gjeld, som eg har vist, for straff (allmennpreventiv effekt), opplysing (bøte på kunnskapsløyse hos ungdom), tvangsinnslegging (stoppe spreiling), opprusting av politi- og tollvesen (allmennpreventiv effekt og hindre tilgang) og sjølvsagt behandling. Det var likevel nokre unntak frå dette mønsteret – tre talarar argumenterte for straff ut frå tanken om at loven kunne ha ein symbolsk effekt gjennom markering av samfunnets syn på brotsverket. Ein kan heller ikkje sjå bort frå at talarar som grunngir straff for bruk med allmennpreventiv effekt, eigentleg meiner at lova skal ha ein meir indirekte, haldningsskapande effekt på lengre sikt. Dette kjem imidlertid ikkje fram i materialet.

Fleire av Stenvoll sine idealtypiske argument er svakt representert i materialet for denne perioden. Dette gjeld særleg det han kallar «realistiske problemdefinisjoner og pragmatiske løsninger», og som han, slik eg nemnde, illustrerer med eit døme frå ordskiftet om abort.¹⁶⁷ I narkotikaordskiftet er

¹⁶⁷Stenvoll (2003): 220

det derimot ingen som vurderer det realistiske i totalforbod, noko som blir godt illustrert av representanten Lulla Fossland si innstilling til problema med å stogge narkotika ved grensene:

«[å] si at det er umulig å stanse er å gi opp. Det er ikke umulig. Ingenting er umulig hvis vi vil».¹⁶⁸

Berre ein av representantane nyttar argumenttypen realistiske definisjonar i løpet av desse ti åra – Bodil Aakre kommenterte at enkelte heller ville «reformere samfunnet enn å helbrede narkomane»,¹⁶⁹ men at dette ikkje var nøkternt eller realistisk. Dette er ellers del av ein generell kritikk av talaren før Aakre, noko eg kjem tilbake til under «Avvikande synsmåtar».

Nært knytta til denne typen argument er «marginal eller ingen effekt» - av Stenvoll illustrert mellom anna med forestillingane om prostitusjon som «verdas eldste yrke», og det umoglege i å hindre det. Han framhever at dette var

«argumenter som ikke rettet seg mot selve fenomenet som sådan, men heller mot praktiske forhold rundt politiske tiltak. Uavhengig av hva man mente om abort, prostitusjon, homoseksualitet eller konkubinat, ble det sagt, var strenge restriksjoner og forbud lite effektive virkemidler.»¹⁷⁰

Eg har alt vore inne på talarane som argumenterte med markering av samfunnssyn som viktigaste effekt av straff. Ein av desse, Halvor Bjellaanes, presiserte at han var usikker på den allmennpreventive verknaden av høge strafferammer.¹⁷¹ Berre ein talar kom likevel med eit klart formulert argument av denne typen. Alt i 1967 satte Halfdan Hegtun spørsmålsteikn ved om straffetrusselen var særskilt effektiv overfor internasjonale narkotikaligaer, der bakmennene satt i utlandet og aldri trong nærme seg Noreg. Han fekk ikkje eit einaste svar på denne innvendinga, korkje i den debatten eller nokon av dei andre i denne perioden. Tvert imot heldt stortingsrepresentantane fram med å foreslå strengare straff, grunngitt med allmennpreventive omsyn, og det blei ingen vidare debatt om kven som blei råka av denne straffen. Dette argumentet mot allmennpreventivt grunngitt straff kom likevel sterkare tilbake i siste halvdel av søttitalet.

Argumenttypen «motsett effekt» er heller ikkje særleg vanleg. Berre to talarar nyttar denne

168St.tid. (1971-72): 2524 – L. Fossland

169St.tid. (1971-72): 2530 – B. Aakre

170Stenvoll (2003): 228

171Ot.tid. (1967-68): 386 – H. Bjellaanes

forma,¹⁷² både som argument mot opplysing, som dei meiner kan fungere som reklame for narkotikabruk. Trygve Owren formulerte dette argumentet slik:

[V]i skal være klare over at det vi ser som en fare, for mange unge kan stå fram som en hittil ukjent, uprøvd kilde til spenning og til eventyr. (...) Det er et bittert, men håndgripelig faktum at det nettopp i våre høylydte advarsler ligger mye av propagandaverdi»¹⁷³

Stenvoll viser øg korleis denne typen argumentasjon kunne nyttast mot kriminalisering av pornografi, slik Halvard Lange gjorde, ut frå tanken om at forboden frukt smakar best og at eit forbud kunne skape nyfikne og interesse for noko som ellers ikkje var egna til å interessere mange.

¹⁷⁴ Her blir nok likevel skilnadane for store til at det kan gjerast ei meiningsfull samanlikning med narkotikapolitikk og kriminalisering.

Samanlikning har derimot meir for seg når det gjeld den forma for argument som Stenvoll kallar «utilsikta konsekvensar». Stenvoll skriv at i til dømes debattane om kriminalisering av kundane i prostitusjonen blei faren for brutalisering av verksemda og audmjuking av kvinnene gjennom rettsprosessen trekt fram som motargument.¹⁷⁵ Dette perspektivet blei overhovudet ikkje nemnt i ordskiftet om narkotikapolitikken, sjølv om faren for brutalisering ikkje kan seiast å vere mindre på dette området enn når det gjeld prostitusjon, og sjølv om ein talarar syner medvit om ein tendens til nettopp brutalisering.¹⁷⁶ Andre utilsikta konsekvensar – prisstiging som følgje av auka risiko, noko som i sin tur kunne gjøre den norske marknaden meir attraktiv, eller vanskane med å få til ein effektiv registrering av omfang, utviklingstendensar og liknande – er heller ikkje til stades i materialet frå desse åra, sjølv om problemet med registrering òg blei nemnt.¹⁷⁷ Berre to talarar nyttar denne typen grunngiving: Halfdan Hegtun var inne på ein bieffekt av kriminaliseringa – vanskane med å få brukarar til å søkje behandling – då han foreslo avkriminalisering av nye brukarar, men dette perspektivet blei heller ikkje svart på eller teke opp av nokon andre i perioden. Ein kan også rekne statsråd Bergfrid Fjose sitt svar på spørjetimespørsmål om restriksjonar på sprøytesal under denne forma for argumentasjon – Fjose trakk då fram faren for hepatittsmitte som grunn til at ein burde vere varsam med slike restriksjonar.¹⁷⁸

172Trygve Owren i interpellasjonsdebatten i 1967 og Odvar Nordli i debatt om tiltak for narkomane i 1970

173St.tid. (1966-67): 2096 – T. Owren

174Stenvoll (2003): 210

175Stenvoll (2003): 231

176St.tid. (1968-69): 3590 – K. Asdahl

177St.tid. (1968-69): 3590 – K. Asdahl, St.tid. (1968-69): 3598 – N. Molvik

178St.tid. (1972-73): 1712

Totalt framstår argumentasjonen om narkotikapolitikk i denne perioden som svært einsretta, sjølv om nokre motforestillingar og utypiske argument kjem til uttrykk. Dette kjem ikkje minst av at desse i særslitengd grad blir teke opp av andre debattantar eller forfulgt vidare i ordskiftet når dei først er nemnde. I heile perioden er det dessutan berre to talarar som nyttar det eg i tabellane har kalla «pro-contra»-argumentasjon, altså at dei nemner argument for både sider av ei sak, uavhengig av kva for politikk dei støttar. Dette minner om resultata Lau Laursen fann i si undersøking av dansk narkotikadebatt. Laursen si konklusjon, at enkeltinnlegg i den danske debatten synte lita evne eller vilje til å vurdere ulike argument mot kvarandre eller utvikle syntesar av forskjellige synsmåter,¹⁷⁹ er altså i høgste grad gjeldande for det norske ordskiftet også, og med tanke på kor få avvikande argument som blir gjort til gjenstand for diskusjon kan det synest som om dette er eit trekk som gjeld ikkje berre innad i enkeltinnlegg, men for heile ordskiftet.

6.1.6 Avvikande synsmåter

Ein av hypotesane for denne undersøkinga var at eg ville finne press mot konformitet i fordømminga av narkotikabruk, og slike døme er klart til stades i denne tidlege delen av kjeldematerialet. Eg har alt vore inne på den unisone fordømminga av ekspertar som uttalte seg positivt (eller mindre negativt enn politikarane skulle ønskje) om narkotika, og haldninga til dansk politikk på feltet, som regjeringa fleire gongar blei oppmoda om å be dei endre, har eg òg vore innom. Ein talar går dessutan ut mot ein gruppe han kallar «popradikalarane», som øver dårleg påverking på ungdommen.¹⁸⁰ I tillegg finst det enkelte døme på meir generell karakteristikk av motstandarar av strafferetsdominert politikk, ikkje retta mot nokon spesiell person eller gruppe, som når representanten Fossland i debatten om straffeskjerping i -72 nyttar som argument for skjerpinga at det er «barnslig og umoden tenkning å tro at det hjelper å behandle dem lemfeldig»,¹⁸¹ eller når Berte Rognerud karakteriserer det å akseptere narkotikaproblemet som noko samfunnet må lære å leve med som ein «misforstått form for humanitet».¹⁸² Nok ein gong vil eg peike på korleis stortingsrepresentantane her gjennom å nedvurdere andre sine synspunkt inntar posisjonen som forvaltarar av kunnskap eller det Asbjørn Haugstvedt kalla «riktig holdning».¹⁸³

Men òg innad i rekjkene blei det utøvd justis. Slike døme er få (fordi det er få avvikande meininger), men illustrative. To gonger i løpet av denne perioden freista representantar frå fråhaldspartiet Krf å trekke inn alkoholpolitiske spørsmål i ordskiftet, ved å peike på at dei samla skadane i samfunnet framleis er langt større når det gjeld alkohol enn narkotika. Første gong var det

179Laursen (2001)

180St.tid. (1968-69): 3598 – Nikolai Molvik

181St.tid. (1971-72): 2524 – L. Fossland

182St.tid. (1971-72): 2518 – Berte Rognerud

183St.tid. (1971-72): 2525 – Asbjørn Haugstvedt

Olav Gjærevoll som ba om nøktern vurdering av problemet med henvising til SIFA si undersøking, og dette blei det ikkje reagert mot. Andre gongen grep derimot representanten Oddvar Nordli inn og gjorde det klart «at man i en debatt om disse sakene ikke må trekke disse sammenlikningene» fordi «en rekke mennesker som – bevisst eller ubevisst – er ute etter å bagatellisere narkotikaproblemet» gjer det same.¹⁸⁴ Østtveit, den aktuelle Krf-representanten, var då heller ikkje sein om å orsake, og understreke at han slett ikkje meinte å bagatellisere. I høve til hypotesen er det til ein viss grad overraskande at eg ikkje finn kritikk av Gjærevoll for å mane til nøktern vurdering av problemet og for samanlikning med alkohol. Eg vil likevel få peike på at Gjærevoll understreka at han ønskte strengare straffar, og grunnga det med ein uifferensiert og fordømmande karakteristikk, og difor ikkje braut med konsensus kring sjølve politikken.

I same debatt som Gjærevoll sitt innlegg kom Halfdan Hegtun som nemnt med forslag om avkriminalisering av det han kalla første stadium av narkotikamisbruk, for å gjere det enklare for brukarar å oppsøkje hjelp. Dette er ein større grad av avvik enn Gjærevoll, og sjølv om Hegtun ønskte meir politiinnsats, kom han ikkje med framlegg om strengare straff for seljarar eller karakteristikkar av same gruppe. Derimot blei han korrigert av Borghild Haga, som med uttrykket «gjør vår ungdom en dårlig tjeneste»¹⁸⁵ satte han i same bås som professor Knut Fægri og andre «liberale» akademikarar, som ho i same debatt kritiserte med ordrett same formulering.

Det mest tydelege dømet på press mot konformitet er Bodil Aakre sin reaksjon då Arne Kielland, kom med det einaste verkeleg avvikande innlegget i denne perioden. I interpellasjonsdebatten i mars -72 advarte Kielland mot det han kalla «hets- og hevnmentalitet» i den norske narkotikadebatten, som han meinte la for einsidig vekt på straff.¹⁸⁶ Aakre reagerte som neste talar på dette med noko heilt unikt, ved å skarpt kritisere Kielland for å trekkje inn justispolitikk og for å «angripe» justisministeren.¹⁸⁷ Sjølv om andre talarar (til dømes Salve Salvesen i debatten om forvernssenter i -71) tidlegare hadde nytta heile taletida si til å snakke om justispolitikk når saka dreidde seg om noko heilt anna, og sjølv om det tidlegare hadde blitt retta anklager mot diverse statsrådar (til dømes for passivitet),¹⁸⁸ var dette aldri blitt reagert mot, og i eitt tilfelle ført det til ros for engasjement.¹⁸⁹ Men då Kielland kritiserte det einsidige fokuset på justispolitiske løysingar i ein åpen interpellasjon der mange andre alt hadde vore inne på det same feltet (og heilt utan å kritisere eller gå til åtak på justisministeren personleg), blei det altså reagert skarpt. Ein må sjølvsagt rekne

184St.tid. (1969-70): 2482 – Oddvar Nordli

185St.tid. (1968-69): 3600 – Borghild B. Haga

186St.tid. (1971-72): 2529 – Arne Kielland

187St.tid. (1971-72): 2530 – Bodil Aakre

188St. tid. (1971-72): 2163 – Berte Rognerud

189St.tid. (1971-72): 2164 – Erling Engan

med at den nokså krasse formuleringa til Kielland har vore medvirkande til reaksjonen, og det skal nemnast at han dessutan freista å flytte fokus over på samfunnsplanlegging. Han framstår som nokså kritisk til den kapitalistiske samfunnsordinga og det er mogleg at desse litt revolusjonære synsmåtane òg bidrog til at Høyre-representanten Aakre reagerte slik ho gjorde, men det er likevel, etter mi meinig, ein talande situasjon.

To andre representantar gir uttrykk for høvesvis manglande tru på straff (Halvor Bjellaanes i debatten om straffeskjerping i -68) og for motstand mot einsidig fordømming av narkotikamiljøa (Roald Bye i interpellasjonsdebatten i -72), men dette er svært milde formuleringar, som Byes:

«Jeg har alltid en følelse av å virke moraliserende når jeg snakker om saker som dette. Jeg erkjenner at det altid vil være vanskelig å stå utenfor og betrakte et miljø eller et system og skulle beskrive og gi råd. Jeg er også redd for at svært mange av oss kanskje burde vite mye mer om bakgrunnen for det som skjer».¹⁹⁰

Merk at Bye her i stor grad snakkar for seg sjølv, sjølv om han meiner fleire burde ha større kunnskap. Det er likevel lite i slike formuleringar som går mot den dominerande forståinga av problemet eller andre innlegg i debatten direkte, og eg meiner ikkje dette kan reknast som vesentlege innvendingar mot påstanden om at korreksjon av avvik har vore eit typisk trekk ved ordskiftet om narkotikapolitikk. Hovudinntrykket frå perioden er difor at avvikande synsmåter blei korrigerte, og at graden av avvik avgjorde kor skarp reaksjonen blei.

190 St.tid (1971-72): 2526 – Bye

Del 6.2

Andre periode (1976 – 1984): Kontinuitet og endring

6.2.1 Om perioden

Med utflatinga av cannabisbruk i første halvdel av søttitalet roa narkotikadebatten seg ned, men aukande beslag av innsmugla heroin førte til ei oppblomstring frå 1975 og framover mot dei store straffeskjerpingane på byrjinga av åttitalet. Likevel var det nokre faktorar som gjorde ordskiftet annleis i desse åra enn i første periode. Ti års erfaring med narkotikabruk hadde teke noko av det revolusjonerande nye og ukjente ut av situasjonen, og meir forsking på både medisinske/behandlingsmessige og sosiologiske aspektar ved narkotikamisbruket gav nye impulsar til handsaminga av problemet. Stortingsmelding 66 (1975-76) presenterte eit langt meir balansert bilet av situasjonen enn det som hadde vore vanleg til då. Meldinga uttrykte skepsis til allmennpreventiv effekt av stadig strengare straff, og braut til dømes med det rådande biletet av stoffa som totalt slavebindande ved å referere til mellom anna erfaringane med prevalens hos amerikanske Vietnam-veteranar. Ho peikte òg på korleis både misbruk og straff hovudsakleg ramma dei sosialt og økonomisk vanskelegstilte. Seinare i perioden stadfesta Kåre Bødal og Inger Marie Fridhov dette med sine funn i undersøkinga av dømte etter § 162, den såkalla proffparagrafen.

Den tredje faktoren var den generelle tendensen til sosialpolitisk radikalisering i særleg Arbeiderpartiet på tidleg søttital, og SV sin inntreden i ordskiftet. Dette førte, i samspel med den sosiologiske forskinga, til ein viss kamp mellom dei som ville sjå narkotikamisbruket som utslag av individuell mistilpassing og avvik, og dei som såg det som symptom på feilslått sosialpolitikk og samfunnsutvikling i meir konkret forstand enn verdi- og normoppløysinga som var hovudforklaring i første periode. Denne utviklinga byrja, som eg har vist, alt då, men blei viktigare i denne perioden, særleg fordi han til dels blei gitt konkret uttrykk i motstand mot straffeskjerpingar.

Til saman trakk desse tendensane i retning av eit noko meir nyansert ordskifte, særleg i tida rundt stortingsmeldinga. Fleire talarar gjekk mot ytterlegare heving av strafferamma, og endå fleire gjekk inn for sosialpolitiske tiltak som første priorititet. Dette førte likevel ikkje til ein større grad av faktisk debatt – talarane snakka i denne perioden i stor grad forbi kvarandre, og kommenterte ikkje andre sine argument – og slik sett bevarte ordskiftet den oppramsande og noko repetitive kvaliteten som prega første periode. Med utviklinga av heroinmisbruk og ei viss stigning av cannabisbruk utover i perioden, og kanskje den generelle høgredreininga i norsk politikk, forsvann etter kvart fleire av argumenta for ein mindre restriktiv politikk, og slutten av perioden blir markert med hevinga til

21 års strafferamme for sal og oppjusteringa av bruk frå misferd til brotsverk, hovudsakleg av prosessuelle årsakar, som alle parti med unntak av SV stemte for. Denne relativt breie semja hindra likevel ikkje at partipolitisk retorikk blei svært mykje tydelegare mot slutten av perioden enn det hadde vore tidlegare, med skuldingar om valflesk og spel for galleriet i debattane på byrjinga av åttitalet.

6.2.2 Karakterisering og stereotypisering

Det er inga store endringar i det biletet av brukarane ble etablert i perioden 1966-76. Det mest vesentlege er eit sterkare innslag av karakteristikkar som skildrar dei som veike/hjelpelause, og det er eit klart resultat av at tvangssinnlegging blei eit vesentleg moment i ordskiftet – formuleringar som at narkotikamisbruk er ein form for tvang «som er hardere enn den tvang som brukes som siste utvei i behandlinsøyemed»¹⁹¹ er vanlege i argumentasjonen for dette tiltaket. Mange talarar opplevde det tydeleg som ubehageleg å sanksjonere slike inngrep i individar sin livssituasjon, for det er svært vanleg å understreke akkurat dette – at tvangssinnleggelse er ille, men at narkotikamisbruk er endå verre. Byrjande heroinmisbruk er forklaringa på at nye karakteristikkar som «hardast belasta» og «desperate/kriminelle» blir innførte, medan det større sosialpolitiske fokuset blir reflektert i omtalen av sosial bakgrunn. Dette er likevel svært små nyanseringar av brukaren som ung, veik, hjelpetrengande og uskuldig – uskuldig anten forklaringa på misbruket blir lagt hos dei lokkande seljarane eller normoppløysinga i samfunnet, som i forrige periode, eller i den vanskelege sosiale bakgrunnen til brukarar og feilslått sosialpolitikk.

Det er interessant å merke seg at orda «klient» og «pasient» finn vegen inn i ordskiftet på denne tida, som eigne omgrep for narkotikabrukantar i behandlingsinstitusjonar. På same måte som med samleomgrepet hajar kan ein seie at det inneheld i alle fall nokre av dei meir vanlege karakteristikkane – det gir eit inntrykk av nokon som treng hjelp (men får det) og som er uskuldige, som ikkje kan noko for sin eigen situasjon. Meir vesentleg er det likevel etter mi meining at det uttrykkjer ein aukande normalisering av narkotikamisbruk – klient og pasient er ord som på eit eller anna tidspunkt kan brukast og har blitt brukt om dei fleste norske innbyggjarar. Nytt for perioden er dessutan at ein talar tek til orde for å inkludere narkotikabrukantar (eller i det minste ein representant for dei) i sentralrådet. Det viktige i å involvere foreldre eller andre pårørande, pedagogar, sosialarbeidarar og andre grupper med kjennskap til problemet eller til ungdommen blei regelmessig understreka i første periode, og det same gjeld desse årgangane, men forslaget om å inkludere brukarane sine synspunkt må reknast som eit vesentleg steg i retning inkludering og aksept av denne gruppa. På den andre sida kan ein sjølv sagt vende argumentet - at så lite som ein

¹⁹¹St.tid. (1978-79): 4128 – Astrid M. Martinsen

talar på nesten 20 års diskusjon om narkotikapolitikk går inn for å hente inn synspunkt frå den gruppa som først og fremst blir påverka av denne er påfallande og bidrar sterkt til inntrykket av at dei ikkje blei sett på som rasjonelle (eller ressurssterke?) nok til å ta del i ordskiftet. Rett nok er det tre andre talarar i denne perioden som argumenterer med brukarar si meining (som eg kjem attende til under), men det gjeld ved alle høva eks-brukarar som uttalar seg positivt om tvangsbehandling. Det er ikkje uvesentleg at desse blir trekte inn i debatten, men det er sjølv sagt ein ganske stor skilnad på å nytte utsegner frå eks-brukarar i en debatt og å inkludere brukarane i ordskiftet utan å kunne vere sikker på kva dei kjem til å meine.

For seljarane sin del er det to viktige og til dels motstridande endringar som ikkje er dramatiske i seg sjølv, men som til ein viss grad illustrerer korleis ordskiftet endrar seg frå forrige periode. Ein samanlikning av tabell 1.2 med tabell 2.2 viser at moralske dommar tek over frå profittmotiv som den viktigaste karakteriseringa av denne gruppa, samstundes som fleire talarar trekk fram problemet med brukar-seljarar. Dette kjem av den auka polariseringa av debatten – her er det i stor grad (men med nokre unntak) dei to ulike gruppene av talarar eg nemnde over som markerer seg. Det ein gjerne kallar venstresida i norsk politikk (igjen med nokre unntak) trakk fram den flytande overgangen mellom brukarar og seljarar, og peikte på korleis fengselsstraff ramma dei som låg nær den førstnemnde gruppa, medan det frå motsett leir blei svart med opptrapping av den moralske fordømminga. Det er fristande å nytte dette som døme ikkje berre på den aukande avstanden mellom debattantane, men òg på tendensen til å snakke forbi kvarandre – nyanseringa av seljaren frå den eine leiren blir i liten grad fulgt opp frå den andre. Det er likevel ei viss utvikling mot at innvendingane får gjennomslag utover i perioden, sjølv om det i liten grad gir seg utslag i diskusjon, noko eg kjem tilbake til under. Det er imidlertid grunn til å peike på at fleire representantar som framhevd brukar-seljar-problemet i tillegg kom med karakteristikkar av dei profesjonelle, kyniske seljarane, og dessuten at brukar-seljar-karakteristikken er heilt fråværande i siste debatt om straffeskjerping, der skiljet mellom desse fløyane i stor grad forsvann. Det er ikkje grunnlag for å ty til enkle venstre-høgre-inndelingar i narkotikadebatten, sjølv om det finst visse tendensar til eit slikt skilje.

Med den noko mindre semja kjem politikarane sjølve litt skarpare i fokus i denne perioden. Ikkje mange vesentlege endringar kan sporast for denne gruppa heller, sjølv om ho vert nemnt litt oftare enn før, men det blir fleire talarar som understreker det viktige i politikarane sin haldning som verkemiddel i kampen mot narkotikamisbruk. Klassifiseringa «Førebilete» omfattar i denne perioden hovudsakleg innlegg der talarane framhever at semje om politikken og forståinga av narkotikaproblemet er vesentleg for å formidle den motstanden mot sosial aksept av narkotikabruk

som er ønskjeleg – nokre gonger tek dette form av kritikk for å bryte den felles fronten.

Kritikk er eit vesentleg innslag i omtalen av akademisk fagkompetanse – i noko større grad enn i forrige periode. Ein skilnad er at sjølv om det i desse åra finst nokre døme på at det blir reagert mot nyansering av fare ved bruk av visse stoff, er hovuddelen av dei negative karakteristikkane retta mot personell innan behandlingsapparatet som uttrykkjer skepsis til tvang som metode. Både den eine nøytrale referansen og tre positive dreier seg også om tvangsbehandling. Desse omtalene skiljer seg jamnt over frå dei om fagfolk som nyanserer faren – dei er mindre negative, og spelar meir på biletet av akademikaren som livsfjern eller ute av takt med det verkelege liv, som når Kjell Bohlin uttalar om motstanden mot tvangsbehandling at «vi kommer ikke langt med skrivebordsteorier»,¹⁹² eller når Helen Bøsterud karakteriserer slik motstand som «akademiske fraser».¹⁹³ I kontrast til desse relativt milde karakteristikkane står utsegner som Sigrid Utkilens:

«[Jeg] kan ikke sterkt nok beklage at det fortsatt finnes folk – med en viss faglig bakgrunn – som offentlig hevder at faren ved bruk av visse narkotiske stoffer er overvurdert. Når man vet hvilke uendelige lidelser narkotikamisbruk fører med seg, synes jeg slike uttalelser rett og slett tyder på en grenseløs ansvarsløshet.»¹⁹⁴

Dette er rett nok eit av dei mest tydelege døma på negativ omtale av akademisk ekspertise, men det er slett ikkje eineståande. Skilnaden mellom den velmenande, men lite praktisk orienterte akademikaren som er motstandar av tvangsbehandling, og den uansvarlige og farlige apologeten som nedvurderer faren, går att i nesten alle innlegg som nemner desse gruppene. Det er naturleg å sjå dette skiljet som motivert av i kor stor grad eksperten er i "kontakt" med dei narkotiske substansane – med omgrep frå mitt teoretiske utgangspunkt kan ein seie at den sistnemnde er farleg nær ved å trå utanfor grensene for det normale samfunn. Han viser aksept for dei onde og forureinande stoffa, og kan heller ikkje unnskuldast med uskuld eller manglande kunnskap slik ein brukar av stoffa kan. Dimed er han på veg mot ein posisjon heilt utanfor fellesskapet.

Ei gruppe som eg unnløt å nemne då eg gikk gjennom periode 1, til tross for at ho opptrer der ved eit par anledningar, er *dei pårørande*. I materialet frå søttitalet blir imidlertid denne gruppa så viktig at ho fortjener sjølvstendig merksemd. Dette kjem, igjen, av dei mange forslaga om tvangssinnlegging, som ofte blir grunngivne med omsyn til denne gruppa (sjå under). I første periode blei, som tabell 1.5 viser, dei grunnleggande karakteristikkane av pårørande etablerte – den

192St.tid. (1978-79): 448 – K. Bohlin

193St.tid. (1978-79): 4148 – H. Bøsterud

194St.tid. (1976-77): 3391 – S. Utkilen

vanskelege stillinga dei er i, kunnskapen om narkotikabruk som dei sit på, og rollene som høvesvis offer for ein neglisjerande stat eller eit motvilleg behandlingsapparat, og som delvis skuld i problema barna deira har havna i. Utviklinga gikk frå den sistnemnde rolla og mot dei førstnemnde, og dette er ei utvikling som held fram i denne perioden. Sjølv om tre talarar gir dei noko av ansvaret, understreker to av dei at foreldra først og fremst er ofre, og det er uansett ein marginal karakteristikk kvantitatittsett. Kvalitativt vil eg våge påstanden om at grunnen til at han vert nyttta overhovudet, er at talarane tek avstand frå den sosialpolitiske tolkinga av problemet ved å flytte det ned i individsfæren, der oppløysinga av familieverdier blir ei naturleg forklaring – dette verkar i alle fall svært sannsynleg for to av desse talarane, som tek eksplisitt avstand frå den meir strukturelle forklaringa.

6.2.3 Faktapåstandar

Den mest iaugefallande utviklinga når det gjeld faktapåstandar er at mange fleire ulike typar fakta blei del av ordskiftet, som vist i tabell 2.6 . Mønsteret er likevel mykje det same – påstandane om auka innføring av heroin og andre stoff, og påstandane om dødsfall, kjem i stor grad frå politiet der talaren oppgir kjeldereferanse, og påstandar om liten auke og graden av sosial aksept av narkotikabruk kjem sannsynlegvis frå SIFA-undersøkingar, sjølv om det for det meste blir referert til «undersøkingar» utan spesifisering av kor tala er henta frå. Nokre fleire innlegg refererer til kjelde i denne årgangen, men det er ikkje ei vesentleg auke. Opplysninga om brukarane sin sosiale bakgrunn og om kven som er fengsla etter «proffparagrafen» er jamnt over betre belagt med kjeldehenvising enn andre, og refererer til stortingsmeldinga, namngitte sosiologar sine undersøkingar og til Bødal/Fridhov-undersøkinga av domfelte.

Det mest interessante er kanskje det eg i tabellen har kalla «Positiv-negativ». I dei tidlege årgangane i denne perioden kan ein sjå ein tendens til at fleire talarar nemner positive utviklingstrekk – fleire unge er negative til narkotikabruk, og veksten i misbruket har stagnert. I seks av sju slike tilfelle blir det positive faktumet likevel fulgt opp med eit «men» - brutaliseringen av miljøa aukar, eller det kjem meir og fleire harde/hardare stoff. Dette kan ein sjå att i tabellane for faktapåstandar i dei to siste periodane – det er ein nesten ubroten regel i stortingsdebattane om narkotikapolitikk at vekten blir lagt på dei negative utviklingstrekkja, som ein spore til vidare innsats. Igjen vil eg presisere at dette sjølvsagt ikkje er uttrykk for noko anna enn den genuine uroa og angstens som det verkar tydeleg at politikarar har kjent i tilknytting til narkotikamisbruk i Noreg. Det er likevel eit talande bilet på nettopp denne angsten.

Nemninga «hardare stoff» er i seg sjølv eit nytt trekk i denne perioden. Med heroin som relativt ny

utvikling blir tendensen til å differensiere mellom ulike stoff sterkare, sjølv om ingen spesifiserer noko om skilnaden mellom dei. Den såkalla stepping-stone-teorien, om overgang frå svakare til sterke rusmiddel, blir òg trekt fram av enkelte talarar. Dette vil eg komme tilbake til under forslag og grunngiving. Samanhengen mellom alkoholbruk og narkotikabruk er ikkje ny, men blir markert meir vanleg i denne perioden enn i forrige. Eg viste korleis samanlikninga mellom desse rusmidla blei reagert mot som upassande på sekstitallet, og når eg tar for meg avvikande meininger vil eg gå nærmare inn på desse faktapåstandane.

6.2.4 Forslag og grunngiving

Tabellane 2.7 – 2.9 illustrerer den generelle tendensen for perioden som eg alt har skildra. Forsлага om straff er framleis dei kvantitativt dominante, og opptrer i flest debattar, men for alle dei typisk restriktive forslaga – straff, avlytting og kontroll i fengsel – er det no ei lita gruppe motargument. Usemja om forståinga av narkotikaproblemet kjem dessutan til uttrykk i forslaga frå dei tidlege åra i perioden om styrking av moral og familie og om sosialpolitiske tiltak – desse forslaga speglar klart dei ulike problemdefinisjonane.

Det er av spesiell interesse å merke seg endringa i argumentasjon for strengare straff for sal (framstilt detaljert i tabell 2.9), som tyder på at argumenta til motstandarane av straffeskjerping har fått eit nokså breitt gjennomslag i ordskiftet. Dei trakk fram argumentet om at dei "verkelege" narkotikahaiane satt trygt i utlandet og nytta fattigfolk eller narkotikabrukarar som kurérar, og at straff difor hadde liten effekt. Dei tok òg opp at straffa difor ramma skeivt, og underbygde dette med Kåre Bødal si undersøking av domfelte etter § 162. Desse argumenta ser ut til å skyvd argumentasjonen for straffeauke bort frå allmennprevensjon støtta av seljar-karakteristikk, og argumenta om at straffeskjerping er ein markering av samfunnets syn på brotsverket, og at det kan ha ein haldningsskapande effekt (både er subsummert under omgrepene signaleffekt i tabellane) blir viktigare. Ein kan seie at straff for sal ser ut til å bli stadig meir retta mot den same gruppa som straff for bruk, altså ikkje-brukarane, medan tanken om direkte allmennpreventiv effekt i høve til seljarane sjølve blir noko mindre framtredande. Forholdet mellom dei reine allmenprevensjonsargumenta og dei reine rettferds-argumenta er omrent det same, sjølv om både blir færre, med høvesvis to og fem, men då har eg ikkje rekna med argumentet «markere samfunnets syn», som ein i og for seg kan sjå som nærsyld rettferds-argumenta, særleg fordi så mange talarar som nyttar det òg nyttar moralsk karakterisering i innlegga sine. Allmennprevensjon som argument står slik sett noko svakare enn i forrige periode, sjølv om det numerisk sett er styrka vis-a-vis seljar-karakteristikkane. Det underlege er at argumenta mot straff forskyver seg noko mot meir tekniske innvendingar i same tidsrom – argumentet om brutalisering som bieffekt av strenge straffar forsvinn

i slutten av perioden, medan til dømes argumentet om at straffeskjerping kan bli ei «sovepute» for styresmaktane i høve til det totale misbruksproblemet blir meir framtredande. Dette er rett nok ein særsvak tendens. Det kan vere eit poeng å framheve at politiet si meiningsikkje blir nytta for å godtgjere allmennpreventiv effekt i denne perioden, men derimot er viktig som grunngiving for utvida adgang til telefonavlytting.

Basert på det delvise gjennomslaget for innvendingane mot strengare straff kan ein seie at stereotypiseringa av seljarar ikkje var like markert i denne perioden som i forrige. Dei moralske dommane var, som vist, kanskje ein endå viktigare del av karakteriseringa, men gruppa i gråsona mellom den stereotype brukaren og den stereotype seljaren blir tydelegare som følgje av den mindre graden av semje og av motstanden mot straffeskjerpingar. Denne utviklinga mot eit meir nyansert ordskifte blir mindre tydeleg ved at nyanseringa til ein viss grad fell bort i siste debatt om straffeskjerpingar, men er likevel markert i høve til perioden før.

Biletet av brukarar blir ikkje nyansert på same måte, sjølv om påpeikingane av brukar-seljar-problemet har ein viss verknad på det. Ein kan dessutan merke seg at orda «opplysing» og «informasjon» omtrent midtvegs i perioden i stor grad blir skifta ut med «haldningsskapande arbeid» eller «haldningskampanje». Om dette berre er ei modernisering av språkbruken eller om omgrepa er uttrykk for ei reell endring i meiningsinnhald er ikkje lett å seie noko sikkert om, men endringa fann stad omtrent samstundes som forskyvinga mot signal- eller nettopp haldningsskapande effekt som argument for straff. Dette gir ein viss grunn til å tru at det er uttrykk for faktisk endring. Konsekvensane for biletet av brukaren er i så fall at kunnskapsløyse blir noko mindre viktig, medan ansvarsløyse kanskje noko meir markert. Eit argument mot ei slik tolking er at dei moralske karakteristikkane forsvinn ut av materialet på nettopp dette tidspunktet, og mangel på haldning må seiast å ha meir til felles med mangel på moral enn med mangel på kunnskap.

Grunngivingane for behandling og tvangsinnsnelling held fram med å referere til dei same karaktertrekka som før, sjølv om omsynet til pårørande blir ein viktigare faktor, særleg for forslag om tvangsinnsnelling. Det er ellers eit poeng at få talarar skiljer mellom *tvangsinnsnelling* (for avrusing) og *tvangsbehandling* (for permanent rusfridom). Årsaka til dette ligg truleg i synet på stoffa som totalt slavebindande i seg sjølv, som i stor grad blir heldt oppe gjennom perioden, til tross for at Stortingsmelding 66 som nemnt viste til forsking som slo kraftige sprekker i dette biletet. Somme talarar trakk fram motivasjon som vesentleg for både rusfridom og det dei gjerne kallar eit normalt liv, og presenterte med dette eit syn på problemet der sosiale og psykologiske faktorar som bidrag til rusmisbruk og -avhengigheit var viktigare enn tidlegare, men dette er eit

klart mindretal.

Interessa for sosiale faktorar kom òg til uttrykk ved at det blei fremma ein del fleire forslag enn i perioden før om sosialpolitiske tiltak, både som konkrete framlegg om betring av bustads-, utdannings- og sysselsettingspolitikken, og om meir generelle framlegg om samfunnsplanlegging – desentralisering og restriksjonar på dei frie marknadskreftene som skapte taparar og fattigdom. Tilsvarande dette skiljet var grunngivingane òg dels konkrete, dels generelle. Konkret blei det peikt på at brukarar kom frå det sosiale botnsjiktet, og hadde problem relatert til denne bakgrunnen som måtte bøyst på om dei skulle komme seg ut av narkotikamisbruket. Generelt blei det hevdat at narkotikamisbruk var eit symptom på fattigdom og låg utdanning, og at betre utjamning var eit forebyggande tiltak mot slikt misbruk.

Ulikt forrige periode er det i denne mogleg å identifisere ein del tilfelle der faktapåstandar om anna enn allmennpreventiv effekt i andre land blei brukt direkte som argument for praktisk politikk. Dette gjeld både påstandane om aukande sosial aksept av cannabisbruk, som var eit viktig argument for meir og betre opplysing i 81-debatten, samanhengen mellom alkohol- og narkotikabruk, som grunngiving for meir restriktiv alkoholpolitikk, og sosiologiske undersøkingar om bakgrunnen til brukarar både i fengsel og generelt, som blei brukt både mot strengare straffar og for meir vekt på sosialpolitiske løysingar. Utviklinga mot meir innføring og bruk av heroin eller andre «hardare stoff» blei dessutan nytta aktivt som argument for opprusting av generell kontroll og for straffeskjerping. Som eg var inne på over fører vektlegginga av denne utviklinga til at skiljet mellom dei ulike narkotiske stoffa blir tydelegare. Dette førte likevel ikkje til forslag om differensiering av politikken gjennom til dømes ulike strafferamar for bruk eller sal av ulike stoff, eller av ulik handsaming av brukarar av slike. Berre ein talar er inne på tanken om slik differensiering, når han ber om strengare straff for smugling eller sal «i alle fall for dei farlegaste stoffa, til dømes heroin». ¹⁹⁵ Hans H. Rossbach uttrykkjer i straffeskjerpingsdebatten i -84 ønske om at domstolane må ta omsyn til kva type stoff det er tale om ved straffeutmåling, men går ikkje inn for å nedfelle dette prinsippet i lovverket. Grunnen til dette kan vere den same som tre andre representantar gir uttrykk for i denne debatten – signaleffekten av eit slikt skilje kunne svekke motstanden mot bruk av dette eller desse stoffa, og gi inntrykk av at styresmaktane ikkje såg på slik bruk som alvorleg, slik til dømes Sverre Helland uttrykte det:

«Me meiner det kan vera uheldig med ulik maksimumsstraff for såkalla farlege stoff og for andre narkotiske stoff, som også er farlege nok, sjølv om faren ikkje er så akutt. Ein slik skilnad i lovteksten kan lett bli oppfatta som om omsetnad av t.d. cannabis

¹⁹⁵Ot.tid. (1976-77): 178 – J. Sønstebo

ikkje er så alvorleg.»¹⁹⁶

Ein annan grunn for å ikkje skilje mellom ulike stoff blei trekt fram av fire andre talarar i -81-debatten om auka tiltak mot narkotikaproblemet – stepping-stone-teorien. Dette er tanken om den meir eller mindre naturlege overgangen frå eit rusmiddel til det neste, som i alt vesentleg er den same som blir uttrykt når talarar nemner samanhengen mellom alkohol- og narkotikabruk.

Skilnaden er i stor grad at når teorien blir nemnt i samanheng med cannabis-bruk blir utviklinga presentert som langt meir skjebnebestemt og uunngåeleg enn når det er tale om alkohol – typisk uttrykt ved formuleringar som at hasj «fører den enkelte inn i miljøet og den onde sirkel (...). Dernest følger overgang til tyngre og adskillig mer farlige stoffer»¹⁹⁷ – eller som Georg Apenes uttrykkjer det:

«Ikke alle som tar en blås hasj, ender som sprøytenarkomane. Men alle sprøytenarkomane begynte med en hasjblås.»¹⁹⁸

Apenes er den som i størst grad peiker på at stepping-stone-utviklinga ikkje er naturgitt, men han unnlet samstundes å nemne at dei sprøytenarkomane sjølv sagt ikkje *byrja* med cannabisrøyking, men med tobakksrøyking og bruk av alkohol. Ved å halde desse stoffa ute av kjeda blir den potensielle faren ved cannabisrøyking større enn om ein inkluderer dei lovlege rusmidla, som i det overveldande store fleirtalet av tilfelle ikkje leier folk inn i sprøytenarkomani – slik det òg er med cannabis. Dette er sjølv sagt eit lite poeng. Det viktigaste er at klart dei fleste av representantane som framhever utviklinga mot hardare stoff og dimed skiljer mellom dei og andre, mindre farlege, ikkje går inn for noko skilje mellom dei i lovverket, og heller ikkje gir nokon grunn for dette. Som ellers i ordskiftet må ein difor gå ut frå at synspunkta deira blir representerte av dei talarane som faktisk uttrykkjer ei meining om spørsmålet. Dette styrker tendensen eg alt har peikt på - at markering og signaleffekt blir stadig viktigare som grunnlag for politikken. I høve til mitt teoretiske perspektiv kan ein tolke denne tendensen på to måtar. På den eine sida blir seljar-karakteristikkar som grunnlag for politikken noko mindre viktig, til fordel for prinsipielle eller konsekvens-orienterte argument, og dette er ei innvending med ei viss vekt. På den andre sida er det tydeleg at klar grensesetting og -markering framleis er eit sentralt aspekt, og rekna som viktigare enn å utforme ein politikk som tar høgde for grupper i gråsona mellom dei stereotype seljarane og brukarane. Her er det på sin plass å kort nemne ønsket om betre differensiering mellom nettopp seljarar og brukarar – å skilje dei grove lovbrota under § 162 frå dei mindre grove under same paragraf. To talarar, blant dei dåverande

196Ot.tid. (1983-84): 518 – S. Helland

197St.tid. (1981-82): 751 – T. Granerud

198St.tid. (1981-82): 753 – G. Apenes

justisminister Bjørn Skau, argumenterte for dette i debatten om straffeskjerping i 1981. Dette er eit døme på at politikken overfor desse gruppene blei satt i fokus, men forslaget blei ikkje gjennomført og heller ikkje teke opp att neste gong strafferammene var oppe til debatt.

6.2.5 Argumentasjon

Direkte regulerande tiltak og lovverk var framleis nesten totalt dominante i ordskiftet om narkotikapolitikken i andre periode. Det var likevel fleire talarar som byrja å peike på manglande effekt av dei iverksette tiltaka. To talarar refererte til medisinsk ekspertise som avviste at behandling av narkotikamisbrukarar nytta, og like mange gav uttrykk for at opplysing ikkje såg ut til å ha tilstrekkeleg avskrekkande verknad på ungdom. Dei mest markante døma på at argumenttypen «marginal eller ingen effekt» slo sterke gjennom i ordskiftet i desse åra er likevel den aukande oppslutninga om sosialpolitiske verkemiddel, basert på ei oppfatting av straff, behandling og opplysing som symptombehandling, og den nærskyld motstanden mot straffeskjerping.

Tidleg i perioden framsto sosialpolitiske verkemiddel som eit alternativ til straff- og kontrollpolitiske tiltak hos ein del talarar. Desse peikte på den manglande effekten av dei tradisjonelle tiltaka mot narkotikabruk, og lanserte sine forslag som ei alternativ linje. Dette synet blei etter kvart mindre vanleg – det er typisk at framlegg om slike tiltak aldri opptrer i debattar om straffeskjerping slik straff opptrer i debattar om meir generelle tiltak mot narkotikaproblemet – og i slutten av perioden ser det ut til å vere brei semje – med eit par unntak – om at straff er ein vesentleg del av narkotikapolitikken uavhengig av om ein i *tillegg* ønskjer andre typer tiltak. Som i første periode blei det reint sosialpolitiske fokuset ein gong i perioden møtt med ein variant av argumenttypen «realistiske problemdefinisjonar og pragmatiske løysingar» - statsråd Leif Arne Heløe kritiserte denne forklaringsmodellen, representert ved SV, for å vere «fantasifull», ikkje «logisk og troverdig» som Høyre sin, som tok utgangspunkt i realitetar.^{199*} Dette kan òg tolkast som ein mild variant av korrigering av avvik, noko eg kjem tilbake til under. Uansett blei argumentet om manglande effekt av straffepolitikken mindre viktig som grunngiving for ei *alternativ* sosialpolitisk linje utover i perioden, og dei konkrete argumenta sto igjen som grunngiving for konkrete tiltak, meir som supplement til behandling enn som eiga narkotikapolitisk kurs. Likevel blei manglande effekt av straff framleis nytta som argument av eit svært lite mindretal, ikkje berre *for* sosialpolitiske tiltak, men *mot* strafferettslege skjerpingar.

199 St.tid. (1981-82): 759 – L. A. Heløe

* Ein blir uvilkårleg minna om Nils Christie og Ketil Bruun si handsaming av omgrepene utopisk, som dei meiner har to tydingar: Den eine typen utopiske forslag er dei som er «realistiske i den forstand at de kan få politisk tilslutning, men urealistiske i den forstand at de ikke ville få noen virkninger om de ble realisert», medan den andre er forslag som er «så omfattende at de kunne ha fått virkninger om de ble gjennomført, men som er urealistiske ut fra mulighetene til å få politisk støtte». (Bruun og Christie, 2003: 174)

Over har eg vist at argumenta for straffeskjerpingar til ein viss grad endra seg i denne perioden. Den direkte regulerande effekten av streng straff var framleis den numerisk sett viktigaste grunngjevinga, men symbolsk og haldningsskapande effekt blei viktigare, og i slutten av perioden er desse dei dominerande grunngivingane. Det er argumentet «markere samfunnets syn» som er det mest brukte, medan haldningsskapande effekt berre blir eksplisitt nemnt ein gong. Sjølv om desse idealtypane er skilde i Stenvoll sin analyse, er eg likevel usikker på om stortingsrepresentantane har sett nokon veldig klar skilnad på dei, og eg meiner det er tale om ei generell endring mot det ein kan kalle symbolsk/haldningsskapande effekt. Denne dreininga i argumentasjonen var ein følgje av at det ble presentert motargument mot den strafferetslege linja. Motstandarane av straffeskjerping peikte på at straff hadde utilsikta konsekvensar – brutalisering av narkotikamiljøa og lange fengelsstraffer for misbrukarar – og på marginal eller ingen effekt av høge strafferammer: dei ramma ikkje dei stereotype storseljarane som var det primære målet, og dei hindra ikkje aukande innføring og bruk av narkotika. Dette var likevel ikkje nok til at den strafferetslege linja blei vesentleg modifisert – argument om allmennpreventiv effekt var framleis sterkt til stades i -84-debatten om heving til 21 års strafferamme. Heller ikkje dei overveiande negative tilbakemeldingane frå presumptivt respekteable høringsinstansar som straffelovrådet og riksadvokaten hindra denne skjerpinga. I den grad ein kan finne spor av årsakene til dette i sjølve debatten, eller i debattane frå perioden totalt, ligg desse slik eg ser det i den tidlegare nemnde tendensen til at talarar i svært liten grad kommenterer eller reagerer på argument eller faktapåstandar som stirr mot det synet dei sjølv står for. Høringsinstansane sine svar blir til dømes nesten berre nemnt av dei representantane som argumenterer mot skjerping – kun to andre talarar tek opp dette. I dei to debattane om straffeskjerping er det berre ein talar som argumenterer for straffeskjerping som dessutan svarar på argumentet om at det nesten berre er brukar-seljarar som blir straffa etter den aktuelle paragrafen, og ingen som tek opp argumenta om brutalisering eller manglande effekt på smugling, sal og misbruk. Dette er same tendens som eg peikte på for første periode. Sjølv om fleire enkelttalarar presenterer innvendingar mot majoritetssynet, er tendensen til reell debatt ikkje stort sterkare i andre. Dette gjeld dessutan, som eg var inne på over, biletet av seljaren – problemet med brukar-seljarar, som blir framhevd av ein del representantar, fører ikkje til vidare nyansering frå andre talarar. Tvert imot er som nemnt tendensen at dei moralske karakteristikkane blir vanlegare i forhold til andre karakteristikkar hos dei som tek opp dette problemet.

Denne strukturelle mangelen ved ordskiftet er sjølvsagt ikkje begrensa til representantane som argumenterer for straffeskjerpingar. Ingen av talarane som går mot innrømmer nokon verdi av dei potensielt symbolske eller haldningsskapande effektane av straffeskjerping. Grunnen til at eg har valt å presentere dette trekket ved debatten hovudsakleg frå ei side er dels at så få talarar går mot

forsлага om straff at ein ikkje kan vente at dei skal bruke mykje tid på å inkludere motstandarane sine argument, og dels at det blir lagt fram så mange fleire argument mot straffeskjerping. Denne kombinasjonen er det som etter mi meining først og fremst gjer det påfallande at så få av straffeauke-tilhengjarane reagerer på motparten si grunngiving eller vier ho noko særleg merksemrd. Ein bør likevel tenkje på at fleire av dei andre politikkforsлага frå denne perioden – som styrking av politiinnsats eller tvangsinnlegging – i alle fall til ein viss grad kunne møtast med dei same typar motargument som blei brukte mot heving av strafferamma, men dei talarane som nyttar dei der, trakk dei ikkje fram når desse forslaga blei drøfta. Politiinnsats hadde ikkje vist seg særskilt effektivt, og kunne føre til brutalisering eller prisauke, og tvangsinnlegging var upopulært blant mange fagfolk på området så vel som prinsipielt vanskeleg, men innvendingane mot straff blei ikkje fulgte opp på desse områda.

For å setje argumentasjonen i perspektiv, og understreke det eg ser på som eit vesentleg poeng, vil eg til slutt i denne delen komme kort inn på dei saksspesifikke debattane om avlytting og om kontroll i fengsel grunna aukande innsmugling og bruk av narkotika (særleg kroppshulekontroll). Når det gjeld telefonavlytting, er det den første debatten (frå desember 1976), om å innføre utvida adgang til avlytting, som er den mest interessante – dei seinare debattane om midlertidig forlenging er i stor grad å rekne som formalitetar, med få talarar, karakteristikkar og argument – hovuddiskusjonen om lova fann stad i den første debatten. Det er markert fleire som kjem med innvendingar mot utvida avlytting enn mot å innføre strengare kontroll i fengsel. Desse innvendingane er hovudsakleg utilsikta konsekvensar – avlytting av uskuldige, særleg via offentlege telefonar – og manglande effekt, fordi dei store seljarane ikkje vil bruke telefonar om dei veit at desse kan vere avlytta. Utilsikta konsekvensar – først og fremst brutalisering av fengselsmiljøet – var òg hovudargumentet mot skjerpa kontroll frå representanten Hauglin, som gjekk mot forslaget. Fleire talarar nemner det dehumaniserande og/eller nedverdigande ved kroppshulekontroll, men berre Hauglin nyttar dette som eit argument mot innføring av slik kontroll.

Det mest slåande trekket er likevel at i avlyttingsdebatten blir desse innvendingane teke opp av fleire talarar, og debatten får i større grad preg av å vere ein diskusjon, noko som kjem til uttrykk i at denne debatten har flest innlegg per talar i materialet så langt. I kontrast til dette er det kun eitt innlegg per talar i debatten om kontroll i fengsel. I avlyttingsdebatten nyttar alle talarar som kjem med faktapåstandar i alle fall ei meir eller mindre konkret kjeldehenvising, meir enn i nokon annan debatt til då. I fengselsdebatten er talet på slike referansar meir på nivå med det generelle ordskiftet om narkotika. Det einaste trekket som er felles for desse debattane er at pro-contra-resonnementar opptrer i både. Det er etter mi meining ikkje unaturleg å sjå desse skilnadene som uttrykk for kven

som kunne bli ramma av dei uønskte bieffektane – telefonavlytting kunne potensielt gå ut over "verkeleg" uskuldige, medan skjerpa kontrolltiltak i fengsla ville gå ut over kriminelle. For å nyansere dette biletet kan det nemnast at to talarar, ein i odelstings- og ein i lagtingsdebatten om avlytting, seier eksplisitt at dei eigentleg ønskjer å stemme mot lova, men at det er vanskeleg fordi narkotika er så alvorleg. Lova gjekk då også gjennom og blei seinare gjort permanent, så omsynet til dei uskuldige måtte vike for kampen mot narkotikamisbruket. Likevel meiner eg det er mykje som talar for at omsynet til brukarar (og særleg seljarar) blei sett som mindre viktig enn omsynet til dei potensielle brukarane som enno kunne reddast frå misbruk, og at dette er ein vesentleg forklaring på at så få talarar tek opp motparten sine innvendingar, sjølv om somme talarar implisitt anerkjenner dei gjennom overgangen til argument om symbol- og haldningsskapande effekt.

6.2.6 Avvikande synsmåtar

I gjennomgangen av forrige periode viste eg korleis det blei reagert mot ulike talarar som presenterte ei anna tolking av narkotikaproblemet enn fleirtalet sin. I byrjinga av denne perioden skjer det ei tydeleg endring i dette fenomenet – aksept av samanlikninga mellom alkohol og narkotika. I løpet av dei tre første årgangane gjorde ni ulike talarar denne samanlikninga i større eller mindre grad, og berre i den første blei nokon av dei korrigerte for dette. To talarar framhevd at alkohol er naturleg og akseptert for store deler av befolkninga, og at narkotika er noko heilt anna, men det blei raskt akseptert å trekke paralleller mellom desse fenomena. Det er vanskeleg ikkje å sjå dette som ei viss normalisering av narkotikamisbruk, og sjølv om enkelte talarar i seinare periodar freistar å halde slike samanlikningar utanfor narkotikadebatten, var dette ei endring som blei permanent, og som markerer opptakten til ein større grad av felles handsaming av politikken kring rusmiddel generelt.

I den første store debatten i perioden, interpellasjonsdebatten i 1976, blei interpellanten, Presthus, kritisert av representanten Petter Furberg for å ikkje respektere fagkunnskap og for å ha eit forenkla syn på narkotikaproblemet. Furberg uttalte at Presthus «betegner med bred penn innlegg og argumentasjon på dette felt som 'lett forvirrede'»²⁰⁰ og meinte at han burde sette seg betre inn i heile problemkomplekset. Dette var første gong ein talar som gikk inn for den tradisjonelle linja i narkotikadebatten hadde fått denne type kritikk, og det reflekterer den offensiven som tilhengjarar av den sosialpolitiske tolkinga av problemet sto for midt på søttitalet. Denne haldninga er også tydeleg i Thor-Erik Gulbrandsen sin kommentar til eit innlegg frå Harald Slettebø i debatten om stortingsmeldinga seinare same vår. Slettebø klaga over at narkotikadebatten var prega av «veikskap og ein vantande vilje» og av «altfor mykje silkehanskementalitet»,²⁰¹ og Gulbrandsen repliserte at

200St.tid. (1976-77): 2408 – P. Furberg

201St.tid. (1976-77): 3416 – H. Slettebø

han var nøgd med debatten fordi «de hysteriske rop på strengere straffer (...) er nå i ferd med å forstumme. Selv foregående talers innlegg endrer ikke på dette, men han representerer da snart heller ikke andre enn seg selv, og det lover godt.»²⁰²

Etter dette fekk straffemotstandarane hardare kamp. Då justisminister Valle to år seinare uttrykte skepsis til straffeskjerpingar (basert på dei fleste av dei argumenta som var typiske for dette synet), karakteriserte representanten Asdahl denne logikken som ei «kortslutning».²⁰³ To år etter dette kom den første av dei to straffeskjerplingsdebattane i perioden, der skiljet gikk mellom dei som ville ha skjerping frå 10 til 15 års øvre strafferamme (med 20 ved fleire lovbro) og dei som ville ha skjerping til 21 års strafferamme. Dei sistnemnde karakteriserte motstanden mot 21 års ramme som «vanskelig å forstå»²⁰⁴, «beklagelig»²⁰⁵ og «så naturstridig som overhodet mulig»²⁰⁶, og meinte at argumenta mot straffeheving «er ikkje orsaking nok»²⁰⁷ til å vere mot, medan tre av representantane som var mot hevinga til 21 års strafferamme karakteriserte den hardare linja som «lettvint»²⁰⁸, og «overbudspolitikk».²⁰⁹ Denne debatten var sterkt prega av partipolitisk retorikk, og ein kan i stor grad sjå desse uttrykka, frå både leire, som utslag av dette – som ein talar frå den sistnemnde gruppa poengterte i debatten, var dette eit valår. Ein kan ellers tolke dei moderate straffeskjerparane sine karakteristikkar som naturlege reaksjonar på ei skjerping på over 100 %, utan utgreiing eller høyringsrunde, og dei radikale sine som angrep på avvikande synsmåter – eller ein kan tolke dei sistnemnde som oppriktig uroa for ein situasjon dei følte var særskilt truande, og dei førstnemnde som nokså hyklerske, all den tid fleire lovbro ville gi ein maksimal strafferamme på 20 år. Fleire lovbro ville til dømes kunne seie oppbevaring og sal, eller smugling og sal, og det ville nok ofte vere mogleg å idømme 20 år om retten fann det ønskjeleg.

Med tanke på desse vurderingane finn eg det vanskeleg å seie om denne debatten i særleg stor grad kan brukast til å korkje stadfeste eller avsanne min påstand om at avvikande meininger har blitt undertrykte i narkotikadebatten. Då straffeskjerpingssaka kom opp i Stortinget igjen tre år seinare hadde Arbeiderpartiet skifta standpunkt, og det var brei semje om hevinga, med berre SV sine representantar som unntak. Dei opplevde ikkje noko vesentleg press av den grunn, men eg finn heller ikkje det særleg tungtveiande – dels fordi dei var i eit så klart mindretal og slett ikkje kunne påverke politikken og dels fordi representanten som talte på vegne av SV markerte tilslutning til

202St.tid. (1976-77): 3418 – T.-E. Gulbrandsen

203St.tid. (1978-79): 4156 – E. Asdahl

204Lt.tid. (1980-81): 98 – W. Lowzow

205Ot.tid. (1980-81): 562 – J. P. Syse

206Ot.tid. (1980-81): 576 – E. Asdahl

207Ot.tid. (1980-81): 566 – J. Sønstebø

208Ot.tid. (1980-81): 573 – K. K. Grøndahl

209Ot.tid. (1980-81): 561 – V. Olsen-Hagen

forståinga av narkotikaproblemet gjennom negative seljarkarakteristikkar og vilje til å vurdere narkotikakriminalitet som blant dei mest alvorlege brotsverka i straffelova. SV sin dissens handla meir om motstand mot det generelle straffenivået, og særleg maksimalstraffen, som dei gjekk inn for å senke til 15 år, enn om motstand mot fleirtalet si tolking av narkotikasal og -misbruk. Det er likevel grunn til å minne om Heløe si noko nedlatande haldning til SV sitt fokus på samfunnsplanlegging som urealistisk. Det er ei vanskeleg avveiing om ein skal sjå dette som korrigering av avvik, men eg meiner at ei slik tolking kan sannsynleggjerast med liknande tendenser frå neste periode, der ein SV-representant klart blir utsett for korreksjon, blant anna ved at tilhengjarane av streng kontrollpolitikk freistar å monopolisere omgrepene «realisme».

Dei andre døma på avvikande meininger frå denne perioden er alle indirekte, eller retta mot ikkje namngitte meiningsmotstandarar. Eg har vore inne på karakteriseringa av akademikarar som freista å avdramatisere bruken av enkelte narkotiske stoff, og nemnde dessutan karakteristikkane av dei fagfolka som gav uttrykk for motstand mot tvangsinleggning eller tvangsbehandling. Tre talarar kom med slike karakteristikkar mot motstandarar av tvang meir generelt, utan å spesifisere kven dei omtalte. Harald Lied gav uttrykk for dei same tankane som i dei meir konkrete klagane på fagfolk då han kontrasterte tvang som «virkelighetsnær (...) praktisk og effektiv handling» mot «filosofiske teorier». ²¹⁰ Odd With rekna det som «handlingslammelse»²¹¹ å vere mot tvang, medan Jo Benkow kalla slik motstand «en slags raffinert form for umenneskelighet», «stivbenthet» og «unnnfallenhet». ²¹² Ingen av desse utsegna kan seiast å vere særskilt dramatiske (kanskje med unntak for Benkows uttrykk «umenneskelighet»), men er klart del av den generelle tendensen til å diskreditere annleistenkjande, sjølv om dei er for få til å utgjere nokon viktig faktor i analysen.

Meir dramatiske er karakteriseringane av ei til dels ny gruppe som kjem inn i materialet i denne perioden, men som sannsynlegvis har ein viss affinitet til «popradikalarane» frå perioden 1966-76. Fire talarar uttrykkjer seg i svært negative ordelag om den alternative publikasjonen «Gateavisa», og den «ufarleggjeringa» av cannabisbruk som avisas representerte. Tre av desse ønskte forbod mot det dei kalla «hasj-propaganda», medan den fjerde, justisminister Mona Røkke, peikte på at det i henhold til grunnloven var vanskeleg å trekkje skiljet mellom kva som fell innanfor og utanfor ytringsfridomen. Ho nøyde seg difor med å foreslå at avisas framstilling blei møtt med utvida informasjonsverksemnd. Karakteristikkane som blei nytta minner til dels mykje om omtalen av fagfolk som uttala seg i same retning – avisas si haldning blei kalla «uansvarlig»²¹³ og

210St.tid. (1978-79): 4165 – H. Lied

211St.tid. (1978-79): 4144 – O. With

212St.tid. (1978-79): 4144 – J. Benkow

213St.tid. (1982-83): 71 – M. Røkke

«destruktiv». ²¹⁴ Felles er òg at politikarane framhever si eiga kunnskap og ansvarskjensle i kontrast til denne gruppa. Røkke understreka to gonger at propagandaen måtte møtast med «saklig og prinsippfast informasjon». ²¹⁵ Ein vesentleg skilnad er likevel at to av talarane går langt i å antyde at avisar eller dei individuelle skribentane har personlege, økonomiske interesser i å fremme hasjbruk – Røkke uttalte at «vanskane med å definere grenser for ytringsfridomen «utnyttes altså kynisk», ²¹⁶ medan Åge Hovengen karakteriserer skribentane som «lyssky individer som ønsker å tjene penger på å ødelegge andres liv». ²¹⁷ Slik vond vilje har ikkje blitt knytta til fare-minimerande synspunkt tidlegare, då det var meir respektable personar som gav uttrykk for dei. Dette kan nok vere eit resultat av både kven det er tale om og forma på bodskapen – den langt meir radikale og autoritetsfiendlege haldninga i Gateavisa kan lett ha ført til sterkare indignasjon frå stortingsrepresentantane si side.

Ein stad i materialet frå denne perioden blir dessutan tilhøva i Danmark og Christiania skildra. Georg Apenes går frå ei fordømming av det han kallar «bagatellisering (...) uten grunnlag i kunnskaper»²¹⁸, som er retta mot uspesifiserte cannabis-apologeter, til å snakke om det meir alvorlege i dansk haldning. Apenes skildrar situasjonen i Christiania som «dansk ungdoms forrråtnelse i pluralismens og liberalitetens temmelig frysede gevanter». ²¹⁹

Samla kan ein seie at ordskiftet innad i Stortinget blei noko åpnare i denne perioden enn i forrige. Særleg aksepten for samanlikning av alkohol- og narkotikabruk er viktig, men den oppslutninga om den alternative tolkinga av narkotikaproblemet som noko som først og fremst må løysast sosialpolitisk, og den noko større graden av ulike synspunkt som ho åpna for, har òg vore ein viktig faktor. Sjølv om til dels særstigne harde karakteristikkar av meiningsmotstandarar blei nytta i den første av straffeskjerpingsdebattane, er det tvilsomt i kor stor grad dette er direkte relevant, og i neste debatt om same spørsmål, samt debattane om avlytting og kontrolltiltak i fengsla, kunne motstandarar av den restriktive linja ytre seg fritt utan å bli korrigerte, særleg fordi dei ikkje braut radikalt med den grunnleggande oppfattinga av problemet. Slike brudd fanst likevel utanfor stortingssalen, og når dei blir nemnde er fordømminga klar, sjølv om slike døme er relativt få i høve til talet på innlegg i perioden.

214St.tid. (1982-83): 71 – O. Tungesvik

215St.tid. (1982-83): 2313 – M. Røkke

216St.tid. (1982-83): 71 – M. Røkke

217Ot.tid. (1983-84): 520 – Å. Hovengen

218St.tid. (1981-82): 753 – G. Apenes

219Ibid.

Del 6.3

Tredje periode (1984 – 1992):

Mellomspel

6.3.1 Om perioden

Med lova si strengaste straff tilgjengeleg for domstolane, og lita utvikling i misbruksituasjonen, blei slutten av åttitalet ein relativt udramatisk tid i narkotikadebatten. Sjølv ikkje HIV/aids-problemet førte til mange diskusjonar, trass i at det fekk ein prominent plass i den eine store debatten i denne fasen, i kjølvannet av stortingsmeldinga frå 1986. Aukande problem med innsmuggling, sal og bruk av narkotika i fengsla fekk ei viss merksemd, men ellers var perioden dominert av saksspesifikke debattar om teieplikt, tvangsbehandling og avlytting. Sjølv om semja ikkje var total, var det berre i sistnemnde sak, då spørsmålet om å gjere adgangen til telefonavlytting permanent blei diskutert i mai 1992, at det var kontroversar og genuint ulike meiningar i desse åra. Tendensen til å sjå sosialpolitiske tiltak som langsiktig strategi heldt seg, men vann ikkje ytterlegare terrengr.

Stillstanden er ikkje tilfeldig. Perioden er definert nettopp ut frå dette trekket – forrige periode blei avslutta med kulminasjonen av straffeskjerpingane som hadde vore drivande kraft i narkotikadebatten til då, og neste periode byrjar med den aukande merksemda kring overdosedødsfall og dei nye strategiane som fulgte med denne endringa av sjølve problemet frå misbruk til død. Ein kan likevel sjå tendensane til denne nyorienteringa i slutten av tredje periode, med to forslag (frå same talar) om metadonbehandling, basert på stigande overdosetal, og likeeins på avvisinga av denne politikken som ein talar står for i den siste avlyttingsdebatten. Her ser vi byrjinga på den diskusjonen som skulle bli tilnærma altoverskuggande i fjerde periode. Sjølv om den generelle strukturen i ordskiftet er den same som for tidlegare perioder, blei kompleksiteten i argumentasjonen noko større for dei meir omdiskuterte sakene, særleg gjelder dette avlyttingsdebattane. Dette er ellers den første perioden der det er så få innlegg i dei større debattane at spørjetimespørsmåla blir statistisk vesentlege, og eg kjem i større grad enn i tidlegare perioder til å referere til dei.

6.3.2 Karakterisering og stereotypisering

Det er svært små endringar å spore i karakteristikkane av brukarar, noko som i og for seg er eit poeng det er verdt å legge litt vekt på. Narkotikaproblemet hadde no vore oppe til debatt i om lag 20 år, og i ti av dei hadde det vore sterkt medvit om ein viss overgang til misbruk av dei såkalla «hardare» stoffa – først og fremst gjaldt dette, i alle fall i stortingsdebattane, heroin. Likevel er det framleis dei unge som dominerer ordskiftet. Dette tyder på to ting.

For det første er det meir enn sannsynleg at ein del av desse unge ikkje er narkotikabrukarar, men den gruppa som står i fare for å bli slike. Eg vil minne om at eg har halde karakteristikkar utanfor analysen når det er klart at det er denne «i faresonen»-gruppa representantane talar om. Det er likevel godt mogleg at fleire talarar likevel snakkar om ho når dei ser ut til å meine faktiske narkotikabrukarar, og vidare at dette skiljet er noko flytande i den politiske retorikken på feltet. Ei grundigare undersøking av fleirtydigheit i karakteristikkane av brukarar kunne kanskje avdekkje eit slikt mønster i språkbruken, men eg har ikkje hatt tid i til å gå nærmare inn på det i denne omgang. Det ville imidlertid vore særslig interessant å gjere ei grundigare analyse av dette – eit slikt grep ville til dømes gjere det mogleg (med- eller umedvite) å tale om brukarar utan å måtte forholde seg til effektane av langvarig misbruk med tilhøyrande kontrollsksadar, eller motsatt å kunne tillegge faresone-gruppa typiske brukar-karakteristikkar som stor grad av veikskap eller hjelpeleyse, noko som igjen ville gjere ein streng kontrollpolitikk desto meir naudsynt. Andre døme, som dreier seg om andre ting enn tilhøvet mellom karakteristikkane og kontrollpolitikken, kan sjølvsagt også tenkjast.

For det andre understrekar overvekta av kjennemerket «ung alder» eit poeng eg trakk fram i gjennomgangen av forrige periode – politikarane er først og fremst opptekne av dei unge, av dei som enno ikkje er misbrukarar eller dei som framleis (slik narkotikamisbruk framstår i stortingsforhandlingane) har ein sjanse til å komme seg ut av misbruket. Representanten Ingrid Eide var i debatten i november 1978 inne på ein kanskje sjølvsagt, men viktig, innsikt, då ho uttalte at ho trudde narkotikamisbruket var særskilt skremmande for stortingspolitikarane fordi dei kjente «en dyp identifikasjon med de foreldre som opplever dette, jeg hadde nær sagt på egen kropp. Det er en foreldreangst forbundet med dette som griper oss alle». ²²⁰ Dette er eit poeng som kan bidra til å forklare vektlegginga av ungdom som brukarar sjølv i ein situasjon der det mest problematiske misbruket er representert ved ei lita gruppe relativt langkomne narkotikamisbrukarar, i ein situasjon der aids spreier seg via sprøytemisbruk, og dødsfall på grunn av langvarig misbruk og medfølgjande dårlege levekår viser ein aukande tendens. Det er sjølvsagt også eit spørsmål om korleis ein definerer

²²⁰St.tid. (1978-79): 457 – I. Eide

«ung», men subsummert under dette omgrepet ligg fleire døme på bruk av ord som ungdom og barn, som ikkje kan seiast å gjelde særleg langt opp i tjueåra.

«Uskuldig» forsvinn nesten ut av materialet i denne perioden, men på den andre sida forsvinn òg dei moralske dommane, og eg trur ikkje ein kan gå ut frå at dette tyder på nokon reell endring i biletet av brukaren, særleg ikkje av di fire talarar trekk fram meiningsstap og sosiale problem i det moderne samfunnet som årsak til narkotikabruk, og eg har vist korleis dette heng tett saman med tendensen til å plassere ansvaret for misbruket andre stader enn hos brukaren sjølv. Ellers er det i denne perioden ei viss utvikling mot at omgrepet «klient» blir vanlegare, og det blir òg gjort spreidde forsøk på å trekke brukarar inn i varmen gjennom omgrep som «medmenneske» eller understrekning av retten til å ta eigne val, sjølv om dette berre gjeld to talarar.

For seljarar kan ein knapt spore noka slags endring utover at karakteristikkane blir færre. Dette gjeld ellers for alle gruppene, og er i stor grad eit resultat av at perioden inneheld så mange saksspesifikke debattar. Seljarar er godt representerte i debatten om utbytteheleri; men ikkje nemnde i debatten om tvangsinnsnelling, og tilsvarande er brukar-karakteristikkar uvanlege i sistnemnde debatt, men vanlege i førstnemnde. Det er likevel ein tendens mot at karakterisering blei mindre vanleg jamnt over – mange av gruppene blei berre nemnde i eit mindretal av debattane, og færre karaktertrekk blei trekt fram. Dette er ein del av ein generell utvikling mot meir teknisk språkbruk, færre metaforar og liknande, som òg verkar inn på formuleringa av faktapåstandar (sjå under). Eit døme på slikt nøytralt språk kan vere omgrepet «rusmiddelmisbrukar», som byrja å bli utbreidd særleg i slutten av denne perioden i staden for «narkoman» eller ulike former for karakterisering.

Politikarar framstår som dei gjorde i dei tidlegare periodane, og det same gjeld stort sett for fagfolk, sjølv om dei konkrete sakene dei blir trekt inn i endrar seg noko – to av dei gjeld handsaminga av aids-problemet. Ein lege blei sitert på at behandling med sikte på rusfridom er beste tiltak mot spreiling, medan helsedirektøren blei kritisert då han gjekk inn for utplassering av sprøyteautomatar i strid med stortinget sitt vedtak. Direktøren blei likevel ved denne anledninga – eit spørjetimespørsmål i november 1988 – forsvarst av statsråd Tove Strand Gerhardsen.

Biletet av pårørande går heller ikkje gjennom noka vesentleg endring, med eit lite unntak: Pårørande som delvis årsak til brukarane sine problem, eller som lite merksame, er ein karakteristikk som forsvinn heilt ut av materialet, og som heller ikkje kjem tilbake i neste periode.

6.3.3 Faktapåstandar

Faktapåstandar er ikkje noko dominerande trekk ved ordskiftet i denne perioden. Tendensen frå forrige periode som eg klassifiserte under omgrepene «positiv-negativ» er framleis sterk – alle påpeikingar av at misbruk eller rekruttering stagnerer blir fulgte opp med eit eller fleire negative fakta, og gjerne ei understrekning av at det difor ikkje er nokon grunn til å ta lett på eller nedprioritere problemet. Derimot blir det markant færre uttrykk av typen «eksplosiv auke» eller «aukande flom», som var vanlege i dei to foregående periodene. Sjølv om enkelte talarar framleis nyttar slike formuleringar, er meir nøkterne vendingar no regelen sjølv der det ikkje blir vist til kjelde for påstanden.

Kokain blir trekt fram som ny utvikling av fire talarar, og det blir framhevd at denne tendensen er ekstra negativ fordi det er tale om miljø der narkotikabruk ikkje har vore vanleg (eller kjent) tidlegare – i dei øvre sosiale laga. Eit trekk frå første periode som forsvann i andre kjem tilbake her – tre talarar påstår at brukarane no blir yngre og yngre. I tillegg kan det vere eit lite poeng at konkrete referansar eller kjeldehenvisingar ikkje er spesielt mykje vanlegare i debattane om konkrete saker enn i den generelle debatten etter stortingsmeldinga, sjølv om det mykje høgare talet på påstandar der sjølvsagt gjer forholdet mellom påstandar og henvising meir påfallande. I denne perioden blir det dessutan for første gong i materialet peikt på problemet med å slutte direkte frå politiet sine tal for beslag til utviklinga av misbruket. Dette problemet var blitt omtalt i stortingsmeldinga, men blei ikkje nemnt i debattane før Tove S. Gerhardsen i eit spørjetimespørsmål i april 1988 i staden trakk fram SIFA sine undersøkingar, som betre grunnlag for å uttale seg om denne utviklinga. Dette ført i sin tur til at representanten Harald Ellefsen månaden etter, i debatten om straffeskjerping for utbytteheleri, kritiserte regjeringa for ikkje å «trekke lasset i fellesskap med de organer i samfunnet som er satt til å håndheve lovgivingen og bekjempe narkotika.»²²¹ Det er interessant at Ellefsen her ekskluderer SIFA frå gruppa som er med på å kjempe mot narkotika, sjølv om det som eg har vist ikkje er ei ny utvikling at politiet blei sett på som meir relevante for kunnskap om narkotikafeltet enn akademiske forskrarar. Ellefsen uttalar vidare at han «tror at regjeringen gjør kampen mot narkotika en dårlig tjeneste ved å nedtone narkotikatrusselen.»²²² I kva grad ein skal tolke dette som eit angrep på avvikande synspunkt kjem eg kort tilbake til i det avsnittet.

221 Ot.tid. (1987-88): 576 – H. Ellefsen

222 Ibid.

6.3.4 Forslag og grunngiving

Når det gjeld forslag om praktisk politikk er det, ulikt karakteristikkar og faktapåstandar, lett å sjå ei vesentleg, om ikkje uventa endring. Etter at maksimumsstraffa blei nådd i 1984, forsvann vidare skjerping for det meste ut av ordskiftet som aktuelt tiltak, skjønt ikkje fullstendig. Hovudvekta ligg i dette materialet på dei spesifikke tiltaka avlytting, tvang og kontroll i fengsel, og dessutan behandling, forebygging, sosialpolitikk og haldningsskapande arbeid, som dominerte debatten i etterkant av stortingsmeldinga for 86. Med dette forsvann òg karakteristikkar av seljarar nesten heilt som grunngiving, sjølv om nokre talarar nytta det no klassiske biletet av seljaren som argument for vidare telefonavlytting. Brukar-karakteristikkar var framleis relativt viktige, som det klart dominerande argumentet for tvangsinnlegging, og til og med som argument mot – det gjaldt her retten til å ta eigne val, som for første gang blei brukt på bane i dette spørsmålet av Lisbeth Holand, i debatten om utvida adgang til tvangsinnlegging i 1991:

«[T]vang er i denne sammenhengen vår – de veletablertes – rett til å bestemme over de aller svakeste, de som er havnet lengst nede i elendigheten. Det blir da et spørsmål om hva de skal få beholde av rettigheter. Retten til å ta en avgjørelse som angår dem selv, oppfatter jeg som nokså grunnleggende for menneskelig verdighet»²²³

Slike karakteristikkar (og omsyn til pårørande) blir likevel nesten utelukkande brukt som argument for det ein kan kalle *generell* tvang, dvs. tvangsinnlegging av brukaren for avrusning eller behandling – eit skilje som blir gjort av litt fleire talarar i denne perioden enn i forrige. Berre ein talar argumenterte mot dette, som eg var inne på over, medan ein talar presenterte argument både for og mot, og i den samanhengen peikte på at resultata av frivillig behandling var betre enn av tvangsbehandling, utan at han spesifiserte kva han la i betre resultat eller oppgav kjelde for denne informasjonen. Debatten om tvangsinnlegging i 1991 dreidde seg imidlertid vel så mykje om tvangsinnlegging av gravide som om generell tvang.

Denne debatten var sterkt polarisert, med om lag like mange talarar på kvar side. Det var brei semje om ein viss grad av tvang, men spørsmålet var kor lenge denne tvangen skulle kunne vare – opp til 3 månader eller lenger. Her blei skadar på fosteret det klart viktigaste argumentet, sjølv om ein talar i tillegg nytta omsyn til pårørande, medan ein framhevdde at rusmisbrukande mødre trong hjelp til å lære seg å ta vare på eit barn som grunn til å halde dei lenger enn 3 månader. Motstandarane frykta at vordande mødre ville halde seg unna helsevesenet med ein så omfattande tvangsheimel, og to talarar trakk dessutan fram stigmatisering av gruppa som ei uønskt konsekvens av for sterke

223 Ot.tid. (1991-92): 90 – L. Holand

vektlegging av tvangstiltak. Dette var eit heilt nytt perspektiv i narkotikadebatten, som omgrepet medmenneske (som til liks med stigmatiseringsargumentet blei ført inn i ordskiftet av representanten John Alvheim) og særleg innvendinga om retten til å ta eigne val, og denne debatten markerer slik sett eit viktig historisk punkt i omtalen av narkotikabrukarar i Stortinget.

I debatten om innskrenking av teieplikt for sosialarbeidrarar og andre liknande grupper grunngir representantane som argumenterer for og mot synspunkta sine på sære ulike måtar. Motstandarane nyttar argument som at klientar kan bli skremde bort frå kontakt med hjelpeapparatet, eller at sosialarbeidarane kan bli utsette for fare viss dei blir tvungne til å gi frå seg opplysingar som har noko med brutal eller organisert kriminalitet å gjere, medan tilhengjarane nesten utelukkande viser til kor alvorleg narkotikakriminalitet er, og kor viktig det er å stanse denne verksemda. Berre ein talar presenterer eit anna argument – som respons på innvendinga om fare for sosialarbeidrarar nemner han at ingen av arbeidstakarorganisasjonane som har blitt rådspurte har uttalt seg negativt. Denne grunngivinga har sitt motsvar i at juristar sin skepsis blir nytta av to representantar som er negative til lovendringa.

Ein liknande tendens gjer seg gjeldande i avlyttingsdebattane. Sjølv om denne saka er prega av eit større tilfang av argument på både sider, var «alvor» den klart dominerande grunngivinga for tilhengjarar av telefonavlytting, særleg gjaldt dette i den siste debatten, då lova blei gjort permanent. Tett knytta til dette argumentet er òg seljar-karakteristikkar, politikarane sitt ansvar for å verne samfunnet, og til dels signaleffekt (her var det tale om negativ signaleffekt av å avskaffe adgangen til avlytting). Dette har sin motsats i dei prinsipielle innvendingane som er viktige argument mot – både dei direkte prinsipielle innvendingane mot avlytting, den manglande utgreiinga av slike spørsmål og den etter to talarar sitt syn mangelfulle grunngivinga av lova. På same måte svarer påstandane om därleg effekt i stor grad til påstandane om god effekt, og påstandane om at kontrollapparatet kring politiet var godt nok til påstandane om det ikkje var det. Denne bruken av påstandar kan tene til å illustrere korleis ulike definisjonar fører til ulike konklusjonar. God effekt blei til dømes hovudsakleg godtgjort med tal på saker som hadde blitt løyst heilt eller dels grunna avlytting – därleg effekt med stadig aukande sal og bruk til tross for avlyttinga, og med at dei stereotype storseljarane ikkje var blitt ramma. Når det gjaldt påstandane om kontrollapparatet, var det nok i størst grad eit spørsmål om definisjonen av «*god nok*», der den eine sida var villege til å akseptere at ein ikkje kunne ha full kontroll over avlyttinga og informasjonen ho genererte, medan den andre i større grad var skeptiske til dette – noko som òg er synleg i den større graden av prinsipielle argument frå denne sida.

Eg har vist korleis debattane om kontroll i fengsel og om telefonavlytting skilte seg frå kvarandre i både grunngiving og struktur i perioden 1976-84. I og med at fengselsspørsmålet ikkje blei debattert for seg i tidsrommet 1984-92 er det vanskeleg å gjere ei skikkeleg samanlikning her. Dei fleste forslaga om kontroll kom i spørjetimespørsmål, og ein kan difor ikkje vente å finne innvendingar mot dei i same grad som i ein debatt. Med få innvendingar er det, som eg har demonstrert for fleire typer forslag tidlegare, mindre sannsynleg at tilhengjarane vil vidareutvikle sin argumentasjon, og denne får dimed eit gjentakande og eindimensjonalt preg. Det er likevel klart at motstanden mot kontrolltiltak er vesentleg mindre enn mot avlytting, med kun ei innvending – omsynet til dei innsatte som ikkje tek del i narkotikaomsetting, men som likevel vil bli utsette for dei relativt strenge tiltaka (til dømes utvida kroppsvisitering og glasvegg mellom innsatte og besøkande). Kontroll blir dessutan sjeldan grunngitt med noko anna enn påstandar om forverring av problemet – berre ein talar nemner ønsket om avvenning og rehabilitering direkte, sjølv om ein må rekne med at slike grunnar er implisitte hos i alle fall ein del talalarar. Ved direkte samanlikning med avlyttingsdebatten ser vi at fleire av dei argumenta som blei nytta av motstandarane der like godt kunne ha vore nytta om kontrolltiltak i fengsel, som til dømes manglande effekt. At dei innsette, og særleg dei narkotikadømde (som forslaga i stor grad var retta mot) sin rettstryggleik blei sett som mindre viktig enn rettstryggleiken til presumptivt uskuldige utanfor fengsla, er etter mi mening nokså tydeleg.

Eit siste trekk ved forslag og grunngiving i denne perioden er verdt eit nærmare blikk. Svanhild Fjær har peikt på at til tross for stor merksemd om HIV-spreiing blei skadereduserande tiltak²²⁴ overhovudet ikkje nemnd i debatten om stortingsmeldinga frå -86. I staden blei behandling sett som den relevante måten å kjempe mot aids.²²⁵ Eg finn at dette gjeld for heile perioden. 10 av 19 forslag om auke i behandlingskapasitet eller oppsökjande arbeid blei grunngitte med kampen mot HIV/aids, og det same gjeld to av forslaga om opplysing og haldningsskapande arbeid. Omtalane av medisinske fagfolk passar inn i dette mønsteret, og det same gjeld haldninga til sprøyteautomatar og opplæring i sprøytebruk – berre ein av fem talalarar trakk fram skadereduksjon i desse spørsmåla. Mot slutten av perioden satte representanten Alvheim fram to forslag om metadonbehandling som skadereduksjon, men dette var med grunnlag i aukande dødsfall, og høyrer til diskusjonen om dette problemet, som eg går grundig inn på når eg tek for meg narkotikadebatten på nittitalet.

Skadereduksjon var med andre ord eit tilnærma ikkje-tema i denne perioden. Etter mi mening kan ein tolke dette på to vis. Ein kan sjå det som eit døme på tendensen til å vere mindre opptatt av dei som allereie er (langtkomne) brukarar enn av dei som er nyrekrytterte eller i faresona – motstanden mot sprøyteautomatar og opplæring i sprøytebruk blei grunngitt med signaleffekt og at det ville vere

224 Som til dømes sprøyteutdeling, oppsökjande helsetilbod eller sprøyterom.

225 Fjær (2005): 11

eit skritt på vegen mot liberalisering – eller som uttrykk for eit syn på narkotikamisbruk som så skjebnesvangert og øydeleggande at behandling uansett er det einaste alternativet for alle brukarar. Eit slikt syn må, slik eg ser det, ha som grunnlag ei tru på at det er mogleg å få fullstendig bukt med misbruksproblemet. Etter tjue års politikk basert på behandling og straff var problemet likevel berre blitt større.

6.3.5 Argumentasjon

Korleis ein skal tolke responsen på HIV/aids-problemet er altså eit spørsmål om «realistiske problemdefinisjonar og pragmatiske løysingar». Helen Bøsterud uttalte alt i 1978 at «realistisk sett må vi regne med å alltid ha misbrukere»,²²⁶ men målsettinga for narkotikapolitikken som formulert i stortingsmeldinga frå -86 var «Et narkotikafrift samfunn», ei formulering som seinare ofte blei sitert av ulike representantar. Eg finn ingen talarar som gir eksplisitt uttrykk for motstand eller innvendingar mot realismen i målsettinga i perioden 1984-92, sjølv om dei få døma på initiativ til skadereduserande tiltak kan seiast å gjere det implisitt. Diskusjonen om kontrolltiltak i fengsla har noko av det same preget. Både Leif Arne Heløe og Bøsterud framhevdet det umoglege i å stoppe narkotikabruk bak murane så lenge det fanst i samfunnet rundt,²²⁷ men synspunktet blei møtt med kritikk eller ignorert. Som i tidlegare perioder finst det døme på at tilhengjarane av den mest restriktive politikken gjorde realisme-omgrepet til sitt eige – då Bøsterud likevel gikk inn for strengare kontrolltiltak, uttrykte representanten Brita Borge glede over at statsråden no hadde fått eit realistisk syn på problemet.²²⁸ Igjen blir kampen om omgrepene illustrert – denne gongen realisme som å innsjå det håplause i effektiv kontroll, eller som å ta problemet på alvor ved å trappe opp mottiltaka. Denne kampen kunne òg bli del av korrigeringa av avvik, som eg har vore inne på, og som eg vil vise under. Denne kampen, som eg har synt fram fleire døme på, er i tråd med Dag Stenvoll sin konklusjon om argumentasjon i seksual- og reproduksjonspolitikken – omgrep kunne ha fleire tydingar, og dette var i Stenvoll si tolking av ordskiftet sentralt for å kunne handtere verdikonflikter – det gjorde talarane i stand til å diskutere spørsmål *som om* dei meinte det same med mange sentrale omgrep. Denne konklusjonen kan ikkje seiast å passe like godt på narkotikaordskiftet, noko som for så vidt ikkje er overraskande. Sjølv om ein del av saksområda etter mi meining har mykje til felles med narkotikabruk, særleg prostitusjon, er debattane likevel svært ulike på nokre punkt. Stenvoll har undersøkt debattar der det er stor grunnleggande usemje, og der etiske spørsmål har ein viktig plass, medan narkotikadebatten, som eg har vist, er prega av semje og ein forsøksvis, om ikkje alltid like grundig, mål-middel-rasjonalitet. Ved fleire høve, som ulike oppfattingar av god effekt av avlytting, kan ein sjå fleirtydigheita meir som eit hinder for reell

226 St.tid. (1978-79): 450 – H. Bøsterud

227 St.tid. (1984-85): 2705, og St.tid. (1987-88): 2521

228 St.tid. (1987-88): 3693

debatt om kva som eigentleg er siktemålet med politikken, enn som ein forsonande eller konfliktdempande faktor.

Kompleksiteten i diskusjonane om fengselskontroll var altså relativt liten. Få eller ingen talarar kom med motargument, og alternative tolkingar blei ikkje presenterte. Dei andre tiltaka som blei drøfta i perioden er derimot prega av fleire argument for og mot enn det som hadde vore vanleg i tidlegare periodar. I debattane om teieplikt og tvangssinnlegging var «utilsikta konsekvensar» viktige innvendingar mot forslaga, og i avlyttingsdebatten var «ingen effekt» som vist eit vesentleg innslag i motstandarane sin argumentasjon. Det er likevel berre i den siste at vi kan sjå ei utvikling mot reell drøfting, altså at talarane svarar på den andre parten sine argument – eg viste over korleis dei ulike argumenta svarer til einannan. Eg vil understreke at tendensen er svak – det skjer inga vidareutvikling eller fornying av argumentasjonen i løpet av debatten. Talarane nyttar dei same grunngivingane i mange innlegg, og den typiske repetitive strukturen i ordskiftet er altså inntakt, men innvendingar blir ikkje oversette, slik dei gjerne blei tidlegare og når debatten gjaldt andre saker. Motsett er det ingen av dei som ønskjer utvida tvang for gravide som svarar på innvendinga om at det kan skremme dei bort frå helsevesen og hjelpeapparat, eller innvendinga om stigmatisering. Det same er tilfelle i teieplikt-debatten. Innslaget av pro-contra-resonnementer nyanserer dette inntrykket noko – sjølv om dei talarane som legg fram slike ikkje svarar på innvendingane viser dei at dei tek dei alvorleg. Det er òg verdt å merke seg at dei fleste pro-contra-resonnementa kom frå talarar som støtta dei aktuelle forslaga, men som eg har vore inne på tidlegare er det kanskje ikkje så underleg at mindretallet bruker mindre tid på motstandarane sine argument enn motsatt.

Hovudutviklinga for perioden er altså ein stadig større grad av kompleksitet i drøftinga av visse saker, særleg avlyttingssaka, som hadde konsekvensar for folk som ikkje var del av narkotikaproblemet. Samstundes endra ikkje den grunnleggande problemforståinga eller strategien seg, trass i liten effekt og nye utfordringar – argument frå dei saksspesifikke debattane blei i liten eller ingen grad ført inn i det generelle ordskiftet.

6.3.6 Avvikande synsmåter

Den relativt udramatiske narkotikadebatten i perioden gir seg òg utslag i liten grad av korrekjon av avvikande meininger. I tillegg til dei få karakteristikkane av fagkompetanse eg har nemnt, var det i debatten etter stortingsmeldinga to talarar som kommenterte høvesvis «bagatellisering» av cannabisbruk²²⁹ og «de intellektuelle» sin bruk av kokain.²³⁰ Berre den siste av desse talarane nyttar

229St.tid. (1985-86): 2232 – G. Restad

230 St.tid. (1985-86): 2226 – A.-L. Bakken

særleg kraftige ordelag som «forkastelig» og «farlig» (grunna den trusselen dei utgjorde mot samfunnet sin konsekvente haldning til narkotikabruk). Det einaste dømet på korreksjon ut over dette er Helen Bøsterud sin karakterisering av motstand mot strengare tvangstiltak i fengsla som «misforstått humanisme»,²³¹ eit uttrykk vi kjenner igjen frå første periode. Desse relativt få tilfella av negative reaksjonar på faktisk eller potensielt avvik er sjølv sagt dels ein følgje av at det er få innlegg i materialet frå desse åra, men er også uttrykk for ein noko mindre grad av moralsk indignasjon i ordskiftet. Samanlikningar av alkohol med narkotika var no fullstendig akseptert, og blei ikkje reagert mot – i debatten om tvangssinnlegging blir spørsmålet om tvang mot alkoholbrukarar nemnt, og fleire talarar gir uttrykk for at lova også kan brukast mot dei, ut frå argumentet om skadar på fosteret.

Eitt unntak frå tendensen til færre korreksjonar av avvik fortener nærmare gjennomgang – den siste av avlyttingsdebattane. Her er det problematisk å nyte omgrepet «avvikande» om motstandarar av lova, ikkje berre fordi fleire talarar gjekk mot ho, men mest fordi denne motstanden strakk seg på tvers av det politiske spekteret, frå SV til Høyre og FrP. Det er likevel ein del påfallande formuleringar her som gjer det naudsynt å handsame denne drøftinga i dette avsnittet.

Sju av ni talarar som går inn for å gjere lova om telefonavlytting permanent går slik eg ser det langt i å undergrave legitimiteten til motstandarane. Dette går særleg ut over SV og partiet sin talsperson Lisbeth Holand, som av Inger-Lise Gjørv blei satt i bås med dei udefinerte «mange», som prøver å undergrave forståinga av narkotikakriminalitet som spesielt alvorleg, og som dimed skadar det viktigaste forsvaret mot narkotikamisbruk – dette var ifølgje Gjørv «meget, meget alvorlig».²³² Olav Akselsen meinte SV verka meir opptekne av å «verne narkotikakriminelle enn å hjelpe politiet i politiets sin kamp mot narkotikaens offer (*sic*), dei aller svakaste i samfunnet vårt.»²³³ medan Jørgen Kosmo si oppfatting var at partiet ikke hadde «styrke og vilje til å gå inn i en sak og diskutere dette ut fra dagens realiteter».²³⁴ Statsråd Kari Gjesteby kritiserte også SV for å ikkje forholde seg til realiteter.²³⁵ Både Kosmo og Harald Ellefsen spurte dessutan retorisk om SV no ville fjerne politiet sin rett til å drive spaning eller ransaking, som eit logisk neste steg.²³⁶ Denne retoriske teknikken tener til å latterleggjere synspunktet til partiet i den aktuelle saka. Heller ikkje FrP-representanten Nyberget gikk fri for kritikk. Representantane Gjørv og Alsaker møtte hans innvendingar om manglande prinsipiell drøfting av saka med påstandar om at han ikkje forsto

231 St.tid. (19887-88): 3693 – H. Bøsterud

232 Ot.tid. (1991-92): 496 – I. L. Gjørv

233 Ot.tid. (1991-92): 502 – O. Akselsen

234 Ot.tid. (1991-92): 508 – J. Kosmo

235 Ot.tid. (1991-92): 507 – K. Gjesteby

236 Ot.tid. (1991-92): 508 – J. Kosmo, og Ot.tid (1991-92): 496 – H. Ellefsen

spørsmålet og ikkje såg alvoret i narkotikakriminalitet.²³⁷ Siste talar i debatten var representanten Thoresen, som kritiserte alle som gikk mot avlytting: «Den som tror det går an å late som om et reelt faktum ikke eksisterer», uttalte han, «er i allfall noe vel teoretisk i sin fremstilling av virkeligheten. Den som dog lever i virkelighetens verden (...) innser at det finnes et onde som går inn i mange familier i det norske samfunn. (...) Og her sitter vi, en forsamling som har ansvar for den virkelige verden. Jeg vil anbefale dem (...) å ta dette ansvaret.»²³⁸

Ulik straffeskjerpingsdebatten frå -81 er denne type karakteriseringar ikkje gjensidig. I tillegg er innhaldet i dei svært likt andre døme på korreksjon frå tidlegare debattar om narkotikapolitikk – kunnskaps- og ansvarsløyse og manglande orientering mot den verkelege verda. Dette gjer det til eit typisk døme på reaksjon mot avvik, sjølv om det altså er eit avvik som har støtte frå ulike politiske hald. At slike reaksjonar kjem når motstanden er såpass breitt forankra er ein interessant kontrast til den manglande reaksjonen på SV sin dissens i spørsmålet om straffeskjerpning i -84, som eg dels freista å forklare med at han ikkje blei sett på som ein trussel nettopp fordi han var uttrykk for meiningsa til ein så liten minoritet. Dette er likevel spekulasjonar, og ein kan tenkje seg andre tolkingar av kjeldematerialet.

237 Ot.tid. (1991-92): 514 og Ot.tid (1991-92): 513

238 Ot.tid. (1991-92): 517

Del 6.4

Periode 4 (1992 – 2001): Overdoser

6.4.1 Om perioden

Mot slutten av periode 3 trakk, som eg har nemnt, to av stortingsrepresentantane fram det stigande talet på dødsfall blant narkotikabrukarar, og ein foreslo *metadonbehandling* som skadereduserande tiltak. Dette er det totalt dominerande temaet i fjerde periode.

Metadon gikk frå å vere rekna som totalt uakseptabelt og i strid med målet om eit narkotikafrift samfunn, til få år seinare å vere ein ukontroversiell del av tilbodet til stadig fleire brukarar. Nesten same utvikling gjorde seg gjeldande for buprenorfin eller Subutex, men overdosetala heldt fram med å stige, og mot slutten av perioden fekk skepsisen til såkalla legemiddelassistert rehabilitering (heretter kalla LAR) ei ny oppblomstring, som gjorde utviding av subutex-behandling til eit omstridt tema på lik linje med forslag om oppretting av sprøyterom. Usemja om desse temaa gjorde nittitalet til den mest konfliktfylte perioden i norsk narkotikadebatt, sjølv om den grunnleggande forståinga av problemet i stor grad var den same som før – eg vil til dømes argumentere for at den raske utbreiinga av støtte til metadonbehandling i stor grad var uttrykk for det tradisjonelle synet på stoffa i seg sjølv som problemet, og på brukaren som eit uskuldig offer som kunne førast «tilbake til samfunnet» viss ho eller han fekk hjelp. Dette blei særleg tydeleg i dei siste årgangane, der rehabiliterings-aspektet ved LAR blei stadig sterkare understreka. Svært mange såg framleis med skepsis på skadereduksjon, og særleg som prinsipp for narkotikapolitikken generelt – metadon- og subutex-behandling blei av desse gjerne konstruert som nettopp behandling, ikkje som skadereduksjon, med målet om rusfridom inntakt – kanskje sett bort frå ei svært liten gruppe av dei som hadde lengst tid bak seg som misbrukarar.

Ved to høve blei likevel den felles forståinga av narkotikabruk og -politikk utfordra av forsøk på å lansere nye tilnærningsmåtar til problemet. Responsen på desse forslaga var imidlertid, i den grad dei ikkje blei ignorerte totalt, overveldande negativ.

Utviklinga mot meir partipolitisk retorikk, som blei tydeleg mot slutten av periode 2, kulminerte i denne perioden i det eg vil kalle ein mykje meir typisk politisk debattstil, kjenneteikna ved forsøk på å framstille sitt eige parti som overlegent dei andre i satsing på og gjennomtenkte tiltak mot narkotikamisbruk, og særleg mot konsekvensane av det - overdosedødsfall. Denne utviklinga var lite tydeleg i periode 3 – bortsett frå i siste debatt – noko som kan ha hengt saman med dei korte og

udramatiske debattane og den mindre graden av merksemd kring narkotikaspørsmålet i perioden. Med overdosene kom narkotikapolitikken nok ein gong i rampelyset, og blei kanskje igjen meir aktuell som arena for markering av politisk vilje og handlekraft.

6.4.2 Karakterisering og stereotypisering

I tabell 4.1 kan ein tydeleg sjå tendensen i karakteriseringa av brukarar. «Unge» blir eit mindre viktig kjennemerke i høve til «veike» og «øydelagte», samstundes som presiseringa av brukargruppe blir noko større med den auka bruken av uttrykk som «dei hardast belasta». Tabell 5.1 viser at den førstnemnde utviklinga ikkje er fullt så tydeleg i spørjetimespørsmåla, men spesifiseringa er endå meir dominerande her. Dette reflekterer sjølv sagt eit ordskifte der aukande overdosedødsfall i og tiltak mot dette overskuggar alle andre sider ved narkotikaproblemet. Alt i 1986-debatten hadde Vigdis Olsen-Hagen uttalt om spreieninga av HIV/aids: «Vi står nå overfor en situasjon der departementets politiske ledelse nå må la hensynet til stoffmisbrukerne telle mest»,²³⁹ men som eg har vist finst det gode argument for å hevde at det framleis var omsynet til ikkje-brukarar (eller brukarane med minst problem og kortast fartstid) som veide tyngst i lang tid etter dette, ikkje minst fokuset på ungdom. I denne perioden ser vi derimot at dette fokuset er mindre, sjølv om det framleis gjer seg gjeldande. Tabellen viser òg at det er mest vanleg i dei generelle debattane, noko som kan tyde på at det stereotype biletet av brukaren som inkluderer karakteristikken ung framleis var vanleg å ty til når ein ikkje talte om politikk spesifikt retta mot den lille gruppen som var aktuell for LAR. Dette var imidlertid debattar der forslaga om kritisk vurdering eller om liberalisering av norsk narkotikapolitikk blei lanserte, og ei anna tolking er difor at denne karakteristikken blei brukt som underbygging av motstand mot desse forslaga. Innlegga der dette kjennemerket blir nytta er delt omrent på midten mellom innlegg med fordømming av liberale haldningars og innlegg med fokus på generell politikk, og det kvantitative grunnlaget for både tolkingar vert dimed litt svakt.

Uttrykk som klient og pasient blir eller særer vanlege i materialet, og framstår no som ei nøytral nemning på brukarar i behandling eller i kontakt med til dømes sosialvesenet. Dette er ikkje uviktig, men tendensen til å bruke omgrep med denne tydinga er så sterkt at eg i denne perioden har rekna det som nøytralt og deskriptivt snarare enn ein karakteristikk og det er difor ikkje inkludert i oppstillinga for denne delen av materialet.

Trenden frå slutten av forrige periode, der omgrepet medmenneske og synet på narkotikabrukaran som omfatta av retten til å kontrollere sitt eige liv blei introduserte, held fram og blir noko styrka i

239 St.tid. (1985-86): 2225 – V. Olsen-Hagen

løpet av nittitalet, sjølv om dette nok har samanheng med dei langt fleire innlegga i denne perioden. Karakteristikken «urettferdig behandla» som opptrer i siste debatt, lanserer eit nytt perspektiv – narkotikabrukaren som offer, ikkje for haiane eller upersonleg samfunnsutvikling, men for det "normale" samfunnet sin fordømming og avstandstaking. Alt i alt kan ein altså sjå ei viss utvikling mot både aksept og nyansering, men det siste er vanskeleg å vurdere fordi debatten er så spesifikt retta mot eit område av politikken, og fleire generelle debattar kunne gjort denne tendensen svakare. Brukaren som svak og hjelpelaus er dessutan framleis det dominerande synet, og sjølv om eit slikt biletet nok er meir realistisk når det er tale om dei såkalla «hardast belasta» enn om brukarar av narkotiske stoff generelt, er det likevel ei relativt klar stereotypisering, ikkje minst fordi det trass i enkelte påpeikingar av brukarar som kriminelle held fast på tanken om den uskuldige brukaren som berre er slave under stoffet sin negative påverking. Det konkrete karaktertrekket «uskuldig» er ute av materialet, men ligg likevel implisitt i mange av uttrykka som er klassifiserte under «veikskap» - eit døme på dette kan vere Olaf Aurdal sitt syn – brukarar «verken ser, vil eller kan erkjenne sitt problem.»²⁴⁰ Viss dei ikkje kan det, kan dei i liten grad klandrast for åtferda si. Sjølv når det blir peikt på brukaren som kriminell er det dette biletet som styrer framstillinga – brukaren er desperat, tronen til rus *gjer* han eller ho kriminell. Rolla som offer, som passivt objekt for hjelp eller omsorgssvikt, er stadig den som veier tyngst.

Seljar-karakteristikkar er framleis til stades i orskiftet, trass i at svært lite av det som blir diskutert har noko særleg med dei å gjere. Dei er òg få, og ein kan merke seg at dei moralske dommane er klart vanlegast i denne delen av kjeldematerialet. Profittmotivasjon ser ut til å vere tett knytt til allmennprevensjon som grunn for straffeskjerping, og blei dimed stadig mindre aktuelt utover i heile det undersøkte materialet, men særleg på åtti- og nittitalet. Synet på pårørande er i det store og heile uendra trass i at ein talar sett spørjeteikn ved om dei alltid har dømmekraft til å ta avgjerder om tvangsinnslegging.

Svarande til utviklinga mot noko større vektlegging av brukarar sin integritet og verdi som enkeltmenneske, får politikarane eitt nytt kjenneteikn i denne perioden – respekt for og/eller solidaritet med brukarane. Sjølv om det er å foregripe strukturen i kapittelet, vil eg peike på at ein talar nytter denne karakteristikken i argumentasjon for tradisjonell behandling:

«til slutt vil jeg understreke den respekt og solidaritet vi må føle med dem som får problemer som følge av rusmiddelbruk. Derfor er det svært viktig med behandling så tidlig som mulig, og særlig viktig med tett oppfølging»²⁴¹

240 St.tid. (1992-93): 3398 – O. Aurdal

241 St.tid. (1996-97): 3441 – G. Øyangen

Den andre talaren nyttar respekt som grunngiving av metadon:

«Det ligger nok også liten realisme i et sterkt ønske om total rehabilitering av den enkelte misbruker så snart denne får behandling med metadon. Det er respekten for individet som må telle i denne sammenheng. Vi vil nok aldri oppleve at alle (...) kommer ut i jobb eller skole. Poenget må være å ha en realistisk målsetting og se verdien i at mange vil få et bedre liv (...) om enn ikke på den måten vi selv definerer det gode liv». ²⁴²

Sjølv om både grunngivingar er uttrykk for ei relativt ny haldning til brukarar, vil eg påsta at den siste går klart lengst i å kontruere brukaren som eit handlande individ med eigne vurderingar av si eiga livssituasjon.

Ei særslig interessant utvikling i denne perioden er tilhøvet mellom politikarar og fagfolk – for første gong var negativ omtale den vanlegaste karakteriseringa av politikarar, medan referansane til fagfolk som støtte for eiga politikk no blei meir utbreidd enn kritikk. Samanhengen her er likevel ikkje så direkte som ein kunne tru. For politikarane sin del gjeld utviklinga sjølvsagt den manglande evna til å stoppe overdoseutviklinga, men ekspertane blir hovudsakleg nemnt som støtte for motstand mot metadon, subutex eller sprøyterom, altså ikkje som grunnlag for ein ny politisk kurs som følgje av overdosene. Denne utviklinga gjeld ikkje, som tabellane 5.3 og 5.4 viser, for spørjetimespørsmåla. For politikarane sin del har dette har mest med sjanger å gjøre – slike spørsmål er ikkje noko naturleg forum for sjølvkritikk. Fagfolk blei derimot trekt fram i spørjetimespørsmål hovudsakleg som motstandarar av tvang, og som uvillege til å følgje opp politikarane sine vedtak om utvida bruk av dette verkemiddelet. Eg vil komme tilbake til dette under «Forslag og grunngiving» - det er del av ein tendens som eg meiner er illustrativ i høve til forholdet mellom fagfolk og narkotikapolitikk slik dette kjem til uttrykk i stortingsdebattane. Det er ellers typisk for perioden at formuleringane blei mindre lada enn tidlegare – uttrykk som at fagfolk «saboterer» tvangsbehandling er sjeldne i høve til «vanskliggjør», «svekker» eller liknande.

Ei siste, markant endring er ellers at det blir færre karakteristikkar i høve til talet på innlegg – dette gjeld alle grupper – som følgje av at utviklinga mot meir teknisk språkbruk og færre kjensleladde uttrykk fortsatte og styrka seg i høve til periode 3. Eg trur sjølv dette er ei allmenn utvikling av politisk språkbruk, men har ikkje hatt anledning til å sjå etter andre analysar som kan stadfeste dette. Dag Stenvoll seier meir generelt at «[s]pråkføringen i de tidligere debattene fremstår som mer konkret og «rett frem» enn i senere sammenhenger, der språkføringen ofte var mer diffus.»²⁴³ Han

242 St.tid. (1997-98): 2672 – G.-V. Eide

243 Stenvoll (2003): 284

spekulerer vidare i om dette kan vere ei utvikling frå at politikarar talte mest til kjerneveljarane sine, til at dei freista å appellere til flest mogleg, eller om det speglar utviklingstrekk i offentleg debattkultur som følgja av mellom anna medieendringar.²⁴⁴ Dette kan stemme med tendensen eg har funnet i mitt materiale, men det kan òg vere heilt eller dels uavhengige utviklingar av språkbruk i ulike kontekstar.

6.4.3 Faktapåstandar

Fleire nye typer faktapåstandar kjem inn i materialet i denne perioden. Påstandar om erfaringar med metadon/subutex og sprøyterom blei stadig viktigare ut over nittitalet, og desse påstandane er meir nøyaktige og refererer oftare til kjelde enn andre typer påstandar. Ei årsak til dette er at det ofte blei referert til metadonprosjektet i Oslo, eit prøveprosjekt for metadonbehandling som politikarane sjølv vedtok og difor nok fulgte opp meir enn dei gikk til andre kjelder for å sjå etter erfaringar. Ein kan likevel tolke denne tendensen som ein indikasjon på at usemja om desse tiltaka gjorde det naudsynt for politikarane å hente inn ekstern autoritet i ein annan grad enn når det var relativt brei semje om politikken. Nok ein gong finn eg det eg ser på som eit sjangerbasert skilje mellom spørjetimespørsmål og debattar – dei positive erfaringane er mest dominante i spørsmåla – truleg fordi det er meir naturleg å lansere forslag om LAR eller utviding av LAR-prosjekt i slike spørsmål enn å kritisere dei.

Ein annan skilnad mellom spørjetimespørsmåla og debattane er at dei udefinerte påstandane om auke (som før hovudsakleg basert på politiet og tollvesenet sine tal på beslag og/eller sikta for narkotikakriminalitet) er langt meir vanlege i dei sistnemnde. Slike påstandar blei ofte nytta som argument for meir generelle tiltak, medan debattane, som var dominerte av overdose-problemet, gjerne brukte spesifikke tal på overdoser eller dødsfall som følgje av overdoser, og dei generelle påstandane er difor færre i denne delen av materialet. Som tabell 5.6 viser var det dessutan meir gjentaking av slike påstandar enn av andre – til dømes sto representanten Øystein Hedstrøm for fem nesten identiske innlegg om aukande smugling over grensa mellom Østfold og Sverige. Slike hjartesaker på vegne av heimfylke eller -by utgjorde ein stor del av desse påstandane og av forslaga om styrking av toll- og politivesen i spørjetimespørsmåla.

Påstandar om skadeverknadene av alkohol og særleg legemiddelmisbruk blei litt meir vanlege, og fleire talarar peikte på at misbruk av særleg dei sistnemnde stoffa var medverkande årsak til mange dødsfall. Eller held tendensen eg kallar «positiv-negativ» seg, sjølv om det er færre døme på dette enn i dei to forrige periodane – tilsvarande er det òg færre positive påstandar.

244 Ibid.

Debattane der representantane Gundersen og Christiansen kritiserte den norske linja i narkotikaspørsmålet er verdt nærmare studie. Fordi desse representantane bryt så markant med den felles forståinga av norsk politikk som grunnleggande riktig, er det naturleg å vente seg at dei nyttar fleire fakta og referansar til medisinsk, juridisk eller anna relativt respektert ekspertise, og det gjorde dei i svært stor grad. Gundersen presenterer ikkje mindre enn ni faktapåstandar – sju med konkrete kjeldehenvisingar – om resultat oppnådde med mindre restriktiv og meir skadereduserande politikk andre stader (hovudsakleg Nederland), og dessutan fire juridiske ekspertgrupper som er negative til ein hard justispolitisk handtering av narkotikamisbruk. Til samanlikning nyttar dei andre 14 talarane – som alle er negative til interpellasjonen – berre ei henvising til fagleg autoritet og ti faktapåstandar, ingen med kjeldehenvisingar, og berre to som er konkrete nok til å bli etterprøvde. Gundersen hadde sjølv sagt førebudd seg i større grad, men interpellasjonsspørsmål blir varsle i god nok tid til at det hadde vore mogleg for dei andre representantane å leite opp konkrete fakta til støtte for sitt synspunkt om dei hadde ønskt det. Same tendens gjer seg gjeldande i debatten frå -97. Her hadde motstandarane av liberalisering flest påstandar, men likevel er det påfallande at 15 ulike talarar presenterer 10 påstandar til støtte for sitt syn, nok ein gong utan kjeldehenvisingar, og berre to konkrete, medan Christiansen åleine står for seks, fem av dei med kjeldehenvising. Talande er det etter mitt syn når representanten Bæivi påstår at forbruket i Nederland har auka med fleire hundre prosent sidan liberaliseringa, og at det har ført til meir kriminalitet og fleire mindreårige brukarar. Ho meiner at «[d]ette er det ikke noe problem å innhente dokumentasjon på»,²⁴⁵ men har ingen slik dokumentasjon, medan Christiansen har offisielle tal frå styresmaktane i Nederland som eksplisitt nektar for dette. Ein kan sjølv sagt mistenkje offisielle hollandske tal for å presentere eit skeivt eller direkte forfalska bilet av situasjonen, og det er mange måtar å rekne seg fram til narkotikastatistikk, som gir ulike inntrykk av utviklinga. Det ville likevel vere naturleg å vise til eigne tal viss ein skal trekkje andre sine kjelder i tvil. Eg meiner Bæivi si haldning her er eit relativt typisk, om enn spissformulert, uttrykk for haldninga til fakta som grunnlag for narkotikapolitikken generelt, slik ho framstår i det undersøkte materialet – at den restriktive linja er den einaste fornuftige verkar å vere så sjølv sagt at det ikkje er vits i å «innhente dokumentasjon». Om eg kan tillate meg å trekkje fram eit anna døme frå same debatt er det fristande å framheve første talar, Anders Hornslien, sitt innlegg, der han mellom anna refererer til innhaldet i søndagsfilmen på TV2 veka før, «The Doors». Filmen handlar om den tragiske skjebna til frontfiguren Jim Morrison, som døydde i ung alder som følgje av ein svært hard livsstil, ikkje ulikt fleire andre viktige personar i rock-miljøet på den tida.

245 St.tid. (1996-97): 3446 – M. Bæivi

Hornslien uttalar om liberalisering av narkotikapolitikken at:

«Morrison døde 27 år gammel av hjerteattakk, og det var i hovedsak LSD-bruk og bruk av syre, såkalt acid, som gjorde at han døde i såpass ung alder. Jeg ser ingen grunn til at vi skal legalisere stoffer som har slik effekt på folk.»²⁴⁶

At ordføraren i saka finn det relevant å trekkje fram ein Hollywood-film som grunngiving for narkotikapolitikken, er nokså underleg, all den tid det sjølv sagt fanst mange tragiske historier om norske narkotikabrukantar som hadde døydd under forhold meir relevante for denne politikken enn Morrisons rock'n'roll-livsstil. Det skal likevel nemnast at Hornslien er ein av få talarar i debatten som refererer til forsking:

«[A]lle undersøkelser tyder på at legalisering og økt tilgjengelighet fører til økt forbruk. Dette ønsker ikke en enstemmig sosialkomite, og derfor ønsker vi heller ikke å gå inn på legaliseringsdebatten»²⁴⁷

Det lite spesifikke uttrykket «alle undersøkelser», som minner om argumentet «all erfaring» som støtte for allmennpreventiv effekt i tidlegare perioder, gjer denne påstanden svakare enn om Hornslien hadde kjent til konkrete undersøkingar. Dette bidrar til inntrykket av at Hornslien, som representerer fleirtalet og den dominerande problemdefinisjonen, ikkje ser det som naudsynt å skaffe seg førstehandsinformasjon om problemet. Heller ingen av dei andre talarane som trekk fram denne påstanden viser til konkrete undersøkingar, korkje i denne debatten eller i -93, og ingen av dei kommenterer at dei tala både Gundersen og Christiansen legg fram for utviklinga i Nederland i stor grad avdramatiserer denne effekten, om dei ikkje nektar for han. Dette kjem eg til å kommentere nærmare under «Argumentasjon».

I gjennomgangen av faktapåstandar i perioden 1984-92 nemnde eg at dei maleriske uttrykka for auke i bruk, smugling, beslag eller liknande blei sjeldnare. Dette gjeld òg til dels for siste periode, men nokre enkeltalarar, som Hedstrøm, nyttar svært mange slike uttrykk i spørjetimespørsmåla, og med dei raskt stigande overdosetala kjem slike uttrykk etter kvart inn i debattane. Dei mindre dramatiske uttrykka er likevel dei vanlegaste.

246 St.tid. (1996-97): 3425 – A. Hornslien

247 Ibid.

6.4.4 Forslag og grunngiving:

Faktapåstandar som meir eller mindre direkte grunngiving blei viktigare i denne perioden enn i nokon av dei tre foregåande. Generelle påstandar om auke blei brukt for å grunngi ønske om opprusting av politi og tollvesen, og påstandar om auke i fengsla for å grunngi skjerpa kontroll der. Fleire gikk mot sistnemnde politikk enn tidlegare, men det var særleg mot forslag om auka kontroll av besökande. Dette kunne, slik somme talarar såg det, føre til at innsatte mista kontakten med særleg sitt ikkje-kriminelle sosiale nettverk, som familie, og kunne slik øydeleggje motivasjon for og/eller vanskeleggjere tilbakeføring til samfunnet. For andre var det det meir direkte omsynet til dei ikkje-kriminelle besökande sine retter som var det sentrale. Tross aukande motstand var det altså ikkje noko nytt syn på dei innsette sine retter som låg bak. Berre ein talar – nok ein gong Lisbeth Holand – stilte spørsmål ved effekten av strengare kontroll og rettferdiggjeringa av så strenge kontrolltiltak når ingen hadde diskutert realismen i målsettinga om å stogge narkotikabruk i fengsla.

Tvangsinnlegging blei òg i større grad enn tidlegare grunngitt med faktapåstandar – etter kvart som overdosedødsfalla steig blei dei meir nytta i innlegg som argumenterte for tvang – som uttrykt i argumenta «redde liv» og «opptørking», men òg «etisk ansvar» i tabell 4.8c. Pårørande sine ønske var likevel viktigaste grunn, bortsett frå når det gjaldt innlegging av gravide, då fosterskadar var det dominerande argumentet. Debatten om dette tiltaket er ein slåande historisk parallel til straffeskjerpingane på tidleg åttital:

I 1991 blei forslaget om heimel for tvang ut over tre månader for gravide misbrukarar lansert, men nedstemt, med uønskte konsekvensar som hovudinnvending. Då det i denne perioden blei relansert hadde Arbeiderpartiet snudd i spørsmålet, utan at representantane for partiet presenterte nye grunnar for dette i debatten, og mot tilrådinga frå høyringsinstansar som rusmiddeldirektoratet, helsetilsynet og SIFA, og det ein talar noko negativt skildra som «motstand»²⁴⁸ i behandlingsapparatet. Desse innvendingane var hovudgrunnane for motstand mot lova, som berre SV stemte mot, men blei ikkje nemnde av andre talarar. Denne manglande interessa for faglege synspunkt skal eg straks gå nærmare inn på.

Tabell 4.8a og 4.8.b viser grunngivingane for og mot metadon/subutex/sprøyterom, som var den mest komplekse diskusjonen ikkje berre i denne perioden, men i heile kjeldematerialet. Trass i dette var liv, helse og livskvalitet den altoverskuggande grunngivinga for, medan motargumenta var meir spreidde over eit vidt spektrum av alt frå prinsipiell motstand til konsekvens-orientert tenking. Eit nytt trekk er at brukarar si meining blei nytta som argument av tre talarar, og av både sider. Tidlegare

248 *Ot.tid* (1994-95): 796 – T. K. Viken

hadde, som eg har vist, slike meiningar blit brukte som argument for tvang, men no blei dei altså nytta *for* noko mange talarar oppfatta som ein liberalisering av politikken. Dette var heller ikkje enkeltbrukarar si meining – dei to talarane som tok brukarar til inntekt for subutex-behandling viste til at Brukerforeningen Tønsberg, ei organisert gruppe rusmiddelbrukarar, var positive til slik behandling. Dette er ytterlegare eit trekk ved ordskiftet på nittitalet som nyanserer inntrykket av brukaren, skjønt det er framleis tale om eit lite mindretal, og viktigare er det at det var dei same talarane som nytta omgrep som medmenneske og repekt om brukarar, Alvheim og Øyangen, som òg brukte dette argumentet. Forslaga om desse tiltaka i spørjetimar følgde same mønster – helse og livskvalitet var grunngiving for, i tillegg til at ein talar framhevd det potensielt kriminalitetsreduserande aspektet, medan FN-konvensjonen var innvending mot.

Skepsis blant fagfolk var ei viktig innvending mot metadon- og subutex-behandling både i dei tidlege og i dei siste årgangane i perioden. I dei tidlege åra var motstanden mot metadonbehandling sterk, med eit klart fleirtal som gikk mot slik behandling, ofte grunngitt med usemje eller skepsis i fagmiljø. Med stigande overdoser gikk fleire representantar over til å støtte slik behandling, og fagleg ekspertise blei fortrengt som argument til fordel for liv og helse, sjølv om dei faglege argumenta hadde gått ut på nettopp at metadon ikkje var egna til å redusere overdosane i særleg grad, fordi det kunne bli misbrukt i kombinasjon med andre stoff. Med aukande skepsis kjem dette synspunktet inn i debatten igjen. Ein liknande tendens gjer seg gjeldande i spørsmålet om tvangsbehandling. Som nemnt var dei aller fleste negative kommentarane om fagleg ekspertise i denne perioden knytta til motstand mot tvang. Denne skepsisen kom likevel ikkje fram debatten om endringar i lov om sosiale tenester i forrige periode, då den utvida heimelen for slik innlegging og behandling blei vedteke av Stortinget. Dette tyder etter mitt syn på ein svært selektiv bruk av fagkunnskap som kanskje ikkje er unik for narkotikadebatten, men som i alle fall blir svært tydeleg. Rett nok trakk to talarar fram faglege synspunkt som argument mot tvang i perioden, men det generelle inntrykket er likevel at fagleg ekspertise ikkje spelte nokon viktig rolle i stortingsdebattane om narkotika.

Opplysing, behandling, forebygging og sosialpolitiske tiltak blei i liten grad direkte grunngitt ut over helserelaterte grunnar for behandling, og skiljer seg slik sett lite frå forrige periode. Dei dukkar likevel litt meir sporadisk opp i materialet – til dømes forsvann halddningsskapande arbeid heilt ut frå midten av perioden, medan forebygging fikk eit oppsving i same tidsrom. Sosialpolitiske tiltak blei dessutan ein del sjeldnare, i høve til talet på innlegg, enn i dei to forrige periodane. Dette kan vere ein reakson på ein situasjon der dei langsiktige tiltaka blei mindre viktige enn dei umiddelbare, noko som òg ville foklare at opplysing forsvann ut av ordskiftet rett etter at metadon-behandling

vann gjennom som aktuell politikk blant fleirtalet av representantane. At tradisjonell behandling – den tradisjonelle vegen til rusfridom og eit normalt liv – blei viktigare mot slutten av perioden heng saman med den auka motstanden mot LAR og sprøyterom. Den manglande effekten av metadon- og subutex-behandling når det gjaldt nettopp rusfridom blei trekt fram av mange talarar – det blei for mykje legemiddelassistanse og for lite rehabilitering. Samtlege forslag om behandling i siste debatt blei grunngitt med at rusfridom måtte vere målet for narkotikapolitikken – uttrykket «rusfrihet er/må være målet» blir nytta av åtte av ni talarar i denne debatten, som dimed klart viser at målsettinga frå -86 framleis dominerte norsk narkotikapolitikk. Denne tendensen kan også forklare dei mange forslaga om forebygging, som ein kontrast til skadereduksjon, sjølv om det ikkje er ei fullgod forklaring på spriket mellom generell forebygging og sosialpolitisk/haldningsskapande arbeid, som både kan reknast som meir spesifikke underkategoriar av forebygging.

6.4.5 Argumentasjon

Mykje av diskusjonen rundt konkrete tiltak dreidde seg altså om direkte effekt og utilsikta konsekvenser, men berre i spørsmålet om metadonbehandling førte dette til reell debatt. Dette kjem fram i både mengden av faktapåstandar om effekten av slik behandling, og i noko mindre grad i spørsmålet om kva som var målet med behandlinga – å redusere talet på overdosedødsfall eller å fasilitere overgangen til eit rusfritt tilvære. I debattane om tvangsinnsnelling og kontroll i fengsel var motstandarane færre, og spørsmåla dei tok opp, om manglande eller uønska effekt av tiltaka, blei i mindre grad kommenterte. Eg har nemnt at representanten Holand som einaste talar nytta slike synsmåtar i spørsmålet om kontroll i fengsel, men det er særleg tydeleg i debatten om tvangsinnsnelling, der Holand spurte Arbeiderpartirepresentantane direkte om kvifor dei no la mindre vekt på argumentet om at auka tvang kunne skremme brukarar bort frå helsevesen og hjelpeapparat, men utan å få noko svar. I kontrast til dette var det fleire talarar som av omsyn til pårørande og til rehabiliteringstanken hadde motforestillingar mot omfattande kontroll av besökande, sjølv om dei gjekk inn for slik kontroll. Ingen av dei presenterte likevel nokon løysing på korleis ein skulle kunne unngå slike bieffektar, eller argument for kvifor denne sida av sakar måtte vike for ønsket om kontroll, og det blei derfor ikkje nokon vidare diskusjon om spørsmålet.

Argument om symbolsk og haldningsskapande effekt var fråverande i debattane om desse to sakene, men var relativt viktig i drøftinga av metadon/subutex/sprøyterom. I tillegg til at motstandarane brukte dette som grunngiving direkte, kan ein sjå argumentet om at sprøyterom strir mot FN-konvensjonen om narkotiske stoff som i alle fall nærskyld – ein av talarane som nyttar dette argumentet seier eksplisitt at det handlar om Noreg sitt truverd i den internasjonale kampen mot narkotika. I tillegg kan argumenta eg har gruppert under «respekt for brukarar» seiast å ha noko til

felles med denne forma for argument. Det var sjølvsagt neppe tale om at representantane som framhevdte dette som grunngiving ønskte å sende ut signal om at narkotikabruk var akseptert eller ufarleg (slik motstandarane mente at sprøyterom eller LAR kunne bli tolka), men skiljet mellom slike argument og argument basert på den direkte, praktiske effekten av tiltaka er eit liknande skilje som mellom symbolsk effekt og manglande effekt i argumentasjonen hos dei som gikk mot slike tiltak. Som i mange tidlegare debattar der det er – for narkotikapolitiske debattar – relativt stor usemje og fleire ulike argument, kan ein altså identifisere fleire argument basert på prinsipp eller symboleffekt. I den grad ein ser narkotikaproblemet som komplekst og vanskeleg er dette forståeleg som ein måte å kutte gjennom dei mange motstridande erfaringane med ulike former for kontrollpolitikk og skadereduserande politikk. Som eg var inne på under «Forslag og grunngiving», er det ellers verdt å merke seg at då metadon var kontroversielt tidleg på nittitalet, var manglande effekt og uønska konsekvensar hovudinnvendingane (med referanse til fagfolk). Desse innvendingane forsvann i stor grad etter kvart som tiltaket blei meir populært, men kjem tilbake mot slutten av perioden.

Når det gjeld spørsmålet om legalisering av narkotika eller kritisk vurdering av norsk narkotikapolitikk, blei dette grunngitt med dei stigande kontrollskadene og kontrasten til land med ei mindre restriktiv linje. Svært få av talarane som gikk mot dette svarte på desse påstandane og argumenta. I første debatt, der Gundersen foreslo revurdering av politikken, var det berre tre av 13 talarar som overhovudet reagerte på argumenta og/eller faktapåstandane hans – dei meinte alle at Noreg hadde mindre narkotikarelatert kriminalitet enn meir liberale land, medan Gundersen hadde vist til statistikk på at slik kriminalitet var meir utbreidd i Noreg enn i Nederland. Ein av talarane påsto konkret at kriminaliteten hadde auka i Spania etter liberalisering av cannabispolitikken der, men ellers var dette utsegner som til dømes «[a]lle vet at dette er helt urealistisk».²⁴⁹ I -97-debatten der Christiansen fremma sitt forslag om legalisering, var det berre to talarar som kommenterte argumenta ho nytta i argumentasjonen for dette – både gjaldt denne gangen òg ei venta auke i omfanget av narkotikarelatert kriminalitet. Det er talande at dei fleste som kjem med konkrete argument mot, gjer det med argumentet om at misbruket kjem til å auke – nokre med henvising til uspesifisert forsking, som Hornslien, men fleirtalet utan. Det er verdt å peike på at Christiansen gav klart uttrykk for at det var sannsynleg med ei viss auke av bruk som følgje av legalisering, men at bortfallet av kontrollskader ville meir enn kompensere for dette. Når auke av bruk blir brukt som det sentrale motargumentet, utan at nokon tek opp spørsmålet om kontrollskader, vil eg hevde at det tyder på manglande vilje til å diskutere denne sida av saka. Hornslien si formulering, som eg siterte over, er på mange måter dekkjande for denne posisjonen: Liberalisering av politikken kan føre til

249 St.tid (1992-93): 2822 – T. K. Viken

meir mis bruk, difor vil vi ikkje gå inn på denne diskusjonen. Dette er ein oppfattin eller presentasjon av problemet som står i kontrast til Christiansen og Gunderson sin. Hornsliens argumentasjon gir nokså eksplisitt uttrykk for at det er *bruk* som er hovudproblem, og ikkje skadeverknadene, medan Christiansen og Gunderson ser på desse som det verkelege problemet. Stortingsrepresentantane såg sjølvsagt alle på dødsfall og helseproblem blant brukarane som problem, men som eit sekundært problem som utelukkande var *følgje av bruken*. Her kjem spørsmålet om «realistiske problemdefinisjonar» inn. For Gunderson og Christiansen er det realistisk å redusere skadeverknadene, men ikkje å stoppe bruken av narkotika. For majoriteten av representantane er dette det urealistiske, som Tove Kari Viken uttrykte i sitatet over – å tru at ein kan kontrollere skadeverknader på nokon annan måte enn gjennom den tradisjonelle, restriktive linja. Dette er etter mi meining det same synet som kjem til uttrykk i siste debatt, der rufridom som målet for norsk narkotikapolitikk blir understreka så sterkt, eit syn som legg svært mykje av skulda for både narkotikaproblemet og andre problem tilknytta dette på sjølve stoffa, og held fast på biletet av brukarar som uskuldige og hjelpetrengande som eigentleg ønskjer å bli rusfri, men ikkje klarer det. Uansett er det klart at ingen av dei andre stortingsrepresentantane ønskte å drøfte forslaga frå Gunderson og Christiansen, og at faktapåstandane dei la fram anten ikkje blei oppfatta som truverdige, eller blei oversette, kanskje fordi forslaga blei rekna som så useriøse eller umoralske at dei ikkje var verd å lytte til. Representanten Brit Jørgensen uttalte at «politikk er mer enn statistikk, og jeg synes hans [Gundersens, mi merknad] innlegg i dag i stor grad dreide seg om å studere statistikk»,²⁵⁰ samstundes som ho kommenterte spørsmålet om kontrollskader med at «så langt har vi ingen holdepunkter som skulle bevise dette»,²⁵¹ sjølv om statistikken Gunderson la fram nesten utelukkande var retta mot å bevise dette. Tendensen til at motstandarar sine synspunkt ikkje blei tekne opp til debatt er altså særleg tydeleg i desse tilfella.

6.4.6 Avvikande synsmåter

Samanlikningar av narkotikaproblemet med alkoholbruk og skadeverknadene av dette blei, som eg har vist, akseptert i løpet av søtti- og åttitalet, og fleire talarar som gav uttrykk for motstand mot til dømes strengare kontroll i fengsel, gjorde dette utan at det blei reagert negativt mot dei. Denne utviklinga mot mindre korreksjon av avvikande meiningar blei i nokon grad brutt med dei til dels skarpe kommentarane i avlyttingdebatten i slutten av tredje periode. Heller ikkje i denne perioden blei det reagert mot mindretala i saker som tvangsinnslegging og fengselskontroll, men reaksjonane på Christiansen og Gunderson sine innlegg, som var dei klaraste brudda med konsensusen kring ikkje berre sjølve politikken, men dessutan sjølve forståinga av narkotikaproblemet, viser tydeleg at det framleis var svært liten toleranse for avvik innad i Stortinget i denne saka. Heile 10 av 13 talarar

250 St.tid. (1992-93): 2824 – B. Jørgensen

251 St.tid. (1992-93): 2824 – B. Jørgensen

uttrykte motvilje mot Gundersons interpellasjon, med uttrykk som varierte fra «beklagelig»,²⁵² «defaitistisk selvoppgivelse»²⁵³ eller «farlig avsporing»,²⁵⁴ til svært sterke formuleringar som at «dette dreier seg om det menneskelige aspektet, som ikke angår Fridtjof Frank Gundersen.»²⁵⁵ Statsråd Grete Knudsen avslutta debatten med å uttrykkje glede over

«det medmenneskelige engasjement som alle debatterende har vist. Jeg har lyst til å trekke frem representanten Nyberget, som så sterkt understreket den viljen også Frp har til å følge de andre partiene.»

Rett nok blir alle talarane roste for engasjement, men når Nyberget sin vilje til å følgje fleirtalet sin linje blir understreka som døme på dette engasjementet, går Knudsen langt i å plassere Gunderson utanfor dette fellesskapet. Christiansen blei ikkje utsatt for like mange reaksjonar som Gunderson, berre fire talarar kritiserte ho direkte. Dette kan ha hatt samanheng med at tala på dødsfall hadde auka frå -93 til -97, eller med at kritikk av den norske linja ikkje lenger var eit nytt perspektiv. Det kan sjølv sagt òg vere uttrykk for ei utvikling bort frå negativ karakterisering av meiningsmotstandarar i narkotikaordskiftet, men samstundes er dei fire talarane halvparten av alle talarar i debatten som kommenterte Christiansens forslag – tendensen går slik sett meir mot at fleire ignorerte dei avvikande synspunkta enn at fleire avstod frå negative reaksjonar spesielt. Til liks med reaksjonane mot Gunderson var det stor variasjon i formuleringane – til dømes var statsråd Hilla-Marta Solberg ganske nøktern når ho snakka om at «krefter langt ute på høyresiden, som mener at hver er sin egen lykkes smed» og hevda at dei «ser bort fra sammenhengene»,²⁵⁶ medan Ansgar Gabrielsen gikk lengst når han i replikkveksling med Christiansen om dei påviste skadeverknadene ved bruk av ecstasy innrømmer at han ikkje har satt seg inn i dette, men at han trur det kan fungere som «inngangsbillett til andre stoffer, som i neste omgang selv et menneske som representanten Christiansen vil mene ikke er av det beste for ungdommen å beskjeftige seg med». ²⁵⁷ Her gir Gabrielsen uttrykk for ein moralsk dom som eg vil hevde går ut over det ansvarslause – narkotikaseljarar blei til dømes i dei to første periodane ofte omtalte som «slike mennesker» eller «disse menneskene». Dette er ein type retorikk eg trur er svært sjeldan frå talarstolen i Stortinget – eg har i alle fall ikkje lese andre undersøkingar av politisk retorikk som peiker på såpass ekstreme uttrykk for motvilje mot andre representantar. Christiansen nytta rett nok ganske kraftig retorikk sjølv, då ho kommenterte motvilja mot sitt eige forslag:

252 St.tid. (1992-93): 2823 – J. Kosmo

253 St.tid. (1992-93): 2824 – A. Hiim

254 St.tid. (1992-93): 2827 – R. Wetterstad

255 St.tid. (1992-93): 2819 – G. Knudsen

256 St.tid. (1996-97): 3442 – H.-M. Solberg

257 St.tid. (1996-97): 3434 – A. Gabrielsen

«[M]an er overhodet ikke villig til å se på argumentasjonen, det ser flertallet i denne sal med sin nedlatende besserwisser-holdning helt bort fra. Dermed er det de som er ansvarlige for tragediene.»²⁵⁸

Dette var likevel etter at Gabrielsen og andre hadde talt, og kan ikkje ha fungert som utløysande årsak for karakteriseringa - snarare har nok eventuell slik påverking gått den andre vegen.

Det kan leggast til at FrP-representantane Alvheim og Ytterhorn i seinare debattar om metadon- og om tvangsbehandling blei konfronterte med Gundersen sin interpellasjon gjennom retoriske spørsmål om kor opptekne FrP eigentleg var av å gjere noko med narkotikaproblemet. Dette var likevel ikkje noko vedvarande trekk ved ordskiftet.

På den andre sida er det viktig å merke seg særleg eit spørjetimespørsmål i 1995-96-årgangen der Gundersen på nytt tok opp skilnadene mellom Noreg og Amsterdam, mellom anna om dei offisielle tala som indikerte lægre overgang frå cannabis til «hardare stoff», som følgje av at marknadene var skilde frå kvarandre. Statsråden, Grete Faremo, svarte at ho hadde hørt at det sto folk og selde heroin utanfor cannabis-kaféane, og at ein dimed fekk «netttopp den blandingen av harde og milde stoff som Gundersen og jeg er opprett av å hindre.»²⁵⁹ Ved dette høvet var det altså ingen negativ reaksjon på Gundersen sin positive haldning til nederlandsk narkotikapolitikk. Merksemda kring det eg har kalla «apologeter» var heller ikkje stor i denne perioden. To av tre døme på slike karakteristikkar av uspesifiserte grupper som ansvars- eller kunnskapsløse kom nettopp i debattane der Gundersen og Christiansen lanserte sine forslag. Dette er sjølv sagt ikkje tilfeldig – spørsmålet er om dette er meint som indirekte korreksjon av dei avvikande synspunktene til desse representantane, eller om det er slik at debattane som følgje av desse forslaga åpnar for ein meir generell kritikk av liberale haldningar.

Som nemnt var det ingen reaksjonar på innvendingane mot tvangsinnslegging eller fengselskontroll, dei einasta andre døma frå perioden på at representantar gikk mot eit klart fleirtal. Til tross for dette, få karakteristikkar av gruppa «apologeter», og bortfallet av kritikk for samanlikningar med alkohol og tobakk, meiner eg likevel at dei til dels svært sterke reaksjonane på kritikk av den tradisjonelle norske politikken viser at det på nittitalet framleis var ein sterk tendens til fordømming av avvik frå den dominerande oppfattinga av riktig narkotikapolitikk.

258 St.tid. (1996-97): 3441 – E. C. Christiansen

259 St.tid. (1995-96): 2677 – G. Faremo

Del 6.5

Samanfattande drøfting

Eg har i det foregående vist at stereotypisering har vore eit sentralt element i biletet av aktørar og grupper med tilknytting til narkotikaproblemet, slik dei har vorte framstilte i narkotikadebatten i Stortinget. Særleg gjeld dette brukarar og seljarar av narkotika. Nokre talarar kjem inn på gråsonen mellom desse gruppene, men dei er eit svært lite mindretal, og dette skiljet blei i liten grad grunnlag for politiske tiltak. Dette gjeld i enno større grad for brukarar av ulike stoff – sjølv om tendensen til å spesifisere at ein talar om dei «hardast belasta» etter kvart gir karakteristikkane eit element av nyansering, blir brukarar i stor grad handsama som ei einskapleg gruppe sjølv i debattar om til dømes tvangsinnslegging, der ein kunne vente at eit slikt skilje ville vere aktuelt å trekke fram. I høve til det teoretiske rammeverket eg skisserte, finn eg at moral og normalitet i stor grad blir nytta i klassifiseringsprosessen, men at desse er splitta mellom dei to gruppene – normalitet er vesentleg, om ikkje dominerande, i konstruksjonen av brukarar, medan moral er dominerande i konstruksjonen av seljarar. Dette blir stadig tydelegare utover i materialet, særleg når det gjeld brukarar – moralske dommar har ein viss plass i omtala av dei i særleg første periode, men forsvinn snart heilt, medan rolla som unormale blir hengande ved dei gjennom heile kjeldematerialet, sjølv om ho aldri er like viktig som dei dominerande kjennemerka veikskap og hjelpeøyse. Rett nok finn eg ei utvikling mot at somme talarar framhever brukarar sin integritet og evne til å ta val, men dei er så få at dei i svært liten grad påverkar det endelege resultatet av analysen. Sjølv om dei seinare årgangane inneheld nokre brudd med det totale biletet, og ein altså kan tale om ei viss utvikling, er denne etter mi meining marginal. Som eg har poengert, blir brukarar framleis konstruerte som *objekt* for andre sine handlingar, anten det er seljarane som lokkar dei i fordervinga, politikarane som freistar å hjelpe dei, eller det konkrete offentlege apparatet som gjennomfører tiltaka. Parallelt med dette er tendensen til å flytte skulda ikkje berre over på dei stereotype seljarane, men også på stoffa, ein indikasjon på korleis narkotikabrukbarar har blitt oppfatta. Den store trua på tvangsinnslegging og, i dei seinare åra, LAR, illustrerer dette. Mot synspunkta til mange i behandlingsapparatet blei desse tiltaka sett på som løysingar på problemet, og ei slik oppfatning kan berre bunne i overtydinga om at viss ein kan få brukaren avvent, vil ho/han kunne returnere til eit «normalt liv», slik mange representantar uttrykte seg. Denne tendensen til å konstruere brukarar som *uskuldige* går gjennom heile materialet, og er del av ei tredeling av aktørane i problemet. Somme er på rett side, normale, gode og representantar for det ordna samfunnet, medan andre er på utsida, vonde, og nedbrytande. Politikarar og pårørande er typiske medlemmar av den første gruppa, medan seljarar og, på mange måtar, dei narkotiske stoffa sjølve, representerer den andre. Brukarane får ein plass i midten, som objekt for kampen mellom desse gruppene – med eit uttrykk frå

sosialantropologien er dei *liminale*, grensetilfelle.

Parallelt med konstruksjonen av seljarar og brukarar blir altså stereotype bilete av andre grupper viktige for å forstå ordskiftet. Politikarane konstruerer jamnt over seg sjølv som kontrast til brukarar og seljarar. Sjølv der dei kritiserer seg sjølv eller kvarandre, går denne kritikken inn i eit generelt bilete av ansvar, kunnskap og omsorg. Ein kan sjå dette som ei innvending mot påstanden om at stereotypiseringa er ein del av klassifiseringa av avvikarar, men på den andre sida er ein stereotyp framstilling av *det normale* naudsynt som nettopp kontrast til *det unormale*. Utan ein klart definierbar normalitet blir konstruksjonen av det unormale umogleg.

Som ein kunne vente er tendensen til stereotypisering sterkest i den tidlege delen av kjeldematerialet, men er tydeleg heilt fram til århundreskiftet. Foreldre/pårørande er eit unntak frå denne regelen – dei tendensane til å klandre dei for barna sine problem som gjer biletet av dei litt nyansert i dei tidlege åra, forsvinn etter kvart, og den pårørande som offer (rett nok med viktig kunnskap og erfaring) står uutfordra tilbake. Dette er det kanskje naturleg å sjå som eit resultat av ein noko lægre grad av moralisering i ordskiftet i dei seinare delane av materialet, og for dei meir alvorlege problema denne gruppa blei utsett for etter kvart som ordskiftet dreier seg meir om misbruk av heroin og andre «hardare stoff».

Desse konstruksjonane har vore svært vesentlege i utforminga av narkotikapolitikken. Dette kjem fram ikkje berre ved at sjølvé karakteristikkane av brukarar og seljarar har vore dei viktigaste direkte grunngivingane for forslag om politiske tiltak, men òg gjennom den vantande interessa for andre tilnærmingar til misbruksproblemet som representantane gir uttrykk for i omtale av danske politikarar og av fagfolk med avvikande synspunkt. Som eg peikte på kan ein òg sjå dette indirekte gjennom kva for politikk som blei vedteke – til dømes tvangsbehandling og LAR. Insisteringa på høge strafferammer, trass i vesentlege innvendingar frå høyingsinstansar og eit fåtal stortingsrepresentantar, er òg del av dette mønsteret – anten ein ser det som motivert av ønsket om å kunne gi ein passe sviande straff, eller som haldnings- og symbolskapande tiltak, byggjer det på tanken om at dei som blir råka av straff for narkotikabrottsverk *fortener* desse strenge straffene. Dei argumenta mot straffeskjerping som var populære på midten av søttitalet nyanserte dette biletet, men som eg har vist var det få som heldt på dei i særleg lang tid. Dei tilsvarande få motforestillingane mot skjerpa kontrolltiltak i fengsla styrker etter mi meinig dette synet. Dei einaste vesentlege tiltaka som ikkje er direkte baserte på stereotype karakteristikkar er slik sett dei sosialpolitiske og forebyggande tiltaka, som, sjølv om dei i stor grad var følgje av eit syn på narkotikabrukarrar som i alle fall ikkje er i konflikt med stereotypien, hadde ein basis i vitskaplege

undersøkingar av bakgrunnen til faktiske brukarar.

Denne typen grunnlag for framlegg til politikk er ellers sjeldan i nesten heile materialet.

Karakteristikkar er i dei fleste tilfella langt viktigare som grunngiving enn faktapåstandar, og i den grad slike påstandar blir nytta, er dei i liten grad belagte med henvising til kjelde, og ofte svært vase. Her finst det likevel nokre vesentlege unntak, som den nemnde sosialpolitiske orienteringa. Viktigast er likevel LAR- og sprøyteromsdebattane mot slutten av det undersøkte materialet, ikkje berre fordi representantane i desse refererer til forsking og konkrete erfaringar i større grad enn i nokon annan debatt, men òg fordi dei kan sjå ut til å representere ei utvikling mot meir kunnskapsbasert argumentasjon. På mange måtar kan ein seie at dei er det foreløpige sluttpunktet i ein prosess mot større usemje om narkotikapolitikken – om ikkje usemje om dei grunnleggjande definisjonane, så i alle fall om konkrete strategiar – som tok til på søttitalet og er til stades i debattar om både tvangsinnslegging og avlytting. Eg har vist korleis ulike synspunkt har ført til meir variert og grundig argumentasjon, medan debattane med størst semje er prega av lite avanserte resonnementer og svært eindimensjonale forståingar av både narkotikaproblemet og moglege tilnæmingar til det. Det er likevel naudsynt å peike på den selektive bruken av fakta sjølv i dei nemnde LAR-debattane – forsking og erfaringar blir i stor grad trekt fram når det passar til politikken stortingsrepresentantane ønskjer. Dette har vore eit vedvarande trekk ved ordskiftet frå dei mange (om uetterrettelege) døma på vellukka straffepolitikk i andre land som ble trekt fram på på seksti- og søttitalet, via den sterke vektlegginga av negative utviklingstrekk på søtti- og åttitalet, til debattane om LAR på nittitalet. Her er det verdt å nemne haldninga til fagleg ekspertise, slik ho kjem til uttrykk i materialet. Som med faktapåstandar har fagkunnskap blitt nytta svært selektivt, som karakteriseringa av denne gruppa klart har vist, og som dessutan er tydeleg i både LAR- og tvangsbehandlingsdebattane på nittitalet, slik eg viste tidlegare. Nokre særslig unntak endrar ikkje det totale inntrykket av eit politisk saksfelt der representantane sin tru på det riktige i deira eiga forståing har ført til eit svært svakt kunnskapsgrunnlag for heile ordskiftet.

Eg har dessutan vist at mange viktige perspektiv har vore därleg representerte i debatten.

Argumenttypane Dag Stenvoll kalla «realistiske problemdefinisjonar», «liten eller ingen effekt» og «utilskikta konsekvensar» er relativt uvanlege i drøftinga av narkotikapolitiske tiltak. Her har det likevel vore ei viss utvikling. I første periode, fram til 1976, var slike innvendingar nesten ikkje til stades i materialet overhovudet. Dette endra seg på slutten av søttitalet, men det var framleis ein klar minoritet av talarane som trakk fram problematiske konsekvensar av politikken, eller stilte spørsmål ved i kva grad han var vellukka, og desse blei markert færre utover i perioden fram til 1984. Heller ikkje HIV/aids-problemet førte med seg slik vurdering, unntek eitt spørjetimesvar på

spørsmål om sprøyteutdeling. Berre i dei saksspesifikke debattane om avlytting og tvangsinnsnelling blei slike argument ein vesentleg del av ordskiftet før spørsmålet om metadon- og subutex-behandling blei dominerande. At desse innvendingane var klart mest vanlege i debattane om avlytting, medan dei var svært sjeldne i debattar om kontroll i fengsel, har eg alt vore inne på, og konkludert med at synet på dei som blei eller kunne bli råka av tiltaka ser ut til å ha vore viktig for graden av kompleksitet i argumentasjonen. Her, som ellers i ordskiftet, måtte det ei kraftig auke i overdosedødsfall til før drøftinga av narkotikaspørsmålet blei vesentleg meir enn det Hakkainen, Jetsu og Skretting kalla «a veritable show-off of the unanimous national agreement about the definition of Norwegian drug policy».²⁶⁰

Sjølv om dei nyss siterte forfattarane uttalte seg om berre ein enkelt stortingsdebatt,²⁶¹ er det lett å seie seg samd med dei i at det har vore særslig brei semje om mykje av den norske narkotikapolitikken, og om konstruksjonen og definisjonen av problemet og av aktørane. Som eg gav uttrykk for i oppsummeringa av tilhøvet mellom faktapåstandar, fagkunnskap og politikk, ser eg på denne semja som mykje av årsaka til at ordskiftet om narkotikapolitikken har vore så fattig på vitskapleg produsert kunnskap, og det same gjeld for den relative mangelen på kritiske innvendingar og på vurdering av kva effekt politikken har hatt. Eg vil, som eg nemnde i innleiinga til denne oppgåva, argumentere for at konstruksjonen av narkotikaproblemet som eit problem med *avvikande åtferd* har vore ein viktig del av grunnlaget for denne semja. Som eg var inne på over kan ein sjå denne konstruksjonen som årsak til at politikarane sjølve har blitt konstruerte som det stereotyp normalte og gode. Semje om problemdefinisjonen er avgjerande for denne konstruksjonen – viss politikarane hadde vore usamde ville dei liten grad kunne fungere som eit typisk normalt korrektiv, og rolla som representantar for "heile" det norske folket, som gir kraft til forestillinga om normalitet, ville ikkje vore mogleg. Svært mange representantar poengterte òg kor viktig denne semja var, fordi ho sendte ut eit signal om korleis ein burde sjå på narkotikabruk. Dette har òg gitt seg uttrykk i at representantar som har uttrykt avvikande synsmåtar har blitt kritiserte eller i alle fall minna om det viktige i å presentere ein samla front mot misbruket. Berre i eit fåtal tilfelle har slike avvikande synsmåtar passert utan reaksjon, og jo meir avvikande synspunkt, jo skarpere kritikk. Dette er del av det eg i den teoretiske bakgrunnen for oppgåva kalla *grensemarkering*. Sjølv om terskelen for å bli utsett for slik markering blei noko høgare gjennom materialet – mest tydeleg ved aksept for samanlikningar med alkoholbruk – er det påfallande kor ofte, og nokre gonger kor skarpt, det har blitt reagert mot representantar med klart alternativ forståing av problemet. Ein kan sjå den manglande korrigeringa av mindretalet i -84-debatten om straffeskjerping og i to debattar om

260 Hakkainen et. al. (red.) (1996): 106

261 Debatten i etterkant av stortingsmeldinga for 1986

kontroll i fengsel,²⁶² samt den noko breiare motstanden mot straffeheving på slutten av søttitalet som innvendingar mot dette synet, men ellers vil eg hevde at det har vore ein jamn tendens til slik korrigering. Ein kan sjølvsagt innvende at eg har satt terskelen for kva som skal telje som korreksjon for lågt, og berre ei samanliknande undersøking av stortingsdebattar om andre saker kan avgjere kva som er vanleg politisk retorikk og kva som må reknast som uvanleg sterke reaksjonar. Likevel er det nok døme på dette fenomenet til at eg, inntil ei slik undersøking eventuelt kan avsanne det, vil påstå at det finst godt grunnlag for å hevde at grensemarkeringa har vore eit reelt fenomen i ordskiftet om narkotika. Dei mange krasse karakteristikkane av avvikande synsmåter frå fagfolk og andre grupper utanfor stortingssalen tener etter mitt syn til å underbygge denne påstanden. At grensemarkering har vore viktig i ordskiftet, tyder likevel ikkje at semja er resultat av at representantar har latt seg presse, og difor har undertrykt sine "eigentlege" meininger. Eg ser på det som eit uttrykk for kor viktig semja har vore for det store fleirtalet av representantar, og kor sjokkerande dei har opplevd det når nokon har presentert alternative synsmåtar. Ein kan innvende at dette er ein naturleg reaksjon på eit alvorleg problem, som ikkje treng ha noka meir grunnleggande forklaring. Eg meiner imidlertid at eg i denne undersøkinga har underbygd ei tolking av narkotikadebatten som symbolsk praksis så godt at tilnærminga bør reknast som eit vesentleg perspektiv.

7.0 Konklusjon

I kapittel fire av denne oppgåva formulerte eg to påstandar om den narkotikapolitiske debatten i Stortinget:

Ordskiftet om narkotikapolitikk har vore prega av eit dommande og stereotypiserande syn på narkotikabruk, -brukarar og andre grupper som aksepterer slik bruk, i motsetning til grupper som er motstandarar av narkotikabruk.

Ordskiftet om narkotikapolitikk blir ein arena for gjentakande markering av dette dommande synet, og av grensene mellom normalt og avvikande, snarare enn for argumentasjon basert på vitskaplege konstruksjonar av problemet, medan kunnskap og argument som ikkje støtter den rådande politikken blir avfeid eller oversett.

Eg har gjennom analyse av språkbruk og argumentasjon vist at stereotype framstillingar av aktørane

i narkotikaproblemet har dominert debattane om det i Stortinget. Desse framstillingane har vore vesentlege for utforminga av politikken, og har dominert ordskiftet i den grad at vitskaplege konstruksjonar av problemet har spelt ei underordna rolle, både ved å vere svakt representert og svært selektivt brukt i argumentasjonen for praktisk politikk. Denne politikken har i liten grad blitt gjenstand for kritisk drøfting, og freistnader på slik drøfting, eller på å fremme alternative oppfattingar, har blitt ignorerte eller kritiserte. Eg reknar difor påstandane mine som stadfesta.

8.0 Avsluttande merknader

Sidan eg tok fatt på dette prosjektet har mangt skjedd i narkotikadebatten. Stoltenberg-utvalet har komme med si innstilling til framtidig norsk narkotikapolitikk, og hausta kritikk frå ymse hald. Professor Willy Pedersen har gått ut i media og argumentert for oppmjuking av narkotikalovgivinga, i alle fall for cannabis, særleg om han er eigenprodusert – og har møtt mykje motbør. Stortingsrepresentant Bård-Vegar Soljhell har stilt seg åpen for ei tilsvarende oppmjuking, og har fått hovudsakleg negativ respons. Dei siste månadane har Bergens Tidende sett fokus på «narkotikabyen Bergen», og debatten har gått om korleis tilbodet til dei lokale narkotikabrukarane skal organiserast. Eg har vore så oppteken med arbeidet at desse, og sikkert mange andre døme på dagens norske narkotikadebatt, har glidd forbi utan å gjere noko stort inntrykk. Eg trur likevel at det er mangt å gjere før ordskiftet om denne saka når eit nivå som høver ei meiningsutveksling om eit så viktig og alvorleg problem som misbruk av narkotika (og alkohol, som sjølvsagt framleis er det største problemet her i landet) er for mange menneske, anten det gjeld deira eigen bruk, familie eller vene sin bruk, sprøytespissar i den lokale parken eller "berre" enkel vinningskriminalitet.

Eg trur ikkje at denne oppgåva kjem til å bli noko vesentleg bidrag til dette. Eg vonar likevel at ho ikkje blir ståande heilt ulest, eller i det minste at ho ikkje blir ståande som eit kuriøst bidrag til forskinga på eit felt få finn det verdt å setje seg inn i, og eg vil difor ta meg bryet med å peike på nokre interessante spørsmål som kan auke kunnskapen om korleis det blir talt og skrive om narkotikaproblemet.

For det første ville ei samanlikning med ulike ordskifte om andre politiske saksfelt kunne seie mykje om i kva grad dei resultata eg har komme til er unike for dette feltet. Særleg interessant ville det etter mi meining vere å sjå etter andre politiske saker der semja har vore noko nær like omfattande som i narkotikaspørsmålet, ettersom eg har sett det slik at denne semja har vore eit

vesentleg hinder for grundig debatt. Andre saker med andre likskapar kunne avdekkje andre trekk – til dømes kunne ein samanlikne med innvandringsdebatt, der spørsmål om relasjonen til det ukjente, skremmende og/eller vanskeleg forståelege kunne bli belyst. Ei grundig undersøking av skilnader og likskapar mellom alkohol- og narkotikapolitisk debatt ville òg vere på sin plass – av mange perspektiv eg opprinneleg ønskte å inkludere i denne undersøkinga, og som har falle bort underveis fordi prosjektet blei for omfattande, er dette eit av dei eg var mest lei for å kutte. Samanlikning med presumptivt heilt ulike saker ville på andre sida kunne bidra til forståinga av politisk argumentasjon i eit større perspektiv – spesielt meiner eg det ville vere av stor interesse å få klarlagt i kva grad kritikk av andre representantar er vanleg og kor krass slik kritikk kan bli før det går ut over grensene for det som er vanleg, slik eg peikte på i slutten av kapittel seks.

Eg inkluderte, som eg har nemnt, ikkje budsjettdebattar i denne undersøkinga. Ei nærmare studie av desse er etter mi meining vesentleg for å forstå den totale narkotikadebatten i Stortinget – finst det viktige skilnader mellom dei spesifikke narkotikadebattane og budsjettdebattane? Mykje av den partipolitiske markeringa mot slutten av den perioden eg har undersøkt her gikk ut på spørsmålet om løyvingar, om kven som hadde brukt eller ville bruke middel på ulike narkotikapolitiske tiltak, og kven som ikkje hadde brukt nok eller ville bruke nok. Ei undersøking meir direkte innretta mot den praktiske politikken kunne bidra med forståing av i kva grad narkotikapolitikk har blitt brukt som arena for markering av ulike politiske linjer – eg har vore innom skilnaden på den sosialpolitiske og den justispolitiske konstruksjonen av problemet.

Frå den språklege vinkelen kan det tenkjast mange andre tilnærmingar enn den eg har valt. Eg har alt peikt på korleis det fleirtydige i ord og uttrykk kunne vore eit interessant bidrag, og det er òg stort rom for utforskinga av metaforbruk, noko eg hadde planar om å inkludere, men som eg av plassomsyn måtte gi opp. Utviklinga mot teknifisering av språket er interessant både i narkotikadebatten og generelt, og kunne òg vore emne for ei samanliknande undersøking.

Det eg først og fremst saknar er likevel ei undersøking av relasjonane mellom ordskiftet i Stortinget og det meir generelle, offentlege ordskiftet. Kor oppstår ulike tolkingar eller konstruksjonar? I kva grad har til dømes media vore premissleverandørar for den politiske debatten? I kva grad samsvarar daglegtale om narkotikaproblemet med politikarane sin retorikk? Og korleis skiljer slike relasjoner i Noreg seg frå dei i andre land? Det er knapt nokon ende på innfallsvinklane, og emnet er sanneleg viktig nok til at det fortener merksemd.

9.0 Kjelder og litteratur

9.1 Kjelder

Dei norske stortingsforhandlingane, årgangane 1965-66 til 2000-2001. For spesifiserte henvisingar til bind og sidetal, sjå fotnoter. Oversyn over dei viktigaste debattane følgjer i vedlegget.

9.2 Litteratur

- Becker, Howard, 1963, *Outsiders. Studies in the Sociology of Deviance*, New York: The Free Press
- Best, Joel, «Constructionism in context» i Best, Joel (red.), 1995, *Images of issues: Typifying contemporary social problems*, New York: Aldine de Gruyter
- Bruun, Kettil og Christie, Nils, 2003, *Den gode fiende*, Oslo: Universitetsforlaget
- Bødal, Kåre, «Straffenivået i narkotikasaker», i Waal, Helge og Middelthon, Anne-Lise (red.), 1992, *Narkotikaforebygging mot år 2000*, Oslo: Universitetsforlaget
- Bødal, Kåre og Fridhov, Inger Marie, 1989, *Straff som fortjent?*, Oslo: Kriminalomsorgsavdelingen, Justisdepartementet
- Christie, Nils, 1960, *Tvangsarbeid og alkoholbruk*, Oslo: Universitetsforlaget
- Cohen, Stanley, 1972, *Folk Devils and Moral Panics. The Creation of the Mods and Rockers*, London: MacGibbon & Kee
- Douglas, Mary, 1996, *Purity and danger. An analysis of the concepts of pollution and taboo*, London: Routledge
- Fjær, Svanhild, 2005, «Ubehaget i enigheten», i *Arr – idéhistorisk tidsskrift*, 1-2/2005
- Fjær Svanhild, 2008, *Nordisk samfunnsvitenskapelig forskning om alkohol og narkotika: Utviklingstrekk og endringer i alliansen mellom kunnskapsproduksjon og politikk*, Bergen: Stein Rokkan senter for flerfaglige studier
- Foucault, Michel, 1999, *Galskapens historie*, Oslo: Gyldendal
- Foucault, Michel, 2001, *Overvåkning og straff*, Oslo: Gyldendal
- Garland, David, 1990, *Punishment and Modern Society: A Study in Social Theory*, Chicago: University of Chicago Press
- Gilhus, Ingvild S. og Mikaelsson, Lisbeth, 2001, *Nytt blikk på religion*, Oslo: Pax Forlag A/S
- Green, Anna og Troup, Kathleen (red.), *The Houses of History*, Manchester: Manchester University

Press

- Goffman, Erving, 2000, *Stigma. Om afvigerens sociale identitet*, 2000, Gyldendals samfundsbibliotek
- Goode, E. & Ben-Yehuda, N., 1994, *Moral panics. The social construction of deviance*, Cambridge, USA: Blackwell
- Goode, Erich, 2011, *Deviant behavior*, Upper Saddle River, NJ: Prentice Hall
- Gusfield, Joseph, 1981, *The Culture of Public Problems*, Chicago: University of Chicago Press
- Hakkarainen, Jetsu og Skretting, «Arguing Drug Policies in Nordic Parliaments» i Hakkarainen, Laursen og Tigerstedt (red.), 1996, *Discussing Drugs and Control Policy in Four Nordic Countries*, Helsinki: NAD
- Hauge, Ragnar, 1996, *Straffens begrunnelser*, Oslo: Universitetsforlaget
- Hauge, Ragnar, «Norsk narkotikapolitikk – en beskrivelse og vurdering», i Waal, Helge og Middelthon, Anne-Lise (red.), 1992, *Narkotikaforebygging mot år 2000*, Oslo: Universitetsforlaget
- Hauge, Ragnar, 1989, *Fra opiumskrig til legemiddelkontroll: internasjonal regulering av psykoaktive stoffer*, Oslo: Rusmiddeldirektoratet
- Henriksen, Hilde P., 2007, *Den svake vilje: Idéhistoriske forutsetninger for Lov om Løsgjengeri, Betleri og Drukkenskab*, Oslo: Universitetet i Oslo
- Iggers, Georg, 2005, *Historiography in the Twentieth Century: From Scientific Objectivity to Postmodern Challenge*, Middletown: Wesleyan University Press
- Janis, Irving, 1982, *Groupthink: Psychological studies of policy decisions and fiascoes*, Boston: Houghton Mifflin
- Jenkins, Richard, 1992, *Towards a New Perspective in the Study of Deviance*, Århus: Center for Kulturforskning v/Aarhus Universitet
- Johnsen, Kåre, Slåttelid, Rasmus, og Ågotnes, Knut, 2006, *Språk og argumentasjon i humaniora*, Bergen: Universitetet i Bergen
- Jørgensen, Marianne Winther og Phillips, Louise, 1999, *Diskursanalyse som teori og metode*, Roskilde: Roskilde Universitetsforlag
- Lind, Britt Bergesen, 1971, *Utviklingen av norsk narkotikapolitikk*, Oslo: Statens Institutt for rusmiddelforskning
- Lind, Britt Bergesen, 1974, *Narkotikakonflikten*, Oslo: Gyldendal
- Lindgren, Sven-Åke, 1993, *Den hotfulla njutningen. Att etablera drogbruk som samhällsproblem 1890-1970*, Stockholm/Stehag: Symposion Graduale
- Olsson, Börje, 1994, *Narkotikaproblemet bakgrund : användning av och uppfattningar om narkotika inom svensk medicin 1839-1965*, Stockholm: Centralförbundet för alkohol och

narkotikaupplysning

Pontell, Henry N. (red.), 2005, *Social Deviance. Readings in Theory and Research*, New Jersey: Pearson

Reinarman, Craig, og Levine Harry G., «The american drug scare of the 1980s», i Best, Joel (red.), 1995, *Images of issues: Typifying contemporary social problems*, New York: Aldine de Gruyter

Reinarman, Craig og Levine, Harry G., 1997, *Crack in America: Demon drugs and social justice*, London: University of California Press

Skog, Ole-Jørgen, «Utviklingen av det norske narkotikaproblemet», i Waal, Helge og Middelthon, Anne-Lise (red.), 1992, *Narkotikaforebygging mot år 2000*, Oslo: Universitetsforlaget

Stenvoll, Dag, 2003, *Politisk argumentasjon. En analyse av norske stortingsdebatter om seksualitet og reproduksjon 1945-2001*, Bergen: Stein Rokkan senter for flerfaglige samfunnstudier

Storgaard, Lau Laursen, 2000, *Konstruktionen av dansk narkotika kontrolpolitik siden 1965*, København: Jurist- og Økonomforbundets forlag

Timme Hansen, Morten, 1988, *Narkotika – utviklingen i det formelle kontrollsystemet fra 1960-årene*, Oslo: Institutt for kriminologi og strafferett

Tops, Dolf, 2001, *A society with or without drugs?*, Lund: Socialhögskolan, Lunds Universitet

Valberg, Aksel, «Rusmidler i norske aviser», i Waal, Helge og Middelthon, Anne-Lise (red.), 1992, *Narkotikaforebygging mot år 2000*, Oslo: Universitetsforlaget

Vaughn, Michael, et. al., 1995, «Drug abuse and anti-drug policy in Japan. Past and Future Directions», i *The British Journal of Criminology Vol. 35 No. 4*

Young, Jock, 1972, *The drugtakers. The social meaning of drug use*, London: Paladin

Winsløw, Jacob Hilden, 1984, *Narreskibet : en rejse i stofmisbrugerens selskab fra centrum til perifiri af det danske samfund*, Holte: Socpol

9.0 Vedlegg:

Tabellar

9.1 Om tabellane

Eg har i desse tabellane, og følgeleg i oppgåva generelt, analysert kvar debatt for seg, heller enn å analysere ulike årgangar. For det første meiner eg at dette gir leseren sjansen til å sjå på ulike typar debattar kvar for seg og samanlikne dei, sjølv om eg nokre gonger, for å spare plass, har slått svært små debattar saman med større. Det er likevel mogleg å gjere slike samanlikningar, som eg meiner er god nok grunn til å handsame debattane for seg. I tillegg er det nokre årgangar som inneheld mange debattar, og nokre utan. Dette gjer årgangar til ein lite brukbar form for inndeling.

Grunngiving er, ulikt karakterisering, svært vanskeleg å framstille detaljert i tabellar. Ein ideell tabell, som kunne vise korleis argumenta for eller mot ulike tiltak utvikla seg gjennom ein periode, ville krevje tre aksar – for sak, argument og debatt – og er av innlysande grunnar umogleg. Berre ein plass (for/mot straffeskjerping i periode 2) har eg satt opp ein tabell som viser utvikling i tid gjennom ein periode, men dette er meir for å kunne sjå på kompleksiteten i argumenta enn for å vise endringa over tid, sjølv om dette òg er ein av grunnane. I den grad slik utvikling er merkbar og vesentleg for forståinga av ordskiftet, vil eg komme inn på dette i teksten.

Eg har dessutan plassert spørjetimespørsmåla for seg. Slike spørsmål er ein annan sjanger, ein annan form for tale enn debattane, med grunnleggande skilnader – spørsmåla tek opp konkrete saker, klargjer og presiserer, medan debattane dreier seg meir om generell politikk, prinsipielle spørsmål og om å gi uttrykk for partia og representantane sine synspunkt på narkotika som samfunnsproblem. Ein negativ følgje av dette er at det blir vanskelegare å gi eit godt bilet av grunngivingar for politikkforslag fremma i slike spørsmål – det ville nok ein gong krevje ein tredimensjonal tabell – og desse er difor ikkje framstilte i tabellform. Konkrete forslag om politikk er likevel sjeldne i denne delen av materialet, og kan, som utvikling i tid innan ein periode, handsamast betre i teksten.

Eg vil òg presisere at sjølv om eg har freista å få med mange detaljar frå ordskiftet, er ikkje alle framlegg til politikk inkluderte i tabellane. Utvalet er her gjort på dels kvalitativt, dels kvantitativt, grunnlag. Nokre få forslag er både få, lite relevante for analysen, lite spesifikke, og difor vanskelege å subsummere under dei større kategoriane – til dømes forslag om å inkludere foreldre i arbeidet

mot narkotika eller å utarbeide ein kriseplan om handteringa av misbruket. Slike forslag har eg ikkje funnet det naudsynt å inkludere.

Til slutt vil eg nok ein gong peike på at desse tala ikkje må oppfattast som nøyaktige eller "sanne" i nokon bokstavleg tyding. Dei er resultat av kvalitative vurderingar, og er meint å gjere analysen lettare tilgjengeleg for ein leesar, ikkje å gi inntrykk av ambisjonar om matematisk presisjon eller objektiv framstilling av narkotikadebatten.

(Tabellar følgjer vedlagt som eigne filar – Vedlegg 1 og Vedlegg 2)